


FOR EIN NEVE DOLLAR:

Effekten av korruption på respekten for menneske sin fysiske integritet

Masteroppgåve
Bjarte Undertun



Institutt for samanliknande politikk

Universitetet i Bergen

Mai 2009

Abstract

This thesis focuses on the link between corruption and governmental respect for the particular type of human rights termed as physical integrity rights. The research question is two-fold: First, what effect does corruption have on governments' respect for physical integrity rights? Second, does this effect depend on the character of the political regime?

The thesis takes a Principal-Agent perspective (PAT) to analyze violations of people's physical integrity. Existing theoretical models explaining physical oppression are too concerned with the regime as a single, rational actor, whilst PAT takes account for the fact that corruption takes place between different layers within the state system. In this perspective, any state agent with the capacity of violence is a potential violator.

The argument is that corruption increases the probability of physical oppression in two ways. First, by affecting the agents' incentives, so that abuse of power (and hence violence) is considered profitable. Second, by reducing the mechanisms of accountability that restrains the agents. Also, these mechanisms can be regime dependent. Since democratic regimes are essentially protectors of rights, the effect of corruption will always be negative. Authoritarian regimes, on the other hand, are repressive in nature. The effect of corruption in these regimes can therefore be expected to be less significant and even positive, as it reduces the regimes capacity of repression.

The arguments are tested in a cross-country multiple regression analysis, also applying interaction models to check for regime dependency. The sample consists of 161 countries for the year 2006. To measure the dependent variable, I use The Cingranelli-Richards (CIRI) Human Rights Dataset physical integrity index. Corruption is measured by the Transparency International's Corruption Perception Index. Democracy is measured using data from Freedom House and Polity IV.

The results show that corruption has a statistically significant negative effect on the respect for physical integrity rights, and that this effect is not dependent on the type of regime. Thus, support is found for the argument that corruption increase the chance of physical oppression, though this do not vary between democratic and authoritarian regimes.

Forord

Når dette prosjektet er vorte til ei masteroppgåve, er det fleire eg skuldar ei takk. Først vil eg nemne min rettleiar ved Institutt for samanliknande politikk, professor Lars G Svåsand, som gjennom konkrete innspel har gjeve arbeidet retning, når det elles kunne synast ute av kurs. Ved instituttet vil eg også takke deltakarane i forskingsgruppa ”Comparative Democratization” for råd, vink og kritikk. Ei særskild takk til professorane Lise Rakner og Gunnar Grendstad for hjelp med høvesvis problemstilling og metodikk.

Studentmiljøet på Sofie Lindstrøms hus har gjort arbeidet både lettare og kjekkare, akademisk som sosialt. Eg vil særleg takke Marte, Jorun, Ingrid, Christer, Ole Jakob og ikkje minst Martin for konkrete innspel og kritikk. Dette ville vore tyngre aleine.

Ei takk går også til min gode nabo Synnøve Sørdal, for gjennomlesing og ein oppstrammar i høve til det nynorske skriftspråket. Ei takk til familien er vel også på sin plass, for ein stad å komme heim og ete godt og sove godt, i periodar der bylivet vart for stridt.

Til slutt vil eg takke stiftinga Fritt Ord for stipendet eg fekk til dette arbeidet. Dette har gjort det mogleg å rette all merksemd mot oppgåva det siste semesteret.

Innhald

Abstract	3
Forord.....	4
Innhald	5
Liste over tabellar og figurar	7
Tabellar:	7
Figurar:	7
1 Innleieing.....	8
1.1 Problemstilling	9
1.2 Kva er fysisk integritet?	10
1.3 Treng vi undersøke korruption som forklaring?	11
1.4 Verknaden av korruption	13
1.5 Regimeavhengig likevel?	15
1.6 Metode og data	15
1.7 Korleis oppgåva er lagt opp	17
2 Menneskerettar – Historie, juss og realisering.....	18
2.1. Menneskerettar i historisk-filosofisk kontekst	18
2.1.1 <i>Ideen om universelle menneskerettar</i>	19
2.2 Menneskerettar som juridisk omgrep	21
2.3 Realisering av menneskerettar.....	23
2.2.1 <i>Modellar for fysisk undertrykking</i>	24
2.2.2 <i>Forklaringsvariablar</i>	26
2.2.3 <i>Er perspektivet dekkande?</i>	31
3 Korruption.....	33
3.1 Kva tyder omgrepet?	33
3.1.1 <i>Overgangen til det moderne</i>	33
3.1.2 <i>Definisjonar</i>	35
3.1.3 <i>Ei Prinsipal – Agenttilnærming</i>	37
3.2 Årsaker til korruption.....	39
3.2.1 <i>"Power corrupts... "</i>	40
3.3 Konsekvensar av korruption	43
3.3.1 <i>Økonomiske konsekvensar</i>	43
3.3.2 <i>Politiske konsekvensar</i>	44
4 Korleis påverkar korruption respekten for fysisk integritet?	47
4.1 Korruption som hinder for einkvar rett.....	47
4.2 Korruption og retten til fysisk integritet	49
4.2.1 <i>Teorien om rovdyrpolit</i>	49
4.2.2 <i>Rovdyrstatar</i>	51
4.2.3 <i>Korruption i institusjonar utan valdskapasitet</i>	53
4.3 Er effekten regimeavhengig?	55
4.4 Oppsummering av teorien	58
5 Metode og data	59
5.1 Kvantitativ metode	59
5.1.1 <i>Grunnjeving av metode</i>	59
5.1.2 <i>Kva skal gjerast?</i>	61
5.1.3 <i>Statistiske mål</i>	63
5.2 Datakjelder	64
5.2.1 <i>Å måle fysisk integritet</i>	65
5.2.2 <i>Avhengig variabel: CIRI fysisk integritet</i>	66
5.2.3 <i>Forklaringsvariabelen korruption</i>	67

5.2.4 Demokrati – Freedom House og Polity.....	70
5.2.5 Andre forklaringsvariabler	71
5.3 Utval – 161 land	73
6 Analyser og resultat	75
6.1 Univariate analyser.....	75
6.1.1 Deskriptiv gransking av variablar	75
6.1.2 Fysisk integritet: kontroll av indeks	77
6.1.3 Korrasjon og fysisk integritet per verdsdel	78
6.2 Bivariate analyser	79
6.2.1 Korrelasjon mellom forklaringsvariablar	79
6.2.2 Bivariat regresjonsanalyse.....	79
6.3 Multivariate analyser.....	80
6.3.1 Regresjonsmodellar.....	80
6.3.2 Interaksjonsmodellar.....	86
6.3.3 Føresetnader for regresjonsanalyse.....	90
6.4 Drøfting av resultat.....	90
6.4.1 Test av hypotesar.....	91
7 Avsluttande diskusjon og frampeik	94
7.1 Konklusjon	94
7.2 Samfunnsmessige implikasjoner	94
7.3 Forskingsmessige implikasjoner	95
Referansar	98
Appendiks	108

Liste over tabellar og figurar

Tabellar:

Tabell 1.1	Dei tre minst og tre mest korrupte statane	12
Tabell 1.2	Korrupsjon og menneskerettar	13
Tabell 2.1	Modellar for fysisk undertrykking	26
Tabell 3.1	Årsaker og konsekvensar av korrupsjon	46
Tabell 4.1	Politimodellar	50
Tabell 5.1	Ulike målingar av menneskerettar (MR)	65
Tabell 6.1	Deskriptiv statistikk	75
Tabell 6.2	Mokken skalaanalyse av fysisk integritet	77
Tabell 6.3	Fysisk integritet og korrupsjon per verdsdel	78
Tabell 6.4	Bivariate analyser	80
Tabell 6.5	Modell I	81
Tabell 6.6	Modell II	82
Tabell 6.7	Modell III	82
Tabell 6.8	Modell IV. Korrupsjon er inkludert	83
Tabell 6.9	Modell V. Endeleg regresjonsmodell	84
Tabell 6.10	Interaksjonsmodell I – demokrati eller ikkje	86
Tabell 6.11	Interaksjonsmodell II – Konsolidert autokrati eller ikkje	89
Tabell 6.12	Oppsummering av resultat	90
Tabell 7.1	Interaksjonsmodellar i denne undersøkinga	97
Tabell 7.2	Moglege interaksjonseffektar	97

Figurar:

Figur 1.1	Oppgåva sitt design	16
Figur 2.1	Den juridiske menneskeretsrelasjonen	22
Figur 3.1	Korrupsjon som agentkostnad	38
Figur 4.1	Menneskeretsrelasjonen i eit korrupt system	48
Figur 6.1	Interaksjonsmodell I – Demokrati og ikkje-demokrati	88
Figur 6.2	Interaksjonsmodell II – Konsolidert autokrati eller ikkje	89

1 Innleiing

The New York Times melde dette, den 20. november, 1987:

“What the judicial authorities describe as a kidnapping-for-ransom network within the Argentine federal police force has come to light with the discovery in recent days of the bodies of three missing businessmen” (Christian, 1987).

Saka gjeld ein fraksjon av det argentinske politiet som tilsynelatande dreiv organisert kriminalitet. Dei nyttar si makt til å tene pengar, noko som i dette tilfelle enda med drap på tre sivile. Vi ventar noko anna av politiet i ein demokratisk stat. Det skal beskytte oss, og trygge folk sine rettar, ikkje vere dei som bryt dei. Samtidig hadde Argentina i 1987 vore ein demokratisk stat i berre fire år. Før eit demokratisk regime får konsolidert seg, er kanskje ikkje alt enno som det skal vere. Perioden før 1983 var prega av vald, og forfølging av motstandarar av militærregimet (Waisman, 1989). Politiet hadde spelt ei sentral rolle i det som vert beskrive som "...a climate of unrestrained violence..." (Christian, 1987). Om vi ser på hendingar som den over som etterdønningar frå ei autoritær fortid, bør vi også vente at dette klimaet vil betre seg etter som tida går, og demokratiske prosedyrar får sett seg. Difor er det overraskande når New York Times i 2004, tjueein år etter at militærregimet fall, melder dette:

“He was a 23-year-old engineering student from a middle-class family, kidnapped one night early this year on his way to see his fiancée. Days later, while held for ransom, he managed to escape, but when neighbors alerted the police to a man running down the street calling for help, they say they were ordered back into their houses and told to mind their own business” (Rother, 2004).

Ein ny sivil er vorten bortført, og seinare drepen. Politiet er involvert, og motivet synast like klårt; privat økonomisk vinning. I same artikkelen kjem det fram at den argentinske ministeren for offentleg tryggleik, León Arslanian, referer til fenomenet som ”police corruption”, og seier det er vanleg i Argentina (Rother, 2004). At politiet missbrukar makta si for økonomisk vinning ser ikkje ut til å vere eit utelukkande argentinsk eller latinamerikansk

fenomen. Gerber og Mendelson finn at demokratiseringsprosessen i Russland har vorte underminert av det dei kallar ”predatory policing”. Omgrepet skildrar eit politi som ”...mainly use their authority to advance their own material interests rather than to fight crime or protect the interests of elites” (Gerber & Mendelson, 2008: 1).

Kva er det vi ser her? På den eine sida ser vi vitnesbyrd om korruption og vald innan politiet. Samtidig har desse historiene ein annan part. Slik aktivitet bryt folk sine menneskerettar. I dei to døma over enda det med drap, men om ikkje retten til liv hadde vorte krenka, ville bortføringane framleis ha vore krenkingar av eit menneske sin rett til fridom. Autoritære regime og ei valdeleg fortid er kjende forklaringar på kvifor fysiske overgrep mot innbyggjarane, frå myndighetene skjer (Davenport & Armstrong, 2004; Poe, 2004). Dette kan forklare den første episoden, men neppe den andre. Når den inntreff i 2004, er det såpass lenge sidan den autoritære fortida at vi bør leite etter andre forklaringar. I dette arbeidet vil eg undersøke kva verknad korruption har på respekten for menneske sine fysiske menneskerettar¹.

1.1 Problemstilling

Korruption har hatt liten plass i litteraturen om menneskerettar. Truleg endå mindre i den delen som rettar seg mot fysiske krenkingar, slik som tortur, urettmessig fengsling, forsvinningar og drap. Dei som forklarer menneskerettsbrot, undertrykking og negative sanksjonar er gjerne opptekne av forhold som demokrati og regime, krig og indre konfliktar og økonomisk velstand (Davenport & Armstrong, 2004; Poe, 2004). Samtidig veit vi om konsekvensane av korruption at det gjerne leier til mindre økonomisk vekst, større skeivfordeling, dårligare demokratisk ansvarleggjering og mindre legitimitet, samt politikkutforming som speglar dårligare det felles gode (Amundsen, 1999; Andvig, Fjeldstad, Amundsen, Sissener, & Søreide, 2001; Azfar, Lee, & Anand, 2001; Hjellum, 2007). Desse fenomena ligg slik nær kvarandre, med demokrati som ein fellesnamnar. Vi ser på menneskerettar som demokratisk trekk, eller som ein konsekvens av demokratiet (Arat, 1999; Beetham, 1999), medan korruption er udemokratisk, urettvist og ei kjelde til konflikt (Andvig

¹ Fysiske menneskerettar er ei omsetjing av det litteraturen omtalar som ”physical integrity rights”, ”personal integrity rights”, ”life integrity rights” eller ”security rights”. Omgrepet rettar seg mot fire typar krenkingar av individets personlege integritet, nemleg ulovleg fengsling, tortur, drap og forsvinningar (Carey & Poe, 2004; Cingranelli & Richards, 2008c; Milner, Poe, & Leblang, 1999; Poe & Tate, 1994; Poe, Tate, & Keith, 1999; D. L. Richards, Gelleny, & Sacko, 2001; Zanger, 2000). Omgrepet som ”statens respekt for retten til fysisk integritet” eller berre ”respekt for fysisk integritet” vil verte nytta i same tyding.

et al., 2001; Della Porta & Vannucci, 1999; Hjellum, 2007; Warren, 2004). Korruption kan enkelt definerast som misbruk av offentleg makt, til privat vinning² (Lambsdorff, 2006b). Kva skjer då når det, som i døma over, er statens valdsmakt som vert misbrukt? Hovudproblemstillinga for denne oppgåva er:

Kva verknad har korruption på respekten for fysiske menneskerettar?

Utifrå førestillinga om at politiet og resten av valdsapparatet vil ha grunnleggande ulike formelle funksjonar i demokratiske og autoritære statar, ønskjer eg også å undersøke spørsmålet:

Er denne effekten avhengig av arten til det politiske regime?

1.2 Kva er fysisk integritet?

Historisk har menneskerettar gjerne vorte delt inn i sivile og politiske rettar på den eine sida, og økonomiske, sosiale og kulturelle rettar på den andre. Ein del empirisk forsking har derimot hatt ein tendens til å dele fenomenet inn i dei tre kategoriane (1) sivile og politiske rettar, (2) rettar som omhandlar menneskelege behov og (3) rettar som omhandlar menneskes fysiske integritet (Milner et al., 1999). I tråd med tidlegare studiar syner omgrepet fysiske menneskerettar her ”the right not to be imprisoned, tortured killed or made to disappear, either arbitrary or because of your political affiliations or convictions” (Keith, 2004: 165; Stohl, Carleton, & Johnson, 1984). Å dele opp menneskerettane slik er vorte kritisert av dei som peikar på at menneskerettane er udelelege og gjensidig avhengige, som Verdserklæringa om menneskerettar sjølv slår fast (Donnelly, 2003; UN, 1978). Andre held det synet at fysiske krenkingar er dei grovaste mot menneska, eller at realisering av slike rettar er ein føresetnad for realisering av andre menneskerettar (Keith, 2004; Poe & Tate, 1994; Shue, 1980). Keith hevdar til dømes om retten til personleg integritet at ”these core rights are those that would have to be fulfilled in order for the provision of the other rights to be meaningful” (Keith, 2004: 165). Paradoksalt nok konkluderer same undersøking med at ”The constitutional provisions for fair and public trials are clearly the most universally applicable provisions in

² Korruption er i denne oppgåva avgrensa til det offentlege. Dette vert utgreidd i tredje kapittel.

protecting personal integrity rights”³ (Keith, 2004: 175). Dei peikar igjen mot det synet at ulike menneskerettar er gjensidig avhengige⁴.

Eg vil ikkje ta stilling til debatten her, noko som heller ikkje er naudsynt. Om fysiske rettar er av eit meir grunnleggjande slag eller ikkje, kan det likevel med god grunn hevdast at krenkingar av ulike menneskerettar er ulike empiriske fenomen, som kan ha sine eigne forklaringar. Å verte banka opp av politiet er noko anna enn å verte nekta skulegang, eller ikkje ha tilgang til drikkevatn, og årsakene kan vere ulike⁵. Døma over fortel om den første av desse tre situasjonane. I denne oppgåva vil eg undersøke kvifor menneskes fysiske integritet vert krenka. Om dette er den mest grunnleggjande forma for menneskerettar, eller ei av fleire like viktige former (jamfør diskusjonen over) er ikkje det viktige. Uansett er dette eit fenomen som vender seg mot sjølve kjernen i menneskeleg verde og velferd. Det er eit fenomen som det er viktig å vite mest mogleg om. For å vende tilbake til døma over; her er det einskildmenneske sin fysiske integritet som vert krenka. I dei neste avsnitta vil eg argumentere for kvifor korruption bør takast med i forklaringar på at denne typen krenkingar skjer.

1.3 Treng vi undersøke korruption som forklaring?

Korruption har til no hatt ein liten plass i studiet av menneskerettsbrot og undertrykking, men ikkje heilt fråverande. Med ein normativ idé om at antikorruptions- og menneskerettsarbeid vil kunne tene på å gjere felles sak, har ein del juristar teke til å kartlegge samanhengen mellom dei to fenomena (Bacio-Terracino, 2008; Pilapitiya, 2004; Rajagopal, 1999). Desse reiser eit analytisk skilje i samanhengen mellom menneskerettar og korruption, mellom dei tilfella der korruption i seg sjølv utgjer menneskerettsbrot, og tilfelle der korruption er ei årsak til at menneskerettsbrot skjer. Eg er interessert i den siste samanhengen.

³ Samanlikna med andre juridiske og konstitusjonelle tiltak (Keith, 2004).

⁴ Ein parallell debatt er oppteken av skilnaden på negative og positive rettar. Fysisk integritet vert ofte knytt til negative rettar, sidan det handlar om fridom frå fysiske inngrep. Dette er ein distinksjon eg ikkje vil gi særleg merksemd. Som den seinare diskusjonen fleire stader vil synleggjere, inneber også denne typen rettar at staten må ”... ikke bare [...] respektere individenes rettigheter, men også positivt sikre at disse vernes og oppfylles” (Høstmælingen, 2003).

⁵ Ein kan sjølv sagt innvende det motsette, at denne inndelinga i ulike typar rettar ikkje er spesifikk nok, sidan kvar krenking strengt tatt representerer eit empirisk fenomen. Antakinga her er at dei fire empiriske fenomena drap, forsvinning, ulovmessig fengsling og tortur representerer eit underliggende fenomen i ein slik grad at det gjev grunnlag for å putte dei i same kategori, og kalle kategorien fysisk integritet. Eg kjem attende til denne diskusjonen i kapittel 5, under datakjelder. Eg vil også teste antakinga statistisk, gjennom ein Mokken skalaanalyse, i kapittel 6.

Denne empiriske samanhengen har fått lite merksemd, noko det kan vere fleire grunnar til. Ein kan vere at samanhengen vert sett på som opplagt. Vi vil lett forbinde både korruption og fysisk undertrykking med det primitive eller usiviliserte. I våre vestlege heimar kan vi lett sjå på begge fenomen som noko vi har kvitta oss med i takt med at vi har omfamna prinsipp om rettferd, likeverd, humanisme og folkestyre. Eit raskt blikk på verda av i dag vil kunne støtte ei slik oppfatning. Tabell 1.1 syner dei toppen og botnen av Transparency International sin ranking verdas statar, basert på det oppfatta omfanget av korruption i landa.

Tabell 1.1 Dei tre minst og tre mest korrupte statane

Rangering	Land
1.	Danmark
1.	New Zealand
1.	Sverige
...	
178.	Irak
178.	Burma
180.	Somalia

(Kjelde: Transparency International, 2008b).

I tråd med den gjengse oppfatninga finn vi i toppen tre land som er kjende for å vise djup respekt for menneskerettane, medan vi i botnen finn tre land som med rette er forbundne med dårlige kåringar for menneskerettar (Cingranelli & Richards, 2009). Ein del land passar derimot dårligare til denne trenden. Land som Italia, Polen eller Slovakia presterer alle godt med omsyn til menneskerettar, men er å finne på midten av skalaen, når det gjem til korruption (Cingranelli & Richards, 2009; Transparency International, 2008b). Det motsette, land med lite korruption og låg respekt for menneskerettane, er vanskelegare å finne døme på. Singapore er likevel ein kandidat. Landet er oppfatta å ha svært lite korruption, men ein del kritikkverdige forhold når det gjem til menneskerettar (Cingranelli & Richards, 2009; Transparency International, 2008b). Tabell 1.2 oppsummerar:

Tabell 1.2 Korruption og menneskerettar

Respekt for Menneskerettar			
Korruption	Lite	Høg	Låg
		Sverige	
	Mykje	Italia Polen	Burma Irak

(Kjelder: Cingranelli & Richards, 2009; Transparency International, 2008b)

Tabellen er overflatisk, og fortel oss først og fremst at forholdet mellom desse to fenomena treng betre kartlegging. Det er dette eg ønskjer å bidra til gjennom denne undersøkinga.

1.4 Verknaden av korruption

Ein annan grunn til at korruption i liten grad har vorte analysert som ein mogleg årsak til fysisk undertrykking og menneskerettsbrot kan ha med eksisterande modellar å gjere. Særleg i kvantitativ empirisk forsking på kva som fører til fysisk undertrykking, har forklaringane ein tendens til å vere kopla opp mot modellar for regimeåtfred. I ei revidering av litteraturen, knyter Poe (2004) ei rekke kjende årsaker til negative sanksjonar, fysisk undertrykking og menneskerettsbrot til eit regimes oppfatning av trugsmål. Ifølgje denne modellen er det eit regimes oppfatning av eigen styrke, trugsmål og alternative tiltak som forklarer kvifor fysisk undertrykking finn stad (Poe, 2004). I ein liknande modell forklarer Davenport og Armstrong det same, med variablar som påverkar regime sine insentiv, avgrensingar i handlefridom og kapasitet (Davenport & Armstrong, 2004). Felles for desse modellane er for det første at dei studerer staten som ein einskapleg aktør. For det andre er fokuset i slike forklaringar retta mot toppen av regimet, dei utøvande topptiltearane.

Å fokusere på staten er naturleg i denne samanhengen. FNs verdserklæring om menneskerettar slår fast at det er statane som ber plikta i høve til å realisere menneskerettane (UN, 1978). Problemet er at forma på desse modellane gjer det vanskeleg å inkorporere korruption som ein forklaringsvariabel. Som eg vil greie ut seinare, er korruption for det første noko som skjer i forholdet mellom nivå. Det er for det andre eit fenomen som skjer delvis på innsida av statsmakta. For å analysere korruption bør ein difor ta som utgangspunkt at staten (1) består av fleire nivå, og (2) ikkje nødvendigvis er ein einskapleg aktør.

Eg vil difor utfordre eksisterande modellar ved å nytte prinsipal-agentteori (PAT) til å studere staten. I dette perspektivet er kvart statlege kontor å rekne som ein agent for ein overordna instans – ein prinsipal. Ein statleg agent vil også vere ein prinsipal for eventuelle underordna instansar. Staten vert då å betrakte som eit nett, eller rekkjer av prinsipal-agentrelasjonar. Ideelt skal ein agent arbeide i prinsipalens interesse. Dersom dette er tilfelle i kvart ledd av rekkja, vil den øvste leiinga sin vilje kunne speglast i den underste agenten sine handlingar. Det er likevel alltid ein risiko for at så ikkje skjer. Vi står då overfor agentkostnader ("agency loss"). I denne oppgåva vil korruption verte handsama som ein agentkostnad. Ein korrupt agent er ein som av eigeninteresse, og i løyndom, ikkje lenger handlar i prinsipalens interesse. Rekkja av prinsipal-agentrelasjonar vert då broten, og staten er ikkje lenger ein einskapleg aktør.

Eg vil gjennom oppgåva argumentere for at korruption fører til at folks rett til fysisk integritet vert krenka. Avsnittet over framstiller det første premisset i denne argumentasjonen. Premiss nummer to omhandlar det eg vil kalle menneskeretsrelasjonen. Denne byggjer på at det å ha ein rett berre gjev mening, dersom nokon andre har ei plikt (Donnelly, 2003; Dworkin, 1978). Sidan staten ber plikta i høve til menneskerettar, har vi å gjere med ein relasjonen. Skal ein krevje ein menneskerett, er det staten ein lyt vende seg til. Samtidig, som avsnittet over gir ein peikepinn på, går vi ikkje og tek staten i handa. Eit møte med staten er eit møte med ein statleg agent. Dersom denne agenten (eller ein agent lenger oppe i rekkja) er korrupt, også menneskeretsrelasjonen verte korrumptert. Med ei broten prinsipal-agentrekke kan ikkje eit krav om ein rett nå den øvste autoriteten. Korruption vil dermed vere eit hinder for å realisere einkvar individuell rett.

Eit tredje premiss omhandlar kva som gjer retten til fysisk integritet særleg utsett. Valdsmakt er eit sentralt (om ikkje *det sentrale*) trekk ved staten (Weber, 2000). Samtidig syner det seg at dei institusjonane som er knytt til valdsmakt, også er mellom dei institusjonane som er mest utsett for korruption (Transparency International, 2007). Korruption handlar om misbruk av makt. Misbruk av valdsmakt vil rakst gå ut over borgarane sin fysiske integritet. Eit klassisk syn er at valdsmakta har rolla som beskyttar av rettar, i eit demokrati, og som undertrykkjar av rettar i under eit autoritært styre⁶ (Gerber & Mendelson, 2008). Hovudargumentet i denne oppgåva er at ei korrupt valdsmakt ikkje lenger representerer toppen av regime, og vil vere

⁶ Dette er basert på modellar for politiet. Eg vil nytte omgrepene for all statleg valdsmakt.

undertrykkande uansett. Eg vil overføre logikken frå Davenport og Armstrong sin modell frå toppnivået i eit regime, til einkvar statleg agent. Påstanden vert då at korruption vil leie til fysisk undertrykking, der valdskapasitet eksisterer. Korruption vil (1) påverke den statlege agentens insentiv, det vil verte lønnsamt å undertrykke, og (2) påverke handlefridomen hans, sidan eit korrupt system gjev færre moglegheiter til å kontrollere ein agents åtferd.

1.5 Regimeavhengig likevel?

Del to av problemstillinga er av ein meir utforskande art. Argumentet er her at korruption i demokratiske statar alltid vil verke negativt. Eg baserer dette på ei antaking om at eit demokrati alltid vil søke å verne om menneskerettar (Beetham, 1999). Korruption i systemet vil vere eit hinder for å realisere denne viljen, slik logikken over tilseier. Dersom regime derimot er undertrykkande i utgangspunktet, kan ein argumentere for at det motsette skal skje. Korruption vil stå i vegen for eit regime si undertrykking, gjere den mindre effektiv på sett og vis, og dermed redusere krenkingane menneskerettane. Dette byggjer på at noko som svekkar eit undertrykkande regime, vil vere av det gode for folket. Argumentet er slik eit alternativ til hovudpåstanden i oppgåva om at korruption fører til meir krenkingar uansett.

1.6 Metode og data

Spørsmåla vil verte granska empirisk i eit kvantitatittivt design. Sidan denne samanhengen har fått lite fokus, ønskjer eg å studere fenomenet breitt. Eg ønskjer også å finne fram til generelle trendar, framfor spesielle samanhengar. Analysen er ein multippel regresjonsanalyse av eit tverrsnitt på 161 land, for året 2006. Utvalet er berre avgrensa av tilgangen på data. Avgrensinga til eitt år skuldast også trekk ved data. Ein grunn til dette har med tilgang å gjere. Det er berre dei siste åra at korruptionsdata dekkar bortimot heile verda. Eit tidsserie- eller paneldesign ville dermed medført færre land, og slik gått ut over den ønskte breidda.

Del to av problemstillinga vil eg underske ved å legge inn interaksjonsledd for regime. Vi kan då studere effekten korruption har på retten til fysisk integritet, gitt ulike verdiar på ein dikotom regimevariabel (Brambor, Clark, & Golder, 2006). Vi kan med andre ord undersøke om effekten av korruption er avhengig av politisk regime, eller om den er den same uansett.


Data om respekt for fysisk integritet er henta frå The Cingranelli-Richards (CIRI) Human Rights Dataset (Cingranelli & Richards, 2009). Variabelen respekt for fysisk integritet er ein

indeks sett saman av variablane (1) drap, (2) forsvinning, (3) urettmessig fengsling og (4) tortur. Indeksen liknar dermed den mykje brukte Political Terror Scale (Gibney, Cornett, & Wood, 2008). CIRIs indeks skil seg ved å vere meir finkorna (åtte punkt mot fem). Den syner i tillegg "...the level, sequence and pattern of government respect for human rights" (Cingranelli & Richards, 1999).

Korrupsjon er målt med Transparency International (TI) sin Corruption Perception Index (CPI). Denne indeksen er sett saman av ulike ekspertundersøkingar, der eit lands oppfatta korrupsjonsnivå, samanlikna med andre land, vert undersøkt (Lambsdorff, 2006b). Demokrati er målt med data frå Polity og Freedom House. Andre datakjelder er FNs statistikkdivisjon, Verdsbanken og Det internasjonale pengefondet (økonomiske og demografiske variablar), Fearon sitt datasett om etnisk fragmentering og Universitetet i Heidelberg sitt konfliktbarometer (Beck, Clarke, Groff, Keefer, & Walsh, 2001; Fearon, Kasara, & Laitin, 2007; IMF, 2009; Pfetsch, 2006; UN, 2008).

Problemstillinga, teoretiske argument og metodisk tilnærming kan samanfattast i denne modellen:

Figur 1.1 Opgåva sitt design⁷



⁷ Eg har brukt ein nesten identisk modell, i ei oppgåve i sampol 304 ved Universitet i Bergen, hausten 2007.

Korrupsjon er venta å ha ein negativ effekt på respekten for fysisk integritet. Denne effekten kan vere avhengig av om det politiske regime er eit demokrati eller ikkje.

1.7 Korleis oppgåva er lagt opp

Kapittel 2 handlar om menneskerettar. Eg vil først greie ut om bakgrunnen for fenomenet. Det juridiske ved menneskerettane vert diskutert, og eit hovudpoeng er korleis menneskerettar representerer ein relasjon mellom staten og borgarane. Kapittelet vil vidare gå i djupna på årsakene til at folks rett til fysisk integritet vert krenka. Kapittel 3 handlar om korrupsjon. Tre sentrale spørsmål er kva det er, kva det skuldast, og kva konsekvensar det har. Ein viktig lærdom i dette kapittelet er korleis korrupsjon kan forståast i eit prinsipal-agentperspektiv. I kapittel 4 vil eg setje dei to fenomena i samanheng og stille opp tre hypotesar. Kapittel 5 gjer greie for val av metode og korleis analysane skal gjennomførast, og drøftar ulemper og føremon med datamaterialet i oppgåva. I kapittel 6 vert resultata av analysane presentert, og hypotesane drøfta. Eit hovudfunn er at korrupsjon ser ut til å føre til lågare respekt for fysiske menneskerettar, og vidare at denne effekten ikkje ser ut til å vere avhengig av regimetype. I kapittel 7 vil eg samle trådane, konkludere og foreslå nokre implikasjonar av denne undersøkinga.

2 Menneskerettar – Historie, juss og realisering

Det er ulike syn på om ein bør dele menneskerettane inn i kategoriar eller om dei bør studerast som eit udeleleg heile (Donnelly, 2003; Shue, 1980). Ved å rette fokus mot dei rettane som gjeld eit individ sin fysiske integritet, har eg alt delt opp menneskerettane. Dette byggjer på det enkle argumentet at til dømes å verte nekta tilgang til medisinar, og å verte torturert er to ulike handlingar, som kan ha ulike årsaker. Det ligg ikkje noko forsøk på å rangere ulike menneskerettar i dette. Inndelinga er reint praktisk. Det er likevel ein felles kjerne i alle typar menneskerettar, og det er denne kjernen dei neste avsnitta vil utforske. Diskusjonen vil først dreie seg om den historiske og filosofiske bakgrunnen for menneskerettane, før det juridiske aspektet vert diskutert. Under diskusjonen om realisering av menneskerettar, vil distinksjonen mellom ulike typar verte diskutert, før eg går over til spørsmålet om kvifor retten til fysisk integritet vert broten.

2.1. Menneskerettar i historisk-filosofisk kontekst

Ishay slår fast at "Human rights are rights held by individuals simply because they are part of the human species" (Ishay, 2008: 3). Om dette er ein realitet i dag, er det noko som har kravd ei lang historisk utvikling. Dei første spora av bruken av ordet menneskerettar finn vi fra 1700-talet (Hunt, 2007). Filosofar og andre byrja då å peike på at det er visse ting her i livet ein har rett til berre i kraft av å vere menneske. Desse tankane vart etter kvart medverkande i den amerikanske, den franske og seinare revolusjonar. Både den amerikanske sjølvstendefråsegna og den franske fråsegna om menneske- og borgarrettane (1789) hevdar at menneska er fødde like og har visse rettar (2007: 27).

Om menneskerettane var nye, kan dei seiast å byggje på idear som ikkje var det. To hovudelement er universalisme og individualisme.

Stoikarane snakka om naturrett allereie 300 år f.kr. (Bergem, Karlsen, Slydal, & Sveen, 2004). Læra om naturretten hevdar at der er nokre *naturlege*, objektive lover om den beste måten å ordne eit samfunn. Denne tenkemåten er universalistisk, sidan lovene er tenkt å gjelde alltid, i alle samfunn. I kjernen av dei naturlege lovene ligg fornufta, noko Bergem et

al. hevdar er med å fremje ein likskapstanke. Dei naturlege lovane gjeld for alle, sidan alle er utstyrt med fornuft. Likevel har ideen om naturrett historisk vore brukt til å forsvare ulike samfunnsordningar, som slaveri, stand- og kastesamfunn (Ibid). Andre peikar på at universelle lover kan ha eit religiøst opphav. Den amerikanske sjølvstendefråsegnna syner til dei rettane vi har fått av vår skapar, kven no det måtte vere (Donnelly, 2003).

Også tydinga av det individuelle har hatt ei historisk utvikling. Individuelle rettar fanst i den romerske republikken. I 1215 anerkjente den engelske kongen at frie menn hadde visse rettar, gjennom Magna Carta. Humanismen sto for eit vidare filosofisk fokus på einskildmennesket. Dette vart teke vidare gjennom reformasjonen. Den protestantiske læra held fram den einskilde sitt ansvar ovanfor gud (Bergem et al., 2004; Hunt, 2007).

2.1.1 Ideen om universelle menneskerettar

På 1700-talet var det individuelle og det universelle, i det minste i tanken, i ferd med å vekse saman til rettar som både var individuelle og universelle (gjeldande for alle). Donnelly dreg fram kontraktfilosofar som Locke, Paine og Kant som særleg viktige for framveksten av menneskerettar. Kontraktsfilosofiane byggjer på at den øvste kjelda til autoritet ligg hos borgarane, som har visse *naturrettar*. Staten vert rettferdigjort gjennom ein samfunnskontrakt, der individua gir opp, eller delegerer sin autoritet, i byte mot tryggleik og andre kollektive gode (Donnelly, 2003). Tanken om naturrettar kan også seiast å ha prega politiske dokument. Forfattarane av den amerikanske sjølvstendefråsegnna held retten til liv, fridom og jakta på lukka for å vere sjølvinnlysande (Hunt, 2007: 15; USA, 1990). Vi finn liknande erklæringar i den franske ”Erklæringa om menneskas og borgarane sine rettar” (1789) og dels i den engelske ’Bill of Rights’, frå 1688 (Davidson, 1993).

Dette var viktige framsteg, men dei var likevel avgrensa til nokre få land. Denne avgrensinga gjer påstanden om at menneskerettane er sjølvinnlysande til eit filosofisk problem. Naturretten, eller nokon annan filosofisk retning gjev oss ikkje noko empirisk prov på at der finst nokon sjølvinnlysande menneskerettar⁸ (Donnelly, 2003; Hunt, 2007). Enkelte tyr til kunsten for å syne det sjølvinnlysande, slik som dirigenten Barenboim, med den treffande utsegna ”*Before a Beethoven Symphony we are all equal*” (Barenboim, 2008). Kor søkt det kan verke, syner Barenboim til eit viktig poeng, nemleg likskap- eller likeverdstanken. Hunt

⁸ Eit forsøk bygde på menneskets naturlege behov (Sjå Donnelly 2007. 13-14).

brukar studiet av skjønnlitteratur for å argumentere for at ideen om universelle rettar vart sjølvinnlysande i løpet av opplysningsstida. Dette forklarer ho med endringar i vårt sinn, og vår måte å tenke om andre på. Gjennom romanar vart folk merksame ein ny type *empati*. På same måte som Anderson (1991) forklarar framveksten av nasjonalismen i det same tidsrommet som *førestilte fellesskap*, brukar Hunt omgrepet *førestilt empati* om den medkjensla ein har overfor personar ein ikkje har møtt, eller som kanskje ikkje eingang finns. Tanken om likeverd fekk slik oppslutnad gjennom at folk oppdaga at andre menneske har kjensler og fornuft som ein sjølv, eller det Hunt kallar moralsk autonomi⁹ (Hunt, 2007). Rettane vart ikkje sjølvinnlysande som følgje av eit logisk argument, men fordi samtidar var begynt å sjå på dei som nettopp det (Donnelly, 2003).

Medvitet om "The Rights of Man" var på 1700-talet avgrensa. For det første slo tankane gjennom i nokre få land i den vestlige verda. For det andre var lista av rettar kort, og for det tredje var det restriksjonar på mange av rettane, slik at det universelle ved dei var tvilsamt. Dei neste hundreåra førte med seg ei geografisk spreiing av rettane (til dømes den norske Grunnlova av 1814), og ei utviding av lista med rettar, samt ei utviding med omsyn til kven rettane gjaldt. I denne utviklinga vert ofte dei sivile rettane, slik som retten til fridom, likskap for lova og ytringsfridom kalla første generasjons rettar. Kampen for desse starta i opplysningsstida. Tilsvarande kan vi identifisere ein andre generasjon av rettar i kjølvatnet av den industrielle revolusjon. Det dreidde seg no om politiske, økonomiske og sosiale rettar. Utviding av stemmeretten, og retten til å danna fagforeiningar høyrer til her. Den tredje generasjonen er knytt til kulturelle rettar og rettar forbunde med å tilhøyre særskilde grupper. Desse rettane fekk gjennomslag i tiåra før og etter 1900. Eit døme er kampen for like rettar for kvinner og menn (Davidson, 1993; Donnelly, 2003; Ishay, 2008)¹⁰.

Rettar som omhandlar fysisk integritet høyrer i hovudsak innunder sivile og politiske rettar¹¹. Dei har følgjeleg vore mellom dei første til å bli tekne opp. Fengsling utan lov og dom er til dømes nært knytt til retten til ein rettferdig rettargang. Denne kampen kan sporast tilbake til filosofen Locke. Eit hovudprinsipp var for han at samfunnet skulle vere styrt av lov, ikkje av

⁹ Hunt peikar på framveksten av epistelromanane, der leseren fekk setje seg inn i lidingane eller gledene til ein framand, fiktiv person, som ein årsak til denne utviklinga.

¹⁰ Den første til å nytte ei slik klassifisering var truleg T. H. Marshall. Han skildrar medborgarskapet som tre sett rettar. Desse er dei sivile, dei politiske og dei sosiale. I engelsk historie knyter Marshall dei ulike rettane sine gjennombrot til høvesvis det 18., det 19. og det 20. århundre (Kuhnle, 1988; T. H. Marshall, 1964).

¹¹ Locke snakka om eigedomsretten til sin eigen person (Ayers, 1993; Locke, 1969 [1689]). Ein kan sjølv sagt bruke dette til å argumentere for å kalle fysisk integritet ein økonomisk rett.

makthavarane sine innfall (Locke, 1969 [1689]). Av meir praktisk karakter er antislaverirørsla, som også vaks fram på 1700-talet. Frå byrjinga av 1800-talet byrja fleire land å forby slavehandel og slaveri, med USA som eit av dei siste, i 1865 (Bergem et al., 2004). Den viktigaste historiske hendinga for fysiske rettar, til liks med andre menneskerettar, var likevel andre verdskrigene. Høstmælingen skriv at:

”Overgrepene mot sivilbefolkningen var i denne som i andre kriger mange, som bruk av tortur, mishandling, summariske henrettelser, knebling av ytringsfriheten, fravær av rettergangsgarantier og diskriminering. Typen overgrep var velkjent, men omfanget, begrunnelsen og bevisene var ekstraordinære” (Høstmælingen, 2003: 30).

Det var i denne konteksten at FNs Verdserklæring om menneskerettar vart til.

2.2 Menneskerettar som juridisk omgrep


Etter å utvikla seg som særskilde rettar i ulike nasjonale lovverk gjennom eit og eit halvt hundreår, fekk menneskerettane sitt internasjonale gjennombrot når FNs Verdserklæring om menneskerettar vart vedteken i 1948. Dersom ideen om universelle menneskerettar slo gjennom på 1700-talet, er det først no at menneskerettane vart universelle i praksis (sjå Samnøy, 1988). Verdserklæringa er saman med dei to internasjonale konvensjonane frå 1966, om sivile og politiske rettar (ICCPR) og økonomiske, sosiale og kulturelle rettar (ICESCR) dei viktigaste internasjonale rettslege instrumenta for menneskerettar, og dannar FNs ”menneskerettskatalog” (International Bill of Human Rights) (Bergem et al., 2004: 20). Dei viktigaste institusjonane i FNs menneskerettsregime er FNs menneskerettskommisjon, Menneskerettskomiteen og FNs høgkommissær for menneskerettar (Donnelly, 2003: 127-138). I tillegg til dette har vi ei rekke regionale regime. Det europeiske systemet er organisert gjennom Europarådet. Dei viktigaste rettslege instrumenta er her den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK), Europarådets torturkonvensjon og Europarådets rammekonvensjon for nasjonale minoritetar. Desse rettane svarer høveleg med rettane frå FNs verdserklæring og konvensjonane. Det europeiske regime skil seg likevel ved å ha ein europeisk menneskerettsdomstol. Dette gjer også det europeiske regime meir djuptgripande enn andre regionale regime (Donnelly, 2003; Utanriksdepartementet, 2008).

Desse dokumenta syner ei utvikling av menneskerettar frå moralske til juridiske rettar (sjå Dworkin, 1978). Kva er ein juridisk rett? Donnally (2003) peikar på ein distinsjon som finns

i dei fleste språk mellom rett i høve til kva som er rett å gjere ("rectitude" eller "rettskaffenhet") og det å ha ein krav på noko ("entitlement" eller "berettigelse"). Når vi snakkar om menneskerettar snakkar vi om den siste tydinga. Dette kan illustrerast ved at "A has a right to x (with respect to B)" (Donnelly, 2003: 8). I denne påstanden er A innehavaren av ein rett, medan x syner til innhaldet i sjølve retten, godet som A har rett til. B er den som pliktar å forsyne A med dette godet, x (Ibid). Vi ser at rett og plikt opptrer som eit omgrepsspar, der ein rett først får mening når ein har ein pliktberar ein kan krevje retten av.

FNs menneskerettserklæring og konvensjonane (ICCPR og ICSECR) gjer det klart kven som er kven. A, innehavaren av retten (til x) er alltid individet. B, den som ber plikta i høve til A, er staten (UN, 1978). Menneskerettsbrot er dermed "... violations of international human rights law perpetrated by governments or organized regimes" (Asher, 2008: 4). Det er staten som kan gjere seg skuldig i brot på menneskerettane, men det kan skje både aktivt og passivt. Donnally kallar staten for "Principal Violator and Essential Protector" (2003: 35). Det første syner til den aktive rolla. Eit typisk brot vil vere dersom ein person vert torturert av statsmakta, eller ein agent som handlar på vegne av staten. Men staten vil også bryte menneskerettane dersom bryte menneskerettane dersom den ikkje vernar borgarane mot å verte torturert av ein annan privat part. Frå statens synspunkt vil einkvar menneskerett dermed vere både positiv og negativ; negativ i den forstand at staten ikkje kan krenke individet sin fridom (jamfør Locke, 1969 [1689]), positiv i den forstand at staten pliktar å verne individua mot kvarandre (jamfør Hobbes, 1991 [1651]). Omgrepssparet rett og plikt gjer det mogleg å stille opp menneskerettane som ein relasjon mellom staten og samfunnet¹² slik:

Figur 2.1 Den juridiske menneskeretsrelasjonen



¹² Eller det einskilde individet i samfunnet.

Ein rett fortel ikkje om ein har tilgang til eit gode. Å ha rett til eit gode inneber heller at ein skulle hatt tilgang til det, og er difor eit normativt omgrep. Donnally peikar på det han kallar “The possession paradox”, nemleg at ”..having a right is of most value precisely when one does not “have” (the object of) the right – that is, when active respect or objective enjoyment is not forthcoming (2003: 9). Menneskerettane kan plasserast mellom abstrakte verdiar, slik som fridom, likskap og tryggleik, og den empiriske røynda, som sosiale verkemiddel for å realisere desse verdiane. Realisering vil arte seg ulikt i dei tre følgjande situasjonane. Å *utøve* menneskerettar (Assertive exercise) betyr at nokon krev retten frå pliktberaren, som er staten. Denne svarar ved anten å respektere eller krenke menneskerettane. *Aktiv respekt* vil derimot bety at pliktberaren, Staten, set i verk aktive tiltak for å respektere og verne menneskerettane. I denne situasjonen er det ikkje naudsynt å gjere krav på ein rett, for at den skal bli respektert. I den tredje situasjonen (*Objective enjoyment*) er menneskerettane så innarbeidde at dei ikkje lenger er noko tema. Det er ikkje naudsynt å aktivere retten ved å krevje den, ei heller ved (for pliktberaren) å ta særskilde omsyn for å etterleve den (Donnelly, 2003: 9-11).

2.3 Realisering av menneskerettar

Bobbio hevdar at ”The fundamental problem concerning human rights today is not so much how to justify them, but how to protect them” (1996: 10). Å gi menneskerettane ein juridisk status er eit første, naudsynt steg i spørsmålet om å verne menneskerettar. Juridisk vern gir derimot ingen garanti for at rettane vert respekterte i praksis. Denne delen handlar om kvifor menneskerettar, og meir presist rettane til fysisk integritet, ikkje alltid vert respekterte. Dette inneber å flytte fokus frå det normative spørsmålet om å ha rett til eit gode, til det empiriske spørsmålet om å faktisk kunne nyte godt av det nemnde gode. Empirisk forsking kan slik seiast å ha eit normativt utgangspunkt, i at den allereie har akseptert eksistensen av universelle rettar til grunnleggande gode, uavhengig av kva lovene i dei landa ein studerer måtte hevde (Carey & Poe, 2004). Dette er ei norm dei fleste statar i verda likevel deler¹³.

Donnelly argumenterer overbevisande for at menneskerettar er eit udeleleg heile (Donnelly, 2003). Mot dette kan ein innvende at sjølv om menneskerettane som heilskap er verna av dei same juridiske dokumenta, kan dei representere ulike empiriske fenomen. Forsking på realisering av menneskerettar er ofte retta mot særskilde typar av rettar. Realisering eller

¹³ I januar 2009 har 164 land ratifisert FNs konvensjon om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar, medan talet for konvensjonen om sivile og politiske rettar var 166 (OHCHR, 2009).

grenkingar av menneskerettar har vorte spesifisert til å handle om sivile og politiske rettar, retten til grunnleggjande behov¹⁴, og rettar i høve til fysisk integritet. Milner, Poe og Leblang (1999) syner til ein diskusjon om ulike rettar styrkar kvarandre, eller om det er ein slags ”trade-off” mellom dei, slik at ein kan forsvare å ofre ein type rettar, for å realisere nokon andre. Dei finn at realisering av ein type rettar i stor grad heng saman med dei andre typane.

Den avhengige variabelen i denne undersøkinga er avgrensa til retten til fysisk integritet. Dette skuldast ikkje at eg reknar den som meir grunnleggjande enn andre typar rettar. Det byggjer heller på ei oppfatning om at den typen brot som direkte krenkar menneskes kroppslige integritet, slik som tortur eller drap, er så ulike andre typar menneskerettsbrot at dei er naturleg å studere som eit separat fenomen¹⁵. Vidare tyder døma som innleidde denne oppgåva, frå det argentinske politiet, på at det kan vere ein direkte samanheng mellom korruption og fysiske krenkingar. Før eg tek fatt på å utforske den samanhengen skal vi raskt revidere det vi veit om årsakene til at retten til fysisk integritet vert broten.

2.2.1 Modellar for fysisk undertrykking

Poe identifiserer tre røter for empirisk forsking på krenkingar av fysisk integritet. Desse er studiet av menneskerettar, studiet av statsterror og studiet av negative sanksjonar (Poe, 2004). Poe hevdar å sjå ein fellesnemnar i alle desse studiane. Brot på menneskerettar og undertrykking vert to sider av same sak, skilnaden ligg i synsvinkelen. Han peikar også på at ”...most of the studies cited above refer to the dependent phenomenon at some point as ‘repression’” (Poe, 2004: 20).

At menneskerettsbrot må skuldast statleg undertrykking kan nok diskuterast¹⁶. Logikken er likevel dominerande i den empiriske forskinga. For Davenport og Armstrong vert difor spørsmålet om kvifor menneskerettsbrot skjer eit spørsmål om kvifor statar tyr til undertrykking. I deira modell er tre forhold avgjerande. Det første er statens kapasitet til slike

¹⁴ Milner et al. sin bruk av nemninga ”subsistance rights” samsvarer i stor grad med det vi kallar økonomiske og sosiale rettar.

¹⁵ Datatilfanget i Milner et al. sin artikkel kan tene som ei førebels støtte til dette synet. Dei brukar kjende demokratiindikatorar som mål på sivile og politiske rettar, medan målet på subsistansrettar liknar mykje på dei mål ein ofte nyttar på økonomisk utvikling (Milner et al., 1999). Når Milner et al. finn ein samanheng mellom desse to typane rettar, kan ein kritisere dei for berre å gjenta ein nokså kjend samanheng, nemleg den mellom økonomisk utvikling og demokrati (sjå til dømes Diamond, Linz, & Lipset, 1989; Lipset, 1959; Przeworski & Alvarez, 2000). Eg vil greie meir ut om empiriske mål for menneskerettar i kapittel 5.

¹⁶ Ein føresetnad i denne oppgåva er at det også vil kunne skuldast mangel på statleg vern. Dette vil vert greidd ut i kapittel 4.

handlingar, det andre er om politisk-økonomiske faktorar gjer slike tiltak tenelege, medan det tredje er kva for politisk-økonomiske hindringar som ligg på statens handlingsrom (Davenport & Armstrong, 2004; Goldstein, 1978). Kort oppsummert; ein stat vil undertrykkje dersom den har kapasitet og noko og tene på det, samtidig som ikkje noko hindrar den i å gjere det.

Poe nyttar ein liknande tenkemåte, men stiller opp ein noko meir spesifikk modell. Han hevdar at studiar av menneskerettsbrot, statsterror og negative sanksjonar har det til felles at ”..each taps decisionmakers’ choice of repressive actions from the menu of behaviours [...] that can often be employed by regimes with an eye toward dealing with perceived threats (Poe, 2004: 21). Poe freistar å ordne forklaringar på fysiske krenkingar med den såkalla Most-Starr- modellen (Most & Starr, 1989; Poe, 2004). Den hevdar at eit regime vil vere oppteken av å auke sin eigen styrke (S), samtidig som det vil ønskje å redusere oppfatta trugsmål (T) mot regime. Menneskerettsbrot vert slik ein reiskap leiarar kan nytte ”.. when they are alarmed by the S/T ratio” (Poe, 2004: 17). Poe utleier vidare fire kategoriar av variablar som vil kunne føre til undertrykking. Desse er (1) variablar som påverkar regime si oppfatning av trugsmål, (2) variablar som påverkar regimets styrke, (3) variablar som påverkar kva alternativ avgjerdstakarar har (undertrykking er mindre sannsynleg om det finns andre og betre alternativ) og (4) variablar som påverkar kva for handlingar (av dei som er tilgjengelege) avgjerdstakarar vil velje (Poe, 2004). Tabell 2.1 oppsummerar og samanliknar dei to modellane.

Tabell 2.1: Modellar for fysisk undertrykking

Poe sin modell		Davenport og Armstrong sin modell	
Variablar	Fokus	Variablar	Fokus
1) Som påverkar regimets styrke	Er oppteken av regime som ein skapleg aktør, og forholdet til ein opposisjon	1) Som påverkar regimets kapasitet	Er oppteken av regime, men kan i prinsippet nyttast på einkvar agent
2) Som påverkar regimets oppfatning av trugsmål		2) Som påverkar regimets insentiv	
3) Som påverkar regimets meny av handlingsalternativ		3) Som avgrensar regimets handlingsfridom	
4) Som påverkar regimets val på menyen av handlingsalternativ			

(Kjelder: Davenport & Armstrong, 2004; Poe, 2004)

Begge modellane er svært økonomiske i at det antar at regime er ein rasjonell aktør, og at fysisk undertrykking vil skje som ein konsekvens av rasjonelle vurderingar innanfor dei grensene konteksten set på regimets rom for handling. Skilnaden på modellane er først og fremst at Poe er meir spesifikk på kva for rasjonelle vurderingar som vil leie til undertrykking. Ein fordel med Davenport og Armstrong sin modell er at den også er relevant for dei tilfella der ikkje staten sjølv er den undertrykkjande, men passivt let det skje¹⁷. Til dømes kan det første punktet, kapasitet, like gjerne dreie seg om kapasitet til å beskytte som til å undertrykke. Ein svak stat, med få resursar vil slik lite truleg vere i stand til omfattande fysisk undertrykking av borgarane, men også vere i därleg stand til å beskytte dei. Tilsvarande kan det andre punktet, om politisk-økonomiske insentiv, både vere insentiv til å ty til fysisk undertrykking, og til å aktivt beskytte. Dette har vorte trekt fram som ei mogleg forklaring på at det russiske politiet vert tillede å krenke menneskerettar (Gerber & Mendelson, 2008).

2.2.2 Forklaringsvariablar

Dei neste avsnitta vil gå gjennom ein del variablar som er rekna som viktige forklaringar på krenkingar og undertrykking, i lys av desse modellane.

¹⁷ Verken Davenport og Armstrong eller dei ulike forklaringane under legg vekt på dette momentet.

Etnisk samansetning og konflikt

Etnisk samansetning har vorte sett på som ei forklaring på fysisk undertrykking. Argumentet seier at eit etnisk heterogent samfunn vil lettare føre til konflikt (sjå Fearon et al., 2007; Fearon & Latin, 2000), og difor meir vald og undertrykking. Ein antek at slik vold er nasjonalistisk motivert, i tydinga å skape samsvar mellom statens og ein etnisk nasjons grenser. "... a territorial political unit can only become ethnically homogeneous [...] if it either kills, or expels, or assimilates all non-nationals" (Gellner, 1983: 2). Ein eldre studie finn også at det er meir politisk vald i etnisk heterogene samfunn (Muller & Seligson, 1987). To nyare studiar som studerer samanhengen mellom etnisk fraksjonalisering og respekt for fysiske menneskerettar, begge med data frå The Political Terror Scale, finn derimot liten eller ingen statistisk samanheng mellom dei to fenomena (Lee, Lindström, Moore, & Turan, 2004; Walker & Poe, 2002). Harff (2003) undersøkjer årsakene til folkemord. Ho finn at etnisk diskriminering aukar sjansen for at ein borgarkrig skal bryte ut. Der det allereie er borgarkrig har derimot ikkje etnisk diskriminering nokon effekt på om det vil ende i eit folkemord eller ikkje (Harff, 2003).

Ser vi då på væpna konfliktar meir spesifikt finn vi meir eintydige indikasjonar. I Davenport og Armstrong sin modell er konflikt ein politisk-økonomisk faktor som legg til rette for brot på menneskes fysiske integritet. Ekstreme situasjonar krev ekstreme tiltak, vert det sagt, og sjølv dei mest siviliserte statar har ein tendens til å beklage sivile tap i konfliktar som biverknader ein ikkje kan unngå. Poe sin modell gjev likevel ein meir presis prediksjon, ved at konfliktar vil opptre som (oppfatta) trugsmål mot eit regime (Poe, 2004). I to undersøkingar har Poe og Tate (1994) og Poe, Tate og Keith (1999) undersøkt årsaker til brot på retten til personleg integritet¹⁸. Dei finn at både borgarkrig og internasjonal krig verkar negativt på respekten for fysisk integritet (Poe & Tate, 1994; Poe et al., 1999). I ein studie av effekten av intern konflikt finn Davenport at faren for valdeleg undertrykking aukar med frekvensen av konflikt, om opposisjonen vel ein valdeleg strategi og graden av ideologisk avvik mellom partane i konflikten (Davenport, 1995). Carey følgjer Poe sin modell om oppfatta trugsmål i ein liknande studie av regimers svar på opposisjon. Ho finn også at ein valdeleg strategi frå opposisjonen vil auke sjansen for valdeleg undertrykking frå regime. Det spelar også ei rolle om aksjonar frå opposisjonen er av ein *ad hoc* karakter, eller meir velorganisert, og presiserer at "The second category of protest activities seems to trigger harsher and more violent state

¹⁸ Definert som "freedom from torture, imprisonment, execution or disappearance at the hands of government either arbitrary or for political reasons" (Poe et al., 1999: 292)

responses” (Carey, 2004: 217). Dei to siste variablane byggjer oppunder ideen om at ein auke i oppfatta trugsmål også aukar sjansane for fysisk undertrykking.

Henderson (1993) hevdar at ikkje berre samansetninga, men også storleiken på ei befolkning vil verke inn på graden av fysisk undertrykking. Hypotesen byggjer på at det i store befolkningar vil oppstå fleire situasjoner der slik undertrykking kan skje; fleire interne trugsmål og fleire påfølgjande valdelege svar, frå regime (Poe et al., 1999). Argumentet vert også brukt for å hevde at befolkningsvekst vil leie til meir undertrykking. Poe og Tate finn delvis støtte for at storleik har ein negativ effekt, medan ingen støtte for påstanden om befolkningsvekst (Poe & Tate, 1994; Poe et al., 1999).

Politisk regime - Demokrati

Det er ei utstrekkt oppfatning at arten til det politiske regime påverkar graden av undertrykking. Henderson (1991) argumenterer for at eit demokratisk system har mekanismar som hindrar at konfliktar eskalerer til det punktet der dei trugar sjølve regime. Poe brukar denne logikken til å knyte demokratiske system både til *mindre trugsmål*- delen av sin modell, og til den delen som omhandlar kva verkemiddel eit truga regime vil velje å setje i verk (C. W. Henderson, 1991; Poe, 2004). I høve til Davenport og Armstrong sin modell kan ein også kalle eit demokratisk styresett for ein faktor som vil kunne hindre aktørar i å undertrykkje. Dette kjem av dei mekanismane institusjonar og aktørar i eit demokrati har for å avgrense og kontrollere kvarandre, ofte samla i omgrepet demokratisk ansvarleggjering (sjå til dømes Manin, Przeworski, & Stokes, 1999; Schedler, 1999; Schmitter, 2004; Strøm, 2000). Ei rekke kvantitative undersøkingar finn at demokratiske institusjonar er knytt til færre fysiske krenkingar (C. Henderson, 1988; C. W. Henderson, 1991; Poe & Tate, 1994; Poe et al., 1999; D. D. Richards, 1999; Zanger, 2000). Dette er truleg også ”..of the most consistent results within the area of domestic conflict” (Davenport & Armstrong, 2004: 539).

Om den positive innverknaden av demokratisering synast klår, er det meir diskusjon om dette forholdet er lineært. Vi kan identifisere to alternativ til akkurat det. Den eine, ”meir mord i midten”-hypotesen går ut på at det i regima på midten av demokratiseringsskalaen er meir uro, og dermed mindre respekt for menneskerettar. Det andre alternativet hevdar at der er ein terskeleffekt, slik at demokratisering ikkje vil ha nokon effekt på graden av undertrykking, før den når eit visst nivå (Davenport & Armstrong, 2004; N. J. Mitchell & McCormick, 1988). Davenport og Armstrong sin analyse gir støtte til den siste av desse hypotesane (2004). Dette

høver også med Zanger (2000) sin analyse av effekten av politiske regimeendringar på menneskerettsbrot. Ho opererer med autoritære, anokratiske og demokratiske regime. Anokrati er ei nemning for mellomregime ("gråsoneland") med både demokratiske og autoritære trekk. Zanger sin analyse syner at ei regimeendring i demokratisk retning er forbunde med mindre menneskerettsbrot og *vice versa* (Zanger, 2000). I tillegg til at autoritære regime fører til meir undertrykking, finn Poe et al. at militærregime er ekstra undertrykkande, når det kjem til fysisk integritet (Poe et al., 1999). Dette er konsistent med teorien om at krenkingar vil vere avhengig av statens kapasitet til undertrykking, jamfør Davenport og Armstrong sin modell. Poe hevdar også at eit militærregime som har komme til makta gjennom eit kupp vil stå svakare (redusert S eller minka S/T ratio) på grunn av manglande legitimitet, både internasjonalt og internt i regime (Poe, 2004).

Økonomi

Moderniseringsteori vil normalt legge vekt på dei positive konsekvensane økonomisk utvikling på demokratiet (E. Huber, Rueschemeyer, & Stephens, 1993; Lipset, 1959; Przeworski & Alvarez, 2000). Dette ser ut til også å ha ein effekt på respekt for retten til fysisk integritet. Poe et al. argumenterer for at underutvikla land vil vere plaga av resursknappheit, som vil føre til eit høgare konfliktnivå. Dette vil auke den reelle eller oppfatta, interne trusselen mot regime, og slik auke viljen til å bruke undertrykking. Dei finn også økonomisk utvikling har ein tydeleg negativ effekt på graden av undertrykking (Poe & Tate, 1994; Poe et al., 1999), noko som samsvarer med tidlegare funn av Henderson (1991). Ei av svært få undersøkingar som tyder på det motsette er Richards et al. (2001), som finn svak, men statistisk signifikant støtte for at økonomisk utvikling, i dei mest underutvikla landa fører til fleire krenkingar av fysisk integritet. Dette støtter påstanden om at dei aller fattigaste er "too poor for politics and too poor for protest" (Huntington, 1968; sitert i N. J. Mitchell & McCormick, 1988: 478). Jamfør logikken ovanfor vil folk som er for fattige til å protestere heller ikkje utgjere nokon trussel for staten, og dermed ikkje noko insentiv for undertrykking.

Økonomisk vekst er eit vanskelegare tema. Poe et al. argumenterer at vekst på den eine sida kan redusere knappheit, og slik minke statens behov for å undertrykke, jamfør argumentet over. Samtidig kan økonomisk vekst føre til auka skilnader, som i sin tur leier til auka misnøye, auka uro, og endeleg ein auka reell, eller oppfatta trussel mot staten. Poe et al. finn ingen signifikant effekt av økonomisk vekst i 1994-studien, medan den meir omfattande

1999-studien gir svak støtte til at økonomisk vekst har ein negativ effekt på menneskerettane (Poe & Tate, 1994; Poe et al., 1999).

Naturresursar

Eit anna perspektiv ved økonomiske forklaringar er rentenist-statshypotesen. Omgrepet rentenist-stat syner til statar som har ein stor del av sine inntekter frå naturresursar. Hypotesen seier at stor tilgang på naturresursrikdom, særleg olje, vil stabilisere eit autoritært regime og gjere ein overgang til demokrati mindre sannsynleg (Jensen & Wantchekon, 2004; Ross, 2001; Smith, 2004; Ulfelder, 2007). Dette er det minst to hovudforklarings på. Den første fokuserer på staten si *kravside*. Naturresursane vert "gratis pengar" for staten, noko som gjer at den slepp å skattlegge. Med ein slags bakvendt Payne-logikk kan styret legitimere seg med "no participation without taxation". Krav om demokratisering vil i teorien verte dempa når staten ikkje krev skatt eller andre ytingar av folket. Ein annan versjon av kravsideforklaringa går ut på at inntekter frå naturresursar gjer at staten kan oppnå økonomisk vekst utan modernisering og utvikling av samfunnet elles. Ein vil slik ikkje få den sosiale moderniseringa, til dømes utviklinga av klassestrukturar, mange meiner er viktige faktorar for å oppnå demokratisering (R. B. Collier, 1999; E. Huber et al., 1993; Reno, 2001; Ulfelder, 2007). Okruhlik argumenterer mot at dette er tilfelle i dei typiske renteniststatane i Midt-Austen. Han hevdar at der tvert om er ei meiningsfull økonomisk utvikling og ein framveksande opposisjon (Okruhlik, 1999).

Eit anna sett av forklaringar fokuserer på det vi kan kalla staten si *tilbodsside*. Det første, og kanskje viktigaste poenget i menneskerettssamanhang, er at inntektene frå naturresursar gjer staten økonomisk i stand til å ha eit omfattande undertrykkingsapparat. Naturresursrikdom stabiliserer altså autoritære regime fordi det gjer dei økonomisk i stand til å undertrykke. Ei anna forklaring peikar på at lett tilgang til slike resursar kan gjere staten i stand til å oppretthalde og forsyne omfattande klientnettverk, noko som vil gi staten den støtta den treng (Ulfelder, 2007).

Teorien let seg lettast knyte til Davenport og Armstrong sin modell ved at resursinntektene kan auke eit regime sin kapasitet til å undertrykke. Samsvaret med modellen til Poe er litt meir blanda. På den eine sida vil rentenistrikdom, slik det siste argumentet syner, gjere valdeleg undertrykking lettare tilgjengeleg på liste over eit regime sine handlingsalternativ, og dermed auke sjansen for at undertrykking vil skje. På den andre sida skulle slike inntekter til

eit regime mest truleg auke avstanden mellom eit regimes styrke og eit oppfatta trugsmål (auka S/T-ratio) og slik minke sjansen for valdeleg undertrykking. Eit anna perspektiv er at stor tilgang til resursrikdom gjer at meir står på spel for dei som ønskjer makt. Dette kan slik verke konfliktskapande. Intern maktkamp kan bli til borgarkrig om rikdom (sjå Addison, 2004; P. Collier & Hoeffer, 2004; Intriligator, 2004; Reno, 1998, 2001). I så fall kan naturresursar sjåast som noko som aukar trugsmålet mot regime (reduserer S/T ratio), jamfør Poe sin modell. Brunnenschweiler og Bulte finn derimot at resursavhenge ikkje leier til valdeleg konflikt, men at konflikt kan leie til resursavhenge (2008). Om stor tilgang til resursar leier til valdeleg konflikt, eller til å konsolidere eit autoritært regime er til ein viss grad motsetnader, sidan fråver av konflikt ville vore eit teikn på konsolidering. Derimot vil begge utfall kunne føre til redusert respekt for fysiske menneskerettar.

2.2.3 Er perspektivet dekkande?

Figur 1 synte korleis realisering eller brot på menneskerettane er basert på ein relasjon mellom staten og individet. Borgaren, A, kan på den eine sida hevde å ha ein rett, medan staten på si side kan sei ja, og respektere og beskytte denne retten, eller den kan opptre undertrykkande og bryte den. Donnally sitt argument er at det juridiske aspektet ved denne relasjonen vil gje fremjing av menneskerettane meir kraft, medan forklaringane over har forsøkt å forklare statens åtferd i menneskeretsrelasjonen. Desse forklaringane byggjer antakinga om at staten er ein einskapleg aktør, og kan analyserast som rasjonell, ut frå regime sine interesser.

Om vi snur perspektivet frå staten, som potensiell undertrykkjar, til individet, som potensielt offer, byrjar denne antakinga å slå sprekker. Sidan få av oss kan gå og ta staten i handa, er ikkje eit menneske sin relasjon til staten så enkel som figur 1 kan tyde på. I så godt som alle situasjonar der vi har med staten å gjere, er det ikkje staten *per se* vi snakkar med, men ein særskild representant for staten, ein agent. Kvar statlege agent er dermed ein potensiell undertrykkar av menneskerettar, i sitt møte med einskildmenneske.

Dette perspektivet utfordrar antakinga om den einskaplege staten. Dersom vi i tillegg antek at staten er korrupt, lyt vi også gå bort frå antakinga om at vi kan analysere staten som rasjonell når vi undersøker årsakene til krenkingar av menneskes fysiske integritet. Handlingane til korrupte agentar vil ikkje vere utslag av regimes kalkuleringar, men av privat eigennytte. I

prinsippet kan eit korrupt system slik føre til like mange ulike motiv for handlingar, som der finst agentar. Det teoretiske hovudargumentet i denne oppgåva tek utgangspunkt i spørsmålet: *Kva vil skje med menneskeretsrelasjonen dersom den statlege agenten individet møter, er korrupt?*

Før eg tek fatt på det spørsmålet, i kapittel fire, vil eg bruke neste kapittel (3) på å greie ut om fenomenet korruption, kva det tyder, kva det skuldast og kva konsekvensar det har.

3 Korruption

Korruption er eit komplekst fenomen. For å få tak på kva dette dreier seg om har eg valt å dele fokuset i dette kapittelet i tre. Den første delen er knytt til spørsmålet om kva korruption er. Med ein del historiske forståingar som kontrast, vil eg i første del diskutere moderne definisjonar av korruption. Eit hovudpoeng er her korleis korruption kan definerast ved hjelp av prinsipal-agentteori (PAT). I andre del fokuserer eg på årsakene til korruption. Tanken er her at vi vil forstå meir av kva for fenomen dette er, ved å studere kva det skuldast. Tredje del handlar om konsekvensane av korruption. I ei oppsummering vil eg syne at korruption ofte står i eit uklårt forhold til andre fenomen. Det er ikkje alltid lett å skilje årsaker og konsekvensar frå einannan.

Omgrepet til korruption vert gjerne knytt til offentlege tenestefolk som let seg bestikke. Moderne definisjonar byggjer på ei førestilling om at nokon, i løyndom byter bort eit felles gode mot ei personleg vinning. Slik aktivitet kan vi også finne innan, eller mellom private organisasjoner (Amundsen, 1999; Andvig et al., 2001). Denne oppgåva er derimot avgrensa til å studere korruption som ein relasjon mellom staten og samfunnet. Korruption tyder her offentleg korruption.

3.1 Kva tyder omgrepet?

3.1.1 Overgangen til det moderne

Korruptionssomgrepet har ikkje alltid hatt ei så spesifikk tyding. For Aristoteles var korruption den generelle, moralske degraderinga av staten. Vi kjenner til Aristoteles si klassifisering av regime (Aristoteles, Ross, & Smith, 1908). Der er dei ”gode” styresetta monarki, aristokrati og politeia. Desse er kjenneteikna ved at herskarane, om det er éin, eit mindretal eller eit fleirtal, styrer til det beste for ålmenta. Desse regima kan pervertere eller *korrumper* til å bli høvesvis tyranni, oligarki eller demokrati, styresett der dei herskande styrer til det beste for seg sjølv, eller si gruppe (Aristoteles et al., 1908). For Machiavelli var korruptionen oppløysinga av borgarane sine dyr, medan Montesquieu til liks med Aristoteles fokuserte på systemet. Korruption var endringa, reduksjonen, av eit *godt* regime,

til eit *vondt* (Della Porta & Vannucci, 1999; Friedrich, 1989; Machiavelli, 1996; Montesquieu, 1995 [1748]). Machiavellis korrupsjonsomgrep rettar seg mot individet, og liknar det Patrick Dobel kallar *moralsk korrupsjon*, definert som ”..the loss of a capacity for loyalty” (1978: 960). Tilsvarande liknar både Aristoteles og Montesquieu sine tilnærmingar ”Societal or state corruption”, som ”involves the moral incapacity of citizens to make disinterested moral commitments to actions, symbols and institutions which benefit the common welfare” (Ibid). Felles for desse definisjonane er at korruption syner til ”..the moral health of whole societies” (Johnston, 1986: 2). Korruptionen er her ei norm for ”rent-seeking” handling, men ikkje ei handling i seg sjølv.

Overgangen til moderne definisjonar har betydd ein overgang til å sjå korruption som ei konkret handling av konkrete personar (Johnston, 1986). Offentleg korruption er kjenneteikna ved at ein aktør utanfor staten tilbyr ein person innanfor staten, med mynde til å fordele ein spesiell offentleg resurs, ei form for personleg yting eller betaling. Den statlege representanten vil så misbruke si offentlege makt for å returnere tenesta. Korruption kan dermed no betraktast som ein relasjon mellom staten og samfunnet (Amundsen, 1999: 2).

Slik aktivitet føreset at vi har eit skilje mellom den private og den offentlege sfære. Det må altså vere skilnad på ein representant for statsapparatet si rolle som nettopp det, og si rolle som privat borgar. Korruption er ei krenking av dette skiljet. Det offentleg-private skiljet har ikkje alltid vore opplagt, men synast å vere eit hovudtrekk ved den moderne staten. I den dansk-norske staten skjedde den historiske utviklinga fram mot eit slikt skilje særskilt. I tida før 1660 vart forvaltinga av riket utført av lensherrane. Systemet var kjenneteikna av at det nettopp ikkje var noko skilje mellom det private og det offentlege. Eit len var eit privilegium desse herrane fekk utdelt. Dei utnytta resursane til privat vinning, og betalte berre ei avgift vidare til stats- eller kongemakta. Det såkalla kuppet i 1660, der Kong Fredrik 3. tok full kontroll over staten, medførte ei omfattande byråkratisering av systemet. Lena vart omgjorde til amt, og amtmannen vart ein statleg tilsett, med fast lønn. Resursar knytt til amtet vart nøysett på som statleg eigedom (Dyrvik, 1999). Denne markante overgangen synleggjer føresetnaden om eit offentleg-privat skilje. Å utnytte dei resursane lenet gav til privat vinning, kunne før 1660 ikkje verte vurdert som korrupt eller klandreverdig. Tvert om var det slik systemet fungerte. For ein amtsmann å gjøre det same etter 1660, ville vore eit brotsverk mot kongen, eller staten. Det ville vore underslag eller korruption.

3.1.2 Definisjonar

Korrupsjon er altså vorten ei konkret handling, det syner til ein relasjon mellom staten og samfunnet, og det føreset eit skilje mellom den offentlege, eller offisielle, og den private sfære. J.S. Nye definerer det slik:

"Corruption [by public officials] is behavior which deviates from the normal duties of a public role because of private-regarding (personal, close family, private clique) pecuniary or status gains; or violates rules against certain types of private-regarding influence" (Nye, 1967: 997).

Definisjonen peikar på det vi vil kalle korruksjon, men gjer det ikkje heilt klart kva det er. Den fortel at korruksjon handlar om aktørar innanfor statsmakta som ikkje handlar som dei var meint, fordi dei tener på å handle annleis. Men korleis var dei meint å handle? Kva er *the normal duties of a public role*?

John Gardiner (2002) set opp tre ulike normer for åtferd, og som korruksjon følgjeleg vil vere eit brot med. Desse er høvesvis (1) rettslege normer, (2) normer basert på samfunnsinteresser eller (3) normer basert på folkeopinionen. I rettslege definisjonar vil spørsmålet om korruksjon verte avgjort av om dei handlingar som har funne stad er ulovlege. Med ein slik definisjon vil det vere lett å avgjere kva som er korruksjon, noko som er eit føremon. Gardiner trekker likevel fram James Scott sin kritikk mot denne framgangsmåten. Denne byggjer mellom anna på at ein med ein slik definisjon ikkje vil greie å fange djuptgåande politisk korruksjon, der den er ein integrert del av politikken. Særleg i land med eit underutvikla lovverk mot korruksjon, vil ein ikkje evne å femne heile fenomenet med ein slik definisjon (Gardiner, 2002: 30). Eit underliggende paradoks er her at statsmakta, der ein vil kunne finne dei korrupte aktørane, også lagar lovene. Å definere korruksjon ut frå rettslege kriterium vil også gjere samanlikningar på tvers av land svært vanskeleg. Nasjonale lovverk vil variere. Handlingar som er korrupte i eit land, vil slik kunne vere rekna som lovlege og legitime i eit anna (Gardiner, 2002).

Å bruke samfunnsinteressene ("public interest") som norm vil sei at noko er korruksjon når ein tenesteperson, på grunn av eigeninteresse, handlar mot samfunnet sine interesser. Dersom ei handling er til skade for samfunnet, vil det kunne vere eit utslag av korruksjon, sjølv om den er lovleg (Gardiner, 2002: 32). Eit klårt døme vil vere ein byråkrat som gir ein offentleg kontrakt til broren sitt selskap, sjølv om andre hadde lågare anbod, eller var på andre måtar

betre alternativ. Her er motsetnaden mellom private og offentlege interesser openberr. Det er i byråkratens private interesse å favorisere sin bror, medan det ville vere i samfunnets interesse at den billegaste kontraktøren fekk oppdraget¹⁹. Som Gardiner gjer merksam på, er ikkje alltid denne motsetnaden så klar. ”Samfunnsinteresser” er eit svært vidt omgrep å skulle analysere. Konfliktar mellom ulike verdiar synast å ikkje å vere til å unngå (Gardiner, 2002). I ikkje-demokratiske statar vil herskarane kunne definere sine eigne interesser som samfunnet sine. Eit autoritært regime vil samtidig kunne forhindre det øvrige samfunnet frå å uttrykke misnøye med dette. Dette kan slik fungere som eit skjold mot skuldingar om korruption mot toppleiinga i slike statar. I demokrati vert problemet like klårt. Pluralismen byggjer på at samfunnet består av grunnleggjande ulike interesser (Dahl, 1967). Kva (samfunns-)interesser skal då vere normgjevande for kva som er korruption, der det ikkje gir seg sjølv? Fleirtalet sine?

Vi er då inne på Gardiners tredje alternative norm, som er folkeopinionen. Denne måten å definere korruption tek omsyn til kulturelle skilnader. Den er meir retta mot legitimitet enn legalitet. Ein offentleg tenestemann si handling, sjølv om den er motivert av eigeninteresse, er korrupt berre *dersom den vert oppfatta som korrupt*. Gardiner peikar på at det i mange land er skilnad på kva statens lover definerer som korrupt, og kva folk flest oppfattar som det (2002: 32-35). Det demokratiske aspektet ved denne definisjonen gjer den tiltalande. Samtidig er det heilt klåre omgrepmessige problem knytt til den.

For det første kan det vere eit praktisk problem at spørsmålet om korruption har førekommne skal avhenge av folks oppfatningar. Sjølv ikkje dei mest demokratiske landa mekanismar for å la folkeopinionen evaluere kvar einaste avgjerd. Den viktigaste evalueringsforma er vanlegvis val, der folk kan halde dei politiske leiarane til ansvar for den siste perioden. Borgarar kan likevel vurdere, og uttrykke meininger om prosessar undervegs. Dette løyser ikkje det empiriske problemet knytt til å påvise korruption. Er det korruption når *nokon* hevdar det? Eller når eit fleirtal av opinionen påstår det? Korleis måler vi i så fall eit fleirtal, når folk ikkje går til urnene for kvar mogelege korruptionssak? Problemet er endå større i autoritære land, der moglegheitene for å uttrykke preferansar er meir avgrensa. Slike praktiske problem hindrar sjølvsagt ikkje ein forskar i å gå rundt og spørje folk kva for handlingar dei ser som korrupte og ikkje, og slik danne seg eit generelt bilet av ein kultur sitt syn på korruption.

¹⁹ For resonnementets skuld reknar vi med at det ikkje finns lover som forbyr denne typen handling.

For det andre har definisjonen eit komparativt problem. Dersom vi greier å danne eit bilet av korrupsjonen i eit land, kan dette ikkje brukast til å samanlikne med andre land. Kvar nasjonale opinion vil kunne danne si eiga forståing av kva korrupsjon er. Resultatet blir at omgrepene ikkje tyder det same i kvart land. Det vert som å måle kven som *synest* dei fekk den største fisken. Når vi skal måle kven som faktisk fekk den største fisken, lyt vi bruke den same meterstokken på alle.


Desse definisjonane lir også under eit anna problem. David Beetham åtvarar mot å ”.. confuse the question of the definition of democracy with the separate question of whether it is a good..” (1999: 2). Også korruptsjonsomgrepet står her i fare for å verte eit spørsmål om kva som er godt, eller snarare ilt. I den legale definisjonen er det lovbrotet som er korrupt. I samfunnsinteressedefinisjonen er det det antatt skadelege for samfunnet. Gardiner gir her eit tenkt døme, der ein nazi-offiser under krigen tillet ein jøde å emigrere, mot ei bestikking. Nazi-Tyskland sine lover forbaud jødar dette. Gardiner stiller spørsmålet ”.. should it be called corruption or does the evil of the Anti-Jewish laws justify the inspector’s action?” (Gardiner, 2002: 30-31). Gardiner sitt argument er at medan dette er eit døme på at det ulovlege var det etisk rette (og dermed ikkje korrupt), vil andre tilfelle vere vanskelegare å avgjere. Men er dette eit opplagt døme? Vi skjønnar det opplagte i at diskrimineringa mot jødane var samfunnsfiendtleg. Det kan dermed ikkje vere korrupt å opponere mot den. Ei innvending mot Gardiner vert kvifor denne offiseren, i det felles beste sitt namn, tok ei bestikking for å etterleve den jødiske mannen sine menneskerettar? Frå det nazistiske regime sin ståstad var dette korrupsjon sidan offiseren let seg bestikke til å handle mot regime sine lover. Men også frå ”public interest”-perspektivet er dette korrupsjon, sidan offiseren tok seg betalt for noko som skulle vere ein grunnleggande rett. Offiseren misbrukte med andre ord makta si, sjølv om han hjelpte denne mannen å emigrere.

3.1.3 *Ei Prinsipal – Agenttilnærming*

DellaPorta og Vannucci brukar prinsipal-agent-teori (PAT) til å definere korrupsjon. PAT handlar om delegering av makt. Teorien føreset at ein prinsipal delegerer makt til ein agent, for at denne betre skal handle i prinsipalen si interesse. Prinsipalen sitt problem er å sikre at agenten faktisk handlar i prinsipalens, i staden for eigen interesse. Ein kan sjå dei politiske og byråkratiske styringskjedene som lenkjer av prinsipal – agentforhold. Ein instans på eit visst

nivå i kjeda vert då sett på som ein agent for nivået over. I eit demokrati vil følgjeleg folket verte den øvste prinsipalen (Ferejohn, 1999; Miller, 2005; P. Mitchell, 2000; Strøm, 2000). Della Porta og Vannucci set opp tre kriterium for at noko kan kallast korruption. For det første må det vere "...a secret violation of a contract that, implicitly or explicitly, specifies a delegation of responsibility and the exercise of some discretionary power". Vidare "... an *agent* who, against the interests or preferences of the *principal*, acts in favor of a *third party*, from which he receives a reward". For å skilje politisk og byråkratisk korruption frå korruption i det private seier dei dessutan at det er det første når "The principal is the state, or better, the citizenry" (Della Porta & Vannucci, 1999: 16-17). Dette kan illustrerast slik:

Figur 3.1 Korruption som agentkostnad



Spørsmålet om brotsverk – kven eller kva er korruption eit brotsverk mot – vert her gjeve eit svar. Kvar instans i statsapparatet vert sett på som ein agent for nivået over, prinsipalen. Brotsverket korruption er altså å ikkje handle i prinsipalens interesse, men i ein tredje persons interesse, for eigen vinning. Dette har også fordelen av å ikkje vere ein normativ definisjon, sidan det ikkje vert sagt noko om prinsipalen er "god" eller "vond" i utgangspunktet.

Den tenkte offiseren frå dømet over handla altså korrupt, sjølv om regime han arbeidde for kan kallast vondt. Eit problem med definisjonen vil likevel knyte seg til å peike på korruption i det øvste leddet i staten. Eit trekk ved autoritære regime er at den øvste leiaren ikkje vil ha ein naturleg prinsipal. For demokratiske regime vil den øvste prinsipalen vere folket. Det leier

oss berre tilbake til diskusjonen over. Er det folkeopinionen, samfunnsinteressene eller dei demokratiske lovane som seier kva folket sine interesser er? For å unngå å gå i ring kan vi prøve å bruke det vi har til å kome vidare. Sjølv dei øvste politiske leiarane vil gjerne innrømme ei plikt overfor staten. Korruption føreset eit skilje mellom offentleg og privat sfære. Korruption er når den offentlege rolla vert misbrukt til å oppnå privat vinning. Vidare impliserer korruption ein tredje part. Det er denne parten som gir den korrupte agenten eit gode, i byte mot ei form for favorisering. Dette er den korrupte bytehandelen (Della Porta & Vannucci, 1999: 20-22).

Eit siste moment før vi går over til å sjå på årsakene, er det Andvig et al. kallar utbytande ('extractive') og omfordelande ('redistributive') korruption (Andvig et al., 2001). Utbytande korruption er ei nemning for korruption der staten er den sterke part. Statsmakta vert her utnytta til å krevje ei ytingar frå individ i samfunnet. Den ekstreme varianten er såkalla rovdyrstatar, der dei styrande brukar statsmakta *først og fremst* til å drive utbyting av samfunnet (sjå til dømes Bayart, Ellis, & Hibou, 1999; Fatton, 1992). Omfordelande korruption er derimot ei nemning der det er den private parten som har overtaket. Dette kan til dømes høye på forholdet mellom meksikanske narkotikakartell og lokale meksikanske mynde. Kriminelle grupper kan gjennom bestikkingar kunne få drive relativt i fred (sjå til dømes Lacey, 2008; Røssum, 2009).

3.2 Årsaker til korruption

Tradisjonelt kan samfunnsvitskaplege syn på korruption vore drege mellom moderniserings- og utviklingsteori og teoriar som vektlegg kulturelle variablar. Moderniseringsteoriens grunnleggande syn har vore at tradisjonelle og underutvikla statar kunne utvikle seg gjennom "state building and institutional engineering" (Andvig et al., 2001: 39). Økonomisk vekst vart sett på som eit sentralt mål, og som medverkande til å drive prosessen vidare. Korruption vart derimot sett på som etterlevingar frå tradisjonalismen, og noko som skuldast manglar i det institusjonelle byggverket. Korruptionen ville minke og forsvinne ettersom moderniseringa tiltok (Andvig et al., 2001). Eit nymarxistisk perspektiv, som fekk eit oppsving på 1870-talet, gjekk såg derimot korruption som ein implisitt del av ein kapitalistisk økonomi. I slektskap med dette høyrer også teorien om avhenge til, som hevda at den fattige delen av verda står i eit avhengeforhold til den rike, og at vestens rikdom er tufta på utnytting av den fattige verda

(Montinola & Jackman, 2002; Randall & Theobald, 1998). Korruption vert her sett som ein del av utnyttinga, og noko som vil bestå så lenge avhengerelasjonen varer ved.

Som ein motsats har vi det perspektivet som dreg fram kulturelle særtrekk som årsak til korruption. Allereie på 1960-talet var forskarar opptekne av kulturar der personlege lojalitetsband er viktigare enn formelle reglar. Dette vert det forska på i rikeleg monn, også i dag²⁰. Ei vanleg oppfatning er at neo-patrimoniale samfunn ser ut til å vere meir utsett for korruption enn andre. Forskinga om dette er for ein stor del basert på afrikanske land med ein kultur for å gi gåver, og eit utslektet skilje mellom offentleg og privat sfære. Neopatrimonialisme skil seg frå klassisk patrimonialisme ved at ein har eit formelt skilje mellom det offentlege og det private. Det skilje vert imidlertid beskrive som ein fasade. I røynda er staten styrt av klientelitiske nettverk (Andvig et al., 2001: 52-55). Annan forsking innan den kulturelle sfären peikar på at katolske land er meir utsette for korruption enn protestantiske. Generelt peikar desse på at ein kultur for å gi gåver og eit svakt skilje mellom det offentlege og det private opnar for meir korruption (Andvig et al., 2001: 61).

3.2.1 "Power corrupts..."

Teorien ser ut til å ha fanga Lord Actons observasjon om at makt korrumperer og absolutt makt korrumperer absolutt (Rogow & Lasswell, 1963). Nyare forsking på korruption er prega av inntoget av kvantitative analysar, som vart mogleg i takt med utviklinga av nye kvantitative indeksar og mål (Andvig et al., 2001; Azfar et al., 2001; Lambsdorff, 2005). Forklaringane er i større grad stilt opp rundt rasjonell aktør-modellar, også synt til som 'public choice'-teori (Montinola & Jackman, 2002). Ei hovudtese er at korruption vil auke når aktørar har mykje å tene på det og sjansen for å verte oppdaga er liten, men minke når sjansen for å verte oppdaga er stor og konsekvensane av å verte avslørt er alvorlege (Andvig et al., 2001; Montinola & Jackman, 2002; Rose-Ackerman, 1999; Treisman, 2000). Konsekvensen for dei som undersøker årsakene til korruption vert å studere (1) variablar som påverkar aktørane insentiv og, meir i tråd med Acton, (2) variablar som påverkar aktørar sin handlefridom. I praksis tyder dette "... political institutions, government regulations, legal systems, GDP-levels, salaries of public employees, gender, religion and other cultural dimensions, poverty, as well as the role of colonialism" (Andvig et al., 2001: 61).

²⁰ (sjå til dømes Bayart et al., 1999; Fatton, 1992, 2002; Reno, 1995a, 1995b, 1998, 2001; Sardan, 1999). Dette emnet vert også granske meir nøyde i kapittel 4 av denne oppgåva.

Eit nytt perspektiv inneber nye variablar, men også å sette gamle kjende samanhengar inn i nye forklaringar. Ein av samanhengane det er størst semje om er at korruptionsnivået i eit land kan forklaraast av landets økonomiske utviklingsnivå, målt som GDP per innbyggjar (Andvig et al., 2001; Tanzi, 1998; Treisman, 2000). Dette funnet høver godt med moderniseringsteori, og antakinga om at korruption vil minke ettersom eit land betrar sitt økonomiske utviklingsnivå. Frå eit rasjonelt perspektiv vil ein legge vekt på slike samanhengar som at økonomisk utvikling fører til ein meir opplyst allmoge, høgare utdanningsnivå og eit meir differensiert system, med færre personlege relasjonar innan styret. Dette vil gjere det vanskelegare for offentlege aktørar å delta i illegale og illegitime aktivitetar, slik som korruption (Andvig et al., 2001). You og Knagam (2005) finn at den positive effekten av økonomisk utvikling (mindre korruption) kan verte redusert av økonomiske skilnadar. Større skilnadar skapar ein overklasse med motiv og moglegheit til å delta i korruption, samtidig som ein fattig underklasse vil vere dårlegare i stand til å kontrollere og halde dei rike til ansvar. Dette støttar synet om at korruption vil auke dersom sjansen for å verte oppdaga minkar. You og Knagam peikar også på at korruption vil føre til, eller forsterke skilnadar. Land med mykje korruption og sterke økonomiske skilnadar vil slik kunne hamne i ein vond sirkel, der det eine forsterkar det andre (You & Khagram, 2005).

Økonomisk utvikling kan også settast i samanheng med det kulturelle perspektivet. Ei mogleg mekanisme er at korruption er forbunde med stor grad av sosial stigma i høgt uvikla land, medan det i underutvikla og tradisjonalistiske samfunn lettare kan oppfattast som greitt (Andvig et al., 2001). Om mekanismane varierer, er det likevel semje om den overordna samanhengen; høgare økonomisk utvikling fører til mindre korruption.

Det synast også rimeleg klårt at eit demokratisk regime er mindre korrupt enn eit autoritært. Demokratiske regime har mekanismar som kan avdekke korruption, slik som krav til innsyn og rapportering og ikkje minst ei fri presse. Demokrati har vidare mekanismar for å halde dei ansvarlege til ansvar, slik som krav til at avgjerder skal vere tufta på lover, eit rettferdig rettsvesen og ikkje minst demokratiske val, der dårlege prestasjonar kan sanksjonerast. Desse mekanismane er ofte samla under omgrepene ansvarleggjering ("accountability") og gjennomsiktigkeit ("transparency") (sjå Manin et al., 1999; Schedler, 1999; Schmitter, 2004; Schmitter & Karl, 1991). Samanhengen mellom demokrati og korruption ser likevel ikkje ut til å vere lineær (Andvig et al., 2001; Lambsdorff, 2005; Rose-Ackerman, 2004; Treisman,

2000). Innanfor dei autoritære regima ser det ut til at det ikkje er dei mest autoritære som er dei mest korrupte. Ei forklaring kan vere at dei mest autoritære regima, totalitære og andre som kontrollerer store deler av samfunnet, også treng å ha kontroll med korruptionen (Andvig et al., 2001; Girling, 1997). Ei anna innvending går på at effekten av demokrati treng tid, slik at land som har vore demokratiske i ei årrekke, vil ha mindre korruption (Gerring & Thacker, 2004). Det finns vidare ein diskusjon om kva type institusjonelt design innanfor demokratiske land, som er fører til minst korruption. Det kan synast som presidensielle system, føderalstatar, system med proporsjonalval med lukka lister er meir utsett for korruption enn andre ordningar (Gerring & Thacker, 2004; Rose-Ackerman, 2004; Treisman, 2000).

Dersom ein vektlegg demokratisk ansvarleggjering som ein faktor i å avgrense korruption, kan det framstå som noko overraskande at presidensielle system er meir utsett enn parlamentariske. Sjølv om dette ikkje er noko opplesen sanning, er der noko litteratur som hevdar at presidensielle system presterer best i høve til demokratisk ansvarleggjering. Parlamentariske system har sin styrke i typiske *ex ante*-mekanismar, som vurdering og utveljing av høvelege personar til å styre (Hellwig & Samuels, 2007; Strøm, 2000). At presidentsystema kjem därlegast ut gjer det egna å stille spørsmål ved trua på ansvarleggjering som middel mot korruption. Eit moment her kan vere at teorien kring demokratisk representasjon og ansvareleggjering er retta mot toppen, eller den politiske delen av regime, medan korruption kan førekomme på alle nivå. Gerring og Thacker hevdar at omgrep som ansvarleggjering og gjennomsiktigkeit i seg sjølv ikkje er presise nok til å forklare variasjon i korruptionsnivå. Dei peikar mellom anna på at ansvarleggjering av dei politiske institusjonane ikkje nødvendigvis inneber å halde byråkratiet til ansvar (Gerring & Thacker, 2004).

Konsekvensen blir å leite etter ansvarleggeringsmekanismar på alle nivå. Byråkratisk ansvarleggjering vil til dømes innebere å ikkje gje einskildpersonar stor autonomi i høve til offentlege innkjøp eller økonomisk forvaltning. Klåre og kjende reglar og krav til rapportering og å følgje prosedyrar er andre forhold vi kan anta vil redusere risikoen for korruption (Rose-Ackerman, 2004; Tanzi, 1998).

Det finns i tillegg til dette ei heil rekke variablar som er vorte føreslått og utforska som moglege forklaringar på korruption. Andre forklaringar inneheld variablar som offentlege lønningar (låge lønningar gjer korruption meir freistande), avhenge av naturressursar (jamfør

renteniststhypotesen), delen av kvinner i forvaltinga (kvinner er truleg mindre korrupte enn menn), kolonial arv (britiske administrative system er truleg mindre korrupte), rettssystem ("common law"-system synast å vere meir oppteken av å verne eigedom, og dermed hindre korruption), religion (kollektivistiske religionar gjer det meir legitimt å gje utilbørlege fordelar til medlemer av si gruppe, familie eller liknande), å vere open for handel, sidan konkurranseutsette økonomiar må vere effektive, og bør difor bekjempe korruption (Ades & Tella, 1999; Amundsen, 1999; Andvig et al., 2001; Gerring & Thacker, 2004; Lambsdorff, 2005; Montinola & Jackman, 2002; Paldam, 1999; Rose-Ackerman, 1999, 2004; Ross, 2001; Savedoff, 2008; Swamy, Knack, & Lee, 2001; Tanzi, 1998; Tirole, 1986; Treisman, 2000). Lista er på ingen måte uttømmande. Ein viss idé har vi likevel om kvifor korruption eksisterer. I neste del vil eg utforske kva det fører til.

3.3 Konsekvensar av korruption

Transparency International (TI) konkluderer med at "Corruption hurts everyone, and it harms the poor the most" (2008a). Vi kan legge til grunn at korruption har konsekvensar for ei heil rekke samfunnsområde. I denne framstillinga vil eg konsentrere meg om økonomiske og politiske konsekvensar.

3.3.1 Økonomiske konsekvensar

Ei lenge halden oppfatning var at korruption ville ha ein positiv effekt på økonomisk utvikling (Andvig et al., 2001). Denne bygde på at korruption i land som var i ein utviklingsfase, ville få rigide byråkrati til å fungere meir smidig. Korruption var sett på som ein naudsynt biverknad av modernisering, som ville opphøyre når landet tok steget inn blant dei fullt industrialiserte. Mellom anna hevda Huntington at det einaste som er verre for økonomisk vekst enn eit stift, oversentralisert og uærleg byråkrati, er eit stift, oversentralisert og ærleg eit (Andvig et al., 2001: 91). Denne oppfatninga har seinare vorte revidert. Andvig et al. sin gjennomgang av literturen syner at korruption har ein negativ innverknad private aktørar sine kostnader med å handskast med byråkrati, på omfanget av investeringar, på økonomisk vekst, ein positiv effekt på offentleg forbruk og på den uoffisielle økonomien, og ein negativ innverknad på internasjonal handel (Andvig et al., 2001: 91-102; Mauro, 1995; Tanzi, 1998).

3.3.2 Politiske konsekvensar

Når vi snakkar om politiske konsekvensar kan vi trekke ut fire moment av særleg betydning. Det undergrev institusjonar, påverkar politiske insentiv, undergrev statens legitimitet og bryt demokratiske speleregler (Andvig et al., 2001; Hjellum, 2007).

Institusjonar

Når offentlege tenestepersonar vert korrupte er dei ikkje lenger tru mot den institusjonen dei representerer. Byråkrati som er prega av korruption er dermed svært ineffektive. Dette gjeld ikkje berre på ut-sida, og evna til å implementere politikk eller bestyre ulike program, men også på inn-sida, ved at korruption undergrev statens evne til å krevje inn skattar (Andvig et al., 2001; Tanzi, 1998). Når statens inntekter forsvinn gjennom korruption er det ikkje lenger einskilde institusjonar, men heile staten som vert ramma. Korruption rammar ikkje berre skattemonopolet, men også valdsmonopolet (jamfør Schumpeter og Weber). TI sitt *Global Corruption Barometer* for 2007 identifiserer politiet som den institusjonen som var klart mest utsett for korruption, medan rettsvesenet kom på ein andre plass (Transparency International, 2007). Korruption lammar statars evne til å oppretthalde lov og orden. Dette syner også at det ikkje er nok å studere eit regime sine insentiv og handlingsrom, i høve til menneskerettsbrot og undertrykking. I eit korrupt system vil ulike statlege agentar kunne ha sine eigne insentiv og grenser for kva dei kan gjere.

Politikkutforming

For det andre påverkar korruption avgjerdstakarar sine insentiv. Der korruption er utbreidd vil dette vri politikkutforming vekk frå prosjekt og program som er naudsynte, og over mot prosjekt som er potensielt lønnsame for beslutningstakarane (Andvig et al., 2001; Della Porta & Vannucci, 1999). At ein dårleg politikk blir ført, fordi nokon få tenar på det, er sjølvsagt negativt for borgarar flest. Tanzi peikar også på at korruption ofte vil føre til unødig høge offentlege investeringar, sidan dette vil gi større rom for privat vinning for dei involverte (Tanzi, 1998).

Legitimitet

For det tredje svekkar korruption legitimeten til staten, til institusjonar og til lova. Andvig et al. forslår to utfall av dette. I nokre tilfeller fører korruptionsskandalar til politisk mobilisering mot dei styrande. I andre tilfelle vil det vere ei utbreidd oppfatning av at styre er korrupt men

ingenting vert gjort. Dette vil ifølgje Andvig et al. føre til at folk trekkjer seg unna det politiske systemet (2001: 61). I ein studie av korruption og haldningar til regjeringa i demokrati, finn også Anderson og Tverdova at korruption svekkar styret sin legitimitet (2003). Dei finn likevel at effekten varierer mellom dei som i utgangspunktet støtta styret, og dei som var i opposisjon. Den delegitimerande effekten var klart sterkest hos dei opposasjonelle, noko som vitnar om korleis korruption favoriserer dei på innsida, i høve til dei ute (C. J. Anderson & Tverdova, 2003). Manzetti og Wilson finn at korrupte regjeringar vil kunne oppretthalde støtte i klientelistiske samfunn, der dei har mogelegheit til å fordele statens resursar innanfor sitt patron-klientnettverk (Manzetti & Wilson, 2007). Korruption kan minske den allmenne respekten for lova, og slik føre til meir korruption. Hinton skriv dette om Argentina:

”The fact that many high officials have been able to circumvent the law to profit from public office has contributed to creating a perception of invulnerability that widens the spiral of noncompliance with the law” (2006: 78).

Demokrati

For det fjerde konstituerer korruption ofte eit direkte brot med demokratiske speleregler (Hjellum, 2007). Dahl peika på at det ideelle demokratiske regime styrer i best mogleg samsvar (responsiveness) med politisk likeverdige borgarar (Dahl, 1971). Det eit korrupt styre gjer, er derimot å lure borgarane. Å late seg bestikke vil, for ein politikar innebere å byte bort sin truskap mot folket (som den øvste prinsipal i eit demokrati), til den som betalar bestikkinga. Dette er sjølvsagt udemokratisk, sidan det gir bestikkaren uhøvesvis stor makt. Det stirr mot det demokratiske prinsippet om at kvar borgar er politisk likeverdig (Beetham, 1999). Eit døme på dette er saka som vinteren 2009 er under etterforsking i Storbritannia, der medlemer av Overhuset skal ha teke imot bestikkingar for å påverke lovgiving i desse sponsorane sin favør (Watt, 2009). Det ligg i korruptionens natur å vere eit tildekt bedrag. Dette gjer styrande sitt bedrag mot folket gjer det vanskelegare for det same folket å halde dei styrande til ansvar. Ansvarleggjering krev innsyn (Fearon, 1999; Manin et al., 1999; Schedler, 1999; Schmitter, 2004). Korruption vil slik vere i vegen for det demokratiske prinsippet om folkeleg kontroll med makta (Beetham, 1999).

Diskusjonen om årsaker og konsekvensar av korruption er oppsummert i tabellen under.

Tabell 3.1 Årsaker og konsekvensar av korruption

Årsaker	Fenomen	Konsekvensar
Låg økonomisk utvikling		Negativ økonomisk utvikling
Autoritær stat		Ineffektive institusjonar
Låg grad av ansvarleggjering i politiske og administrative organ	Korruption	Insentiv styrt av private interesser
Andre		Svekka legitimitet Mindre demokratisk styre
		Fysiske menneskerettsbrot?

Årsakene til korruption er eit komplisert emne. Det slår ein at årsakene til korruption ofte liknar konsekvensane av det same fenomenet. Eit land som er i ein dårlig økonomisk forfatning vil vere meir utsett for korruption, samtidig som korruption vil ha ein negativ effekt på den vidare økonomiske utviklinga i landet. Det same kan seiast å gjelde for demokrati og den administrative kvaliteten. Eit styre med dårlig kontroll er meir utsett for korruption, samtidig som korruption vil gjere styret enda svakare, og svekke kontrollmekanismane ytterlegare. Nedst i kolonnen for konsekvensar har eg ført opp fysiske menneskerettsbrot. Det er denne samanhengen, mellom korruption og respekt for retten til fysisk integritet, som er tema for det neste kapittelet.

4 Korleis påverkar korruption respekten for fysisk integritet?


”[C]orruption is an institutional system in which rights are dissolved in exchange for gifts” (Robbins, 2000: 440, sitert i Rose-Ackerman 2004.).

Ifølgje Hobbes er det behovet for å beskytte seg mot andre sine aggressive handlingar, som får menneska til å underlegge seg ein stat (1991 [1651]). Eg vil i denne delen argumentere for at korruption ikkje berre gjer staten ute av stand til å beskytte borgarane mot kvarandre, men også mot seg sjølv. Ein korrupt stat vil sjølv vere undertrykkande. I første del argumenterer eg for at korruption er eit grunnleggjande hinder for einkvar rett eit individ har i høve til staten. Andre del handlar særskilt om forhold mellom korruption og respekten for fysisk integritet, medan eg i tredje del av kapittelet diskuterer om verknaden av korruption vil vere avhengig av kva type politisk regime vi har i eit land.

4.1 Korruption som hinder for einkvar rett

Vi har sett at korruption i moderne forstand, er kjenneteikna ved å overstige grensa mellom det offentlege og det private. Ein korrupt tenestemann vil bruke den autoriteten ei offentleg rolle tildeler han for å oppnå privat vinning. I røynda vil dette sei at han ikkje lenger opptrer som offentleg person, men som privat. Della Porta og Vannucci si framstilling syner at den korrupte agenten ikkje lenger opptrer på prinsipalen (staten) sine vegner, men for ein tredje part (bestikkaren) (Della Porta & Vannucci, 1999). Dette vil også truleg skje i løyndom. Dersom vi kombinerer modellen for menneskeretsrelasjonen (figur 2.1) med ein PAT-modell (figur 3.1) for korruption, kan det illustrerast slik:

Figur 4.1 Menneskerettsrelasjonen i eit korrupt system



I denne modellen er det teke høgd for at relasjonen mellom individ (A) og stat (B) skjer via statlege agentar (b_n). Dei heile svarte pilene illustrerer dei formelle relasjonane, medan den grå, stipla pila syner til den løynde, korrupte transaksjonen mellom den korrupte agenten (b₁) og ein tredjepart (c₁). Modellen syner at korruption vilstå i vegen for at menneskerettsrelasjonen kan fungere. Når ein borgar, A, vil hevde ein rett overfor staten, B, vil han møte ein tenestemann, ein agent (b₁). Dersom denne agenten er korrupt, vil det undergrave A sine moglegheiter til å realisere sin rett, sidan agenten i røynda ikkje representerer staten, B, men ein tredje part (her c₁). Dette vil i tillegg vere skjult for både staten og borgaren. Eit par døme kan illustrere dette.

Vi kan tenke oss at det er lyst ut ei offentleg stilling som rådgjevar i eit direktorat for helse, og at einkvar søker har lik rett til å bli vurdert til denne stillinga. Dette er ein rett som staten ber pliktene med å realisere. Det er også helseministeren klåre og uttrykte interesse at alle vert vurdert nøyne, og den best kvalifiserte vert vald. Autoriteten til å gjere denne tilsetjinga ligg hos ein byråkrat. Løynd for både ministeren og dei andre søkerane, har denne tenestemannen teke imot ei bestikking frå ein av søkerane, og vil tilsetje denne uansett kvalifikasjonar. Dei andre sine rettar til lik handsaming er vorte brotne.

Vi kan også tenke oss eit afrikansk land, der tilgangen til utdanning er avgrensa. Regjeringa i dette landet trur på utvikling og ønskjer å tilby så mange som mogleg skulegang. Gratis

grunnskuleutdanning er ein menneskerett (Artikkel 26 i Verdserklæringa. UN, 1978). Likevel vert barn hindra i å utøve denne retten, sidan foreldra ikkje har råd til å betale dei bestikkingane som ein del lærarar krev for å late borna gå på skulen. Andre, som har råd, vert også utsett for menneskerettsbrot, sidan slik utdanning skal vere gratis.

Eg har med vilje tildelt den øvste statsmakta ei velvillig rolle i desse døma. Poenget er at vi ikkje treng ei repressiv statsmakt som bevist nektar borgarane sine rettar, for at menneskerettsbrot skal skje. Ein korrupt agent står i vegen for ein ærleg relasjon mellom innehavaren av ein rett, A, og den som ber plikta, i høve til retten, B; mellom borgaren og staten. Korruption fører dermed til menneskerettsbrot.

4.2 Korruption og retten til fysisk integritet

Fysisk integritet syner her til dei rettane som beskyttar individet mot fysiske overgrep. Slike menneskerettsbrot vil kunne vere fengsling utan lov og dom, forsvinningar, tortur og drap (Cingranelli & Richards, 2008b). Ifølgje Weber er staten ”..det eneste menneskesamband som innenfor et bestemt område [...] med hell hevder monopol på legitim bruk av voldsmakt” (Weber, 2000: 4). Det fins sjølv sagt andre definisjonar av staten, også Weber anerkjenner at staten har andre kjenneteikn. Valdsmonopolet er likevel eit nyttig utgangspunkt når vi skal forklare fysiske overgrep, det går direkte til samanhengen mellom statsmakt, og individets fysiske integritet. Ei rekke institusjonar er med å utgjere dette valdsmonopolet. Utanom i land der militæret har ei dominerande rolle, vil truleg politiet vere den mest direkte lenka mellom staten og borgarane, i denne samanhengen. Som Andvig og Fjeldstad skriv: ”It is the police’s possession of instruments of force that is its distinguishing characteristic” (Andvig & Fjeldstad, 2008: 5).

4.2.1 Teorien om rovdyrpoliti

Ein del teori identifiserer to idealtypiske roller for politiet i eit samfunn (Gerber & Mendelson, 2008; Weitzer, 1995). I frie eller demokratiske land har politiet rolla som beskyttar av samfunnets fellesinteresser (”the common good”), og den einskilde borgar sin tryggleik. I autoritære og undertrykkande statar vil derimot politiet verte del av regimet eller den dominerande gruppa sitt undertrykkingsapparat. Denne modellen forsøkjer også å dekke splitta samfunn, der éi gruppe har vunne kontroll med statsmakta, og brukar politiet som eit

middel for å undertrykkje andre kulturelle grupper. Politiet si rolle vert ein systematisk krenkar av menneskerettar (Gerber & Mendelson, 2008: 4-5).

Politi kan altså vere statens verkty for å beskytte borgarane, og det kan vere eit verkty for det motsette. Men som med dei to døma med kan korruption føre til at politiet ikkje opptrer som eit verkty for statsmakta i det heile. Gerber og Mendelson foreslår ein tredje modell, i ein studie av samanhengen mellom korruption og illegitim vald i det russiske politiet (Gerber & Mendelson, 2008). ”Predatory policing”, eller rovdyrpoliti, er kjenneteikna av at politiet brukar sin posisjon til å ”.. extract rents in the form of money, goods, or services from individual members of the public” (Gerber & Mendelson, 2008: 5). Dette er å misbruke ei offentleg stilling, for privat vinnings skuld, på ein særskilt brutal måte. For det første er det eit døme på det ein kan kalle utbyttande (”extractive”) korruption, det vil sei korruption der staten, eller den statlege aktøren er den sterke parten (Amundsen, 1999). For det andre består den offentlege autoriteten som vert misbrukt ikkje av retten til å gjere ei tilsetjing, eller gi nokon tilgang til ein skule. Den består i staden for av ein eineståande kapasitet til å utøve vald. Vi kan sette dei tre modellane opp slik:

Tabell 4.1 Politimodellar

Politimodell	Modus operandi	Kjenneteikn
Demokratisk politi	Samfunnets beste	Likskap, vern
Autoritært, delt samfunn	Elitens beste	Strukturell favorisering
Rovdyrpolit	Sitt eige beste	Korrasjon

(Kjelde: Gerber & Mendelson, 2008)

Ulike politistyrkar kan også kombinere fleire modellar. Gerber og Mendelson hevdar at det russiske politiet til ein viss grad liknar modellen for splitta samfunn, ved at det til tider utfører undertrykking av politiske grupper på vegner av den styrande eliten. Den viktigaste måten dei opererer på er likevel som ”rovdyr”. Dei brukar den makta dei har til å oppnå privat økonomisk vinning for seg sjølv (Gerber & Mendelson, 2008). Hinton (2006) beskriv noko liknande i Argentina og Brasil, etter demokratiseringane på 1980-talet. Samtidig som regima og politiet syner autoritære trekk ved å peike ut kriminelle som rettslause, synast

hovudhindringa for demokratisk politiverksemd å vere korruption, både i politiet og det politiske systemet. Hinton peikar på "[the] limited capacity to render protection" (Hinton, 2006: 191, kursivert her). Problemet er altså i større grad statens evne enn vilje.

Det kan vere som Gerber og Mendelson antyder at den russiske staten er truande til å ville krenke menneskerettane uansett. Til liks med tilsetjings- og skuledømet over, vert dét spørsmålet mindre viktig når vi har med ein korrupt agent å gjere. Denne oppgåva vart innleidd med to døme frå Latin-Amerika, der politiet sto bak, eller var delaktig i forsvinningar for løysepengar. I det siste av døma, der ein student vart bortført og seinare drepen, var det ikkje politiet sjølv som utførte ugjerningane. Etterforsking synte likevel i ettertid at politiet var bestukke til ikkje å gjere noko, trass fleire meldingar frå publikum (Hinton, 2006). I denne saka gjekk ein argentinsk minister hardt ut mot korruption i politiet (Rother, 2004). Staten gav i det minste inntrykk av å ville respektere og beskytte borgarane sine rettar²¹. Igjen er poenget at staten si haldning vert mindre viktig, når agentane, slik som politiet her, er korrupte. Episodane vert døme på at ein ærleg relasjon mellom eigaren av retten, borgaren (A) og bæraren av plikta, staten (B) vert forhindra av ein korrupt agent. Korruption hindrar realisering av menneskerettar.

4.2.2 Rovdyrstatar

Resonnementet over treng ikkje avgrensast til politiet. I land med konfliktfylte historier vil ofte det militære vere den viktigaste delen av eit valdsapparat. Korruption i militæret vil då kunne ha den same verknaden, i form av overgrep. Andre studier syner korleis utbyting i mange land ikkje berre er hovudverkemåten til einskilde institusjonar, men for heile statsmakta. Robert Fatton skriv om "Predatory Rule" i Afrika (1992). Dette er statar der den statsberande eliten brukar dei maktmiddela dei rår over til å skaffe seg personleg rikdom (Fatton, 1992). Bayart, Stephen og Hibou omtalar det dei kallar kriminaliseringa av staten i Afrika (Bayart et al., 1999). Eit av seks kjenneteikn på denne prosessen er:

"...the use for private purposes of the legitimate organs of state violence by those in authority, and function of such violence as an instrument in the service of their strategies of accumulation of wealth"²² (Bayart et al., 1999: 25).

²¹ Noko om at det vert diskutert, kanskje legge til Argentina sin Policy-score etc.

²² Dei andre involverer eksistensen av skjulte maktnettverk og deltaking i, eller koblingar til internasjonal organisert kriminalitet (Bayart et al., 1999: 25-26).

Dei beskriv altså ein elite som brukar det statlege valdsapparatet for personleg vinning. Dette kan kallast korруpsjon, og av eit valdeleg slag. Eit moment gjev likevel grunn til varsemd. Det går an å vere ein både ein tjuv og ein undertrykker, utan å vere korrupt. Rovdyrstatane er prega av tradisjonell forfølging av opposisjonelle, så vel som tjuveri av resursar (Bayart et al., 1999). I ein artikkel om Charles Taylor sitt Liberia, beskriv Reno (1995b) ein elite som byggjer makta si på kontroll over befolkninga, og over dei økonomiske resursane. Det overordna motivet for makt er akkumulering av rikdom, som igjen finansierer det valdsapparatet makta kviler på. Ein del av valden dette regimet utførte handla om å undertrykke potensielle opposisjonelle, noko som kan forventast av eitkvart autoritært styre. Erobring av område med naturresursar er også ein type illegitim aktivitet som ikkje kan kallast korруpsjon (Reno, 1995b). Tilly hevdar jamvel at dei europeiske statsdanningsprosessane liknar organisert kriminalitet²³ (Tilly, 1985). Kva er det då som gjer dei ny-patrimonielle statane i Afrika meir korrupte enn sei Danmark-Noreg før 1660?

Bayart et al. sitt andre kriterium for kriminaliseringa av politikken, eksistensen av skjulte maktstrukturar rundt den offisielle statsmakta, seier noko om dette (Bayart et al., 1999: 25). Desse uoffisielle elitane utnyttar ”..the privatization of legitimate means of coercion” (Bayart et al., 1999: 20). Reno beskriv utviklinga av ”skuggestaten” i Sierra Leone. Skuggestaten er bygd på ei slik privatisering av valdsmakta og privat herredøme over dei materielle resursane. Slik kunne herskarane: ”become rich, control diverse avenues of illicit exchange and exercise considerable political power in spite of, or, more accurately, because of the collapsing formal state’s incapacity to reverse the sharp contraction of revenues” (Reno, 1995a: 2) Dei styrande vart mektigare medan den formelle staten var i forfall. Desse statane skil seg frå dei før-moderne europeiske, ved at dei gjev inntrykk av, eller byggjer ein fasade av ein byråkratisk stat. Elitane sin korruksjon er på denne måten mot den offisielle staten, dei formelle institusjonane. I Reno sin studie av Sierra Leone, gir eliten inntrykk av å drive ein stat, men brukar den i røynda berre som dekke for ei massiv utbyting (Reno, 1995a). Korruksjon vert slik ein sentral komponent i desse regima sin verkemåte, noko som også ser ut til å verte fanga opp empirisk. Forutan Reno sitt døme Sierra Leone, dreg Bayart et al. fram land som Senegal, Elfenbeinskysten, Gabon, Zimbabwe, Tanzania og Namibia som døme på *la politique du ventre*²⁴ (Bayart et al., 1999: 26). Transparency International sin

²³ Tilly identifiserer eliminering av ytre og indre rivalar, beskytting av klientane og ekstraksjon av midlar, som dei viktigaste aktivitetane for aspirerande europeiske statar (Tilly, 1985: 181).

²⁴ Ei anna nemning på politikk motivert av utbyting.

operasjonelle korupsjonsdefinisjon, misbruk av offentleg makt for privat vinning, let til å fange opp desse fenomena som korupsjon. Av dei nemnde landa var det i 2006, berre Namibia som fekk ein score over tre, i TI sin "Corruption Perception Index"²⁵ (Lambsdorff, 2006b; Transparency International, 2006).

Når dei formelle institusjonane knapt er eit uttrykk for den reelle statsmakta, har ein ikkje nokon pliktberar å vende seg til. Når den formelle statsmakta ikkje er stort meir enn ein fasade (Bayart et al., 1999; Reno, 1995a), vert menneskeretsrelasjonen på det nærmaste umogeleg. Systematisk korupsjon hindrar at realisering av rettar kan skje.

4.2.3 Korupsjon i institusjonar utan valdkapasitet

Davenport og Armstrong sin modell fortel at krenkingar og undertrykking vil skje når ein potensiell undertrykker har kapasitet til, og noko og tene på å drive undertrykking, samtidig som få faktorar hindrar slik framferd (Davenport & Armstrong, 2004). Døma over har synt korleis korupsjon har gjeve aktørar noko å tene på å misbruke ein openberr kapasitet til å krenke menneskes fysiske integritet. Fokus har vore på korupsjon i dei delane av statsmakta med direkte valdkapasitet. Samtidig vitnar hendingane om ein mangel på kontroll med dei undertrykkjande aktørane. Eit sterkt politiinspektørembete ville til dømes kunne ha teke opp kampen mot korupsjon i politiet. Gode institusjonelle kontrollmekanismar vil ofte føre til auka ansvarleggjering (Schmitter, 2004; Strøm, 2000). Korupsjon vil ha motsett verknad. Dersom politiinspektøren også er korrupt, vil det gjere kontrollen med politiet mindre effektiv. Kva skjer då om politiinspektøren sin sjef er korrupt? Eller justisministeren, eller dei leiande politikarane?

Dersom dei som skal kontrollere politiet sjølv er korrupte, vil det føre til færre hindringar for politiets framferd, både med omsyn til korupsjon og fysiske overgrep. Korupsjon i eit system vil kunne føre til ei generell svekking av kontrollmekanismar, også oppover. For Italia finn til dømes della Porta og Vannucci at "Bureaucratic corruption, in fact, reduces the risks for corrupt politicians by reducing the efficacy of controls" (Della Porta & Vannucci, 1999). Korupsjon framstår slik som eit sjølvforsterkande problem, der korupsjon leier til dårlegare kontroll, som igjen gjev meir korupsjon. På dette grunnlaget skil dei to forklaringsmodellane for undertrykking seg. Poe er oppteken av regime sine val, og ser eit

²⁵ Indeksen går frå 0 til 10, der 10 tilsvarer minst korrupt. Namibia scora i 2006 4,1.

effektivt og viljug byråkrati som ein føresetnad for å kunne undertrykke, eller ein variabel som ”.. Affect the Alternatives on Decisionmakers’ Menu” (Poe, 2004: 25-26). Problemet er at denne modellen ikkje fangar opp mekanismane som opererer når det ikkje er regime *per se*, men ein agent som står for undertrykkinga. Davenport og Armstrong sin modell tek også utgangspunkt i regime, men let seg overføre til ein agent. Då vil eit effektivt byråkrati kunne opptre som eit hinder for undertrykkande aktivitet. Korruption vil redusere dette hinderet ved å svekke effektiviteten og dei kontrollmekanismane eit ideelt system inneber.

Jamvel om det er grunn til å tru at korruption i byråkratiet generelt vil svekke kontrollen med potensielt undertrykkande agentar, er det også grunn til å rette eit særleg fokus mot rettslege institusjonar. Dersom det er den juridiske karakteren som gir menneskerettane kraft (framfor vase ideal om menneskeverdet, Donnelly, 2003), vil velfungerande domstolar vere ein føresetnad for realisering (sjå Epp, 1998). Empiriske studiar støttar dette. I ein tverrsnitttidsseriestudie finn Keith at, mellom ein del andre juridiske variablar, ”The constitutional provisions for fair and public trials [...] clearly the most univerally applicable provisions in protecting personal integrity rights (Keith, 2004: 175). Om vi nyttar menneskerettsralsjonen som rammeverk kan domstolen vere staden å reise sak når staten (B) har svara negativt på eit krav til ein rett (frå A). I eit uavhengig rettssystem kan sosiale menneskerettsrørsler kan vinne fram, når dei politiske kanalane verkar å vere meir lukka (sjå til dømes Gargarella, Domingo, & Roux, 2006; Langford, 2008; Skaar, 2007; Skaar, Gloppen, & Gargarella, 2004; Wilson & Rodriguez Cordero, 2006).

Korruption vil kunne stå i vegen for dette på minst to måtar. I sin 2008- rapport klagar Amnesty International staten Moldova for å ikkje greie å verne vitne i trafikkeringsaker mot organiserte kriminelle grupper (Amnesty, 2008). Rapporten hevdar ikkje at korruption er årsaka her, men såkalla omfordelande korruption²⁶ vil kunne ha den effekten. Omfordelande korruption tyder at tredjepartar bestikk tenestefolk, for å få vridd avgjerder i sin favør (Amundsen, 1999). Det er ei vidt halden oppfatning at kriminelle organisasjonar brukar slike bestikkingar for å få drive i fred (Buscaglia & Dijk, 2003; Chêne, 2008; Della Porta & Vannucci, 1999). Når vi også veit at ekstrem vald også er ein del av slike organisasjonars *modus operandi*, er det grunn til å tru at deira bestikkingar av rettstenestemenn vil leie til fysiske overgrep (sjå Chêne, 2008: 2). Den bestikkande tredjeparten kan også vere ein annan

²⁶ Den forma for korruption der staten er den svake parten, jamfør kapittel 3.

statleg agent. Konklusjonen blir i alle høve at eit korrupt rettsapparat ikkje vil greie å beskytte individet mot krenkingar av sin fysiske integritet.

Den andre måten korruption i rettsvesenet kan stå i vegen for realisering av rettar, gjeld såkalla utbytande korruption. Dette tyder at ein offisiell tenesteperson utnyttar si overlegne stilling til å *krevje* bestikkingar (Amundsen, 1999). I ein studie av Costa Rica, held Wilson og Cordero fram den positive effekten av "the low access costs for filing cases and the opportunity to repeatedly file cases (Wilson & Rodriguez Cordero, 2006: 327). For det italienske tilfellet finn della Porta og Vannucci at det å kunne utsette ei avgjerd eller ei hending er eit viktig verkty for ein korrupt tenestemann (Della Porta & Vannucci, 1999). Ved å krevje bestikkingar for å late ei sak komme opp, kan korrupte tenestefolk innan rettsvesenet hindre folk utan resursar i å få prøve si sak, eller i alle høve auke tilgangskostnadane. Dette vil gjere den rettslege kontrollen med einkvar aktør med kapasitet til å undertrykke mindre effektiv, og slik auke sjansen for at krenkingar vil skje.

Korruption kan dermed inkorporerast i Davenport og Armstrong sin modell på to måtar. For det første vil korruption gi statlege agentar med kapasitet til å utføre vald (slik som politi og militærvesen), eit insentiv til å misbruке denne makta, og utføre fysiske overgrep. Der korruption er utbreidd vil overgrep og trugsmål om overgrep kunne vere lønsamt for agentane. For det andre vil korruption i heile systemet (men særleg i den rettslege greina) føre til mindre og færre hindringar for at slike overgrep kan skje, ved at korruption underminerer kontrollmekanismane. Dette leier til følgjande hypotese:

H1: Korruption fører til brot på menneske sin rett til fysisk integritet

4.3 Er effekten regimeavhengig?

Ein annan måte å lese argumentet så langt, er som ein logisk "og"- funksjon (Caramani, 2009; Clote & Kranakis, 2002). Vi kan sei at realisering av retten til fysisk integritet er avhengig av både eit velmeinande regime *og* ein ikkje-korrupt, "rein" agent. Andre kombinasjonar av desse variablane vil føre til krenkingar. Dersom regimet er velmeinande, vil korrupte agentar, til dømes eit korrupt politi, hindre realisering av menneskes rettar. Eit reint politi vil også føre til undertrykking, dersom det fungerer som reiskapen til eit undertrykkjande regime. For Poe er lydige agentar til og med ein føresetnad for at eit

undertrykkjande regime *kan* undertrykke (Poe, 2004: 26). Likevel peikar litteraturen om dei ny- patrimonielle statane på at eit undertrykkjande regime og korrupte agentar (logisk 0 på begge variablar) også vil føre til krenkingar. Men kan det finnast tilfelle der ”two evils make a good”?

Slik resonnering bør ha ein utforskande karakter, og eg vil nøye meg med å stille opp eit plausibelt (i motsetnad til sannsynleg) resonnement. Gardiners døme om den korrupte nazi-offiseren, som tok i mot ei bestikking for å la ein jødisk mann få sleppe over grensa og emigrere, kan tene som utgangspunkt. Etter Gardiners meining ville ei slik handling ikkje vore korrupsjon, dersom det felles gode (common good) skulle vere standarden for normativ oppførsel²⁷. Sidan nazistane sine lover så til dei grader var i mot det felles gode, ville det ikkje kunne karakteriserast som korrupt bryte dei, og samtidig berge ein mann frå overhengande fare for store lidingar (Gardiner, 2002). I prinsipal- agentmodellen vil dette likevel vere korrupsjon, sidan denne offiseren må vere å betrakte som ein agent for (eit brutal, undertrykkande) regime²⁸. Denne korrupte handlinga vil likevel kunne betraktast som positiv i høve til dennemannens rettar, i og med at han fekk moglegheita til å sleppe den grufulle undertrykkinga nazistane sto for (skjønt det beste ville vore å sleppe å betale for det). I dette tenkte tilfelle førte ei korrupt handling til at eit menneskes menneskerettar kunne realiseraast. Er dette eit plausibelt døme?

Teoretisk kan vi bruke Gerbers og Mendelsons politimodellar for å stille opp eit argument. Dei lanserte omgrepet ”rovdyrpolit” som ein erstatning for klassiske modellar, der politiet er så infisert av korrupsjon, at det vert definerande for deira operasjonsmodus, dei vert primært valdelege utbytarar (Gerber & Mendelson, 2008). Der dette ikkje er røynda kan likevel dei klassiske modellane ha noko føre seg. Desse seiar at politiet i demokratiske rettstatar vil vere ein beskyttar av det felles gode, i rettssamanheng ein ”beskyttelsesagent”, og i autoritære statar vil vere ein undertrykkingsagent for den styrande eliten (Gerber & Mendelson, 2008; Weitzer, 1995). Kan desse typane korrumpera utan at vi kan kalle dei rovdyrpolit? I så fall vil vi på den eine sida ha eit demokratisk, beskyttande politi som er korrupt. Dette vil logisk føre til dårlagare vern, og som ein konsekvens, lågare respekt for menneskerettar.

²⁷ Nye definerte korrupsjon som ei form for brot med handlingsnormer (Nye, 1967).

²⁸ Eg vil også argumentere for at dette er korrupsjon i Gardiners ”felles gode”- perspektiv, sidan offiseren tok betalt for eit gode denne mannen hadde rett på.

På den andre sida vil vi få eit autoritært, undertrykkande politi som er korrupt. Korleis vil dette arte seg? Eit alternativ er å tenke langs linjene til klassiske undertrykkingsmodellar, som fokuserer på regime som einskapleg aktør. Føl vi Poe sin modell vil korruption på den eine sida kunne oppfattast som eit trugsmål, og dermed som noko som kan utløyse valdeleg undertrykking. På den andre sida vil korruption i valdsmakta vil gjere undertrykking til eit vanskelegare alternativ for regime (Poe, 2004). I høve til Davenport og Armstrongs modell kan vi sei at korruption gir eit regime insentiv til å sette i verk valdelege sanksjonar, samtidig som det negativt påverkar regimes kapasitet til å gjere nettopp det (Davenport & Armstrong, 2004). Korruption er eit indre trugsmål, medan modellane rettar seg mot press frå ein opposisjon, som ikkje er regime sjølv. Modellane kan med det like gjerne takast til inntekt for ein prediksjon om at korruption vil auke respekten for fysisk integritet, sidan kapasiteten til undertrykking (eller regimes meny av handlingsval) vert svekka. Eit problem med denne tenkemåten er igjen at den ikkje tek høgd for kompleksiteten i eit statsapparat. Fordi om eit fenomen er dårleg for eit undertrykkande regime, er det dermed sagt at det er bra for innbyggjarane? Som vi har sett kan korruption vere eit brotsverk både mot regime og mot folket. Slik kan respekten for menneskerettar vere uforandra. Det einaste som er endra er motivet for undertrykkinga (agentane si korrupte eigennytte, i staden for regimets minoritetsinteresser). Her er det omsyn som talar i begge retningar. Vi kan bli klokare på dette forholdet gjennom å empirisk teste:

H2: Korruption vil ha ein positiv eller mindre negativ effekt på respekten for fysisk integritet i statar som ikkje er demokratiske.

Denne hypotesen tek ikkje omsyn til det vi veit om rovdyrstatane. Som omtala over er dette ustabile, udemokratiske statar, der korruption spelar ei viktig rolle i undertrykking og utbyting (Bayart et al., 1999; Fatton, 1992, 2002; Reno, 1995a, 1995b, 1998, 2001; Sardan, 1999). Det kan vi gjere, dersom vi flyttar kuttpunktet, skiljet mellom regime der korruption er rekna som udelt negativt for respekten for fysisk integritet, og dei regima der det også kan vere positivt, jamfør argumentasjonen over. Eit av kjenneteikna ved dei typiske rovdyrstatane, er at dei er ustabile. Vi kan dermed skilje dei frå andre autoritære regime ved å teste:

H3: Korruption vil ha ein positiv eller mindre negativ effekt på respekten for fysisk integritet i konsoliderte autokrati, enn i andre statar.

Antakinga er då at korruption vil ha ein negativ effekt både i demokratiske og ustabile, ikkje-demokratiske land. Den positive effekten vil derimot kunne oppstå i land der eit autoritært regime har eit stabilt grep om makta og om samfunnet.

4.4 Oppsummering av teorien

I dette kapittelet har eg synt at fenomenet korruption er eit brot med menneskeretsrelasjonen. Eg har argumentert for at korruption vil føre til lågare respekt for fysisk integritet på minst to vis. Først ved at det påverkar insentiva til statlege agentar som har valdskapasitet; det vert lønnsamt å undertrykke. Dernest ved at korruption hemmar dei systematiske mekanismane som elles kunne ha avgrensa undertrykkande åtferd. I siste del har eg også utforska spørsmålet om korruption kan ha ein regimeavhengig effekt på respekten for fysisk integritet. Før dei hypotesane som er stilt opp her vert undersøkt, i kapittel 6, vil eg i neste kapittel (5) gjere greie for metoden og datagrunnlaget for den empiriske analysen.

5 Metode og data

”As the true method of knowledge is experiment the true faculty of knowing must be the faculty which experiences” (Blake, 1994 [1788]: 34).

Utan å gå god for heile Blake sitt empiristiske grunnsyn, synast det klårt at eit empirisk spørsmål treng ei empirisk undersøking, for å få svar. I dette kapittelet vil eg gjere greie for korleis denne skal utførast. Kapittelet har tre hovudelement. I første del vil eg grunngje valet av metode, og sette opp korleis analysane skal gjennomførast. Eg vil nytte multippel regresjonsanalyse med interaksjonsmodellar. I andre del vil eg drøfte dei ulike datakjeldene, medan tredje del av kapittelet gjer greie for utvalet på 161 land.

5.1 Kvantitativ metode

5.1.1 Grunngjeving av metode

I denne undersøkinga nyttar eg multippel regresjonsanalyse og interaksjonsmodellar for å kaste lys over samanhengen mellom korruption og brot på menneskerettane til fysisk integritet. Valet av ein slik kvantitativ framgangsmåte skuldast i hovudsak denne metodens styrke i høve til å sei noko generelt, ”spørsmålet er ikke bare hvorfor noe er slik, men hvorfor noe *generelt* er slik” (Midtbø, 2007: 18). Ei rekke forhold gjer likevel at valet ikkje er opplagt.

Kompleksiteten i dei fenomena som vert undersøkt talar for at kvalitativ undersøking vil vore verdifull. Kvalitative undersøkingar evnar i større grad å grave i djupna på dei samanhengane vi studerer (George & Bennett, 2005; King, Keohane, & Verba, 1994; McKeown, 1999). Della Porta og Vannucci baserte til dømes sin studie av korrupte bytehandlar i Italia på granskning av rettsdokument frå *mani pulite*- aksjonane (Della Porta & Vannucci, 1999). Den teoretiske argumentasjonen i denne oppgåva har bygd mykje denne undersøkinga, og samtidig foreslått nye samanhengar som gjerne skulle vore granska i djupna. Ved å intervjuer politifolk og folk som har hatt kontakt med politiet i Russland eller Latin-Amerika kunne ein til dømes kartlegge kva rolle korruption har i dei overgrepa som skjer. Mot dette står at det teoretiske argumentet er bygd på døme frå ulike delar av verda, og ulike deler av ei statsmakt. Bakgrunnen for denne tilnærminga er innbakt i det første spørsmålet i denne oppgåva. Eg vil

undersøke om det er ein samanheng mellom korruption og menneskerettsbrot som er generell, og ikkje avhengig av kontekst? Det krev meir enn døme frå ulike verdsdelar, og talar for ei ”brei” kvantitativ tilnærming.

Mellan fordelane ved ein kvantitativ tilnærming dreg Landman fram ”.. the extensive coverage of cases,” og ”the ability to make strong inferences” (Landman, 2002: 897). Mitt mål er å kunne gjere ein kausal inferens ved å dekke eit stort tal einingar, i ei multippel regresjonsanalyse. Midtbø hevdar at dette er ”en teknikk som overgår alle andre statistiske teknikker i de aller fleste henseender” (Midtbø, 2007: 11). Teknikken skil seg frå enklare statistiske teknikkar ved å inkludere fleire forklaringsvariablar samtidig, og slik gi meir fullstendige forklaringar. I denne oppgåva vil det sei at vi kan undersøke effekten av korruption, samtidig som vi inkluderer kjende forklaringsvariablar for undertrykking og menneskerettsbrot. Ei multippel regresjonsanalyse vil presist kunne beskrive effekten av korruption, medan andre variablar er haldne konstant. For Lijphart er denne *ceteris paribus*-føresetnaden ”vital to all empirical generalizations [...] one cannot be sure that a relationship is true unless the influence of other variables is controlled²⁹” (Lijphart, 1971: 683). Vidare kan vi ”lese av forklaringsvariablene relative betyding” (Midtbø, 2007: 97). Slik kan vi jamføre korruptionseffekten med effekten av andre variablar. Endeleg kan vi ved hjelp av multippel regresjonsanalyse jamføre grupper av variablar (Midtbø, 2007: 97). Vi kan slik til dømes undersøke den relative tydinga av politiske i høve til økonomiske variablar. Eit anna moment er såkalla utliggarar, tilfelle med ”*a unique combination of characteristics identifiable as distinctly different from the other observations*” (Hair, Black, Babin, Anderson, & Tatham, 2006: 73). Landman held det for å vere ein fordel med kvantitative studiar generelt, at dei kan identifisere utliggarar, samtidig som Ragin peikar på at ein med ei multippel regresjonsanalyse kan gjere inferensar sjølv om utliggarar eksisterer, sidan slike analyserer er probabilistiske; ein treng ikkje gjere greie for kvart einaste tilfelle (Landman, 2002; Ragin, 1987).

Argumentet for ei kvalitativ tilnærming vert likevel igjen sterkare når vi kjem til del to av problemstillinga. Spørsmålet er her om korruption kan verke på motsatt vis i autoritære eller totalitære regime. Teorien stiller opp nokre mekanismar for korleis dette kan vere tilfelle. Ifølgje Elster er kausale mekanismar ”.. frequently occurring and easily recognizable causal

²⁹ Lijphart hevdar derimot ikkje at denne føresetnaden er avhengig av at ein brukar statistisk metode.

patterns that are triggered under generally unknown conditions or with intermediate consequences” (Elster, 1998: 45). Han argumenterer slik for å studere sosial fenomen på eit så lågt nivå som mogeleg, eller ”... in terms of their individual components” (Elster, 1998: 47). Prosessporing er ein slik kvalitativ teknikk som går ut på å følgje kvart ledd i ein årsakssamanheng tett, frå ein eller fleire årsaker, via ulike interaksjonar, til ein verknad (George & Bennett, 2005). Eit feltstudium i eit totalitært land kunne slik avsløre om det korruption kan verke fremjande på menneskes fysiske rettar. Fungerer korruption verkeleg som ei motvekt som lettar regime sin kontroll over individua? Problem med denne tilnærminga er at den er vanskeleg å gjennomføre. Eit slikt prosjekt ville vere vanskeleg å gjennomføre innanfor rammene for eit master- oppgåve, og om det let seg gjere ville vi framleis hatt avgrensingar i høve til å generalisere kunnskapen. Dersom vi fann korruption kunne tene folk sine fysiske rettar, og at mekanismane var knytt til landet sine eigenskapar som totalitært, ville det vere eit argument for å kunne overføre konklusjonane til andre ”tilfelle av det same”, altså andre totalitære land (sjå Mahoney, 2003; Rueschemeyer, 2003; Skocpol, 2003).

I ei regresjonsanalyse kan vi derimot inkludere alle dei totalitære statane, så sant vi har data om dei. Multippel regresjonsanalyse let oss ikkje studere heile rekka av samanhengar i årsaksforholdet. I staden er det den direkte samanhengen mellom ein avhengig, og to eller fleire forklaringsvariablar som vert rekna ut (Hair et al., 2006). Ved å inkludere ein interaksjonsmodell kjem vi likevel nærare mekanismane. Brambor, Clark og Golder hevdar at ”Analysts should use interaction models whenever the hypothesis they want to test is conditional in nature” (2006: 64). Hypotese H2 og H3 er kondisjonelle sidan dei føreset at effekten av korruption på respekten for fysiske rettar er avhengig av regimetype. Ein interaksjonsmodell kan teste effekten av korruption gitt ulike verdiar av ein regimevariabel.

5.1.2 Kva skal gjerast?

Multippel regresjonsanalyse er ein teknikk vi kan bruke til å beskrive fleire metriske, uavhengige variablar sin innverknad på ein metrisk avhengig variabel³⁰. Ein multivariat regresjonsmodell kan uttrykkjast slik:

$$Y = a + b_1X_1 + b_2X_2 \dots b_kX_k + e$$

³⁰ Ein kan bruke ikkje-metriske uavhengige variablar, ved å kode dei som dummyar (Hair et al., 2006: 176)

Denne beskriv forholdet mellom ein avhengig variabel, Y, eit konstantledd, a, og eit tal, k, uavhengige variablar. Restleddet, eller residualen, e, syner til skilnaden på verdien av den avhengige variabelen, Y, og den predikerte verdien, \hat{Y} . Koeffisientane, b, syner til den effekten kvar ei einings endring i ein uavhengig variabel vil ha på den avhengige variabelen, når dei andre uavhengige variablane er haldne konstant (kontrollerte for). Minste kvadratprosedyren (OLS) går ut på å rekne ut desse slik at summen av dei kvadrerte residualane vert minimert. Dette vil sei å finne den regresjonslinja som best høver med data (Midtbø, 2007: 98-99; Pennings, Keman, & Kleinnijenhuis, 2006: 153).

I denne oppgåva vil eg bruke multippel regresjon for å teste hypotesar om kva som fører til krenkingar av menneskes fysiske integritet. Eg vil gjere ei tverrsnittanalyse av 163 land, i året 2006. Valet av år kjem av at det er det siste året eg finn høvelege data for. Valet av eit tverrsnitt for eitt år krev ei noko djupare drøfting. Målet er å gjere ein kausal inferens. Sidan ei årsak kjem før ein verknad, i tid, vil ei tidsserieanalyse kunne sei noko meir sikkert om eit årsaksforhold, enn eit tverrsnitt kan. Grunnen til at ein tverrsnittstrategi er valt byggjer på eigenskapar med dei data eg har tilgjengelege på forklaringsvariabelen korruption, som er Transparency International (TI) sin Corruption Perception Index (CPI) (Lambsdorff, 2006b). Dette vil eg uteie vidare nedanfor, når eg granskar dei ulike datakjeldene.

Regresjonsmodellen vil verte bygd opp stegvis. Eg vil først sette opp ein modell som inneholder dei kjende forklaringsvariablane for krenkingar av fysisk integritet. Steg to vert å inkludere korruptionsvariabelen. Eit første mål på om korruption kan ha forklaringskraft, vil vere om den justerte forklarte variansen aukar³¹, som følgje av at korruption vert inkludert. Steg tre rettar seg mot hypotese 2 og 3, og går ut på å inkludere interaksjonstermar. Med ein interaksjonsmodell kan vi undersøke om sjølv effekten av ein uavhengig variabel, X, på ein avhengig variabel, Y, er avhengig av ein tredje variabel, Z. Vi måler altså den effekten X har på Y, gitt ulike verdiar av Z. Formelt kan modellen skrivast slik:

$$Y = \beta_0 + \beta_1 X + \beta_2 Z + \beta_3 XZ + \epsilon$$

³¹ Til skilnad frå forklart varians, som har ein tendens til alltid å auke når ein inkluderer fleire variablar, vil justert forklart varians kunne ”straffe” for store modellar (Midtbø, 2007: 105). God skikk synast å vere og også oppgi standard error of the estimate (SEE), som eit andre mål på kor passande modellen er (Krueger & Lewis-Beck, 2007).

X og Z er dei konstituerande ledda i modellen. Produktet av dei to variablane XZ utgjer interaksjonsleddet. Det er viktig å vere tydeleg på at X er forklaringsvariabelen, medan Z utgjer det kondisjonale forholdet. Dette bør vidare kodast som ein dummy, slik at kondisjonen anten er oppfylt eller ikkje (Brambor et al., 2006). H2 hevdar at effekten av korruption på fysisk integritet er avhengig av om regime er demokratisk eller ikkje. Dette kan testast med å legge inn ein dummyvariabel, Z, for regime, med verdiane (1) demokratisk og (0) ikkje demokratisk. H3 føreset at effekten av korruption er avhengig av at landet ikkje er totalitært. På same vis kan vi då legge inn ein kondisjonsvariabel, Z, der 1 tyder ikkje totalitært og 0 tyder totalitært.

Jamvel om OLS regresjonsanalyse er ein robust teknikk, med omsyn til støy, er det viktig å vere merksam på kjelder til bias i resultata. Pennings et al. (2006) trekkjer fram desse: (1) Utliggarar er ei nemning for einskildobservasjonar som skil seg markert frå dei andre observasjonane. På denne måten vil det få uforholdsmessig stor innverknad på regresjonskoeffisienten. (2) Multikollinearitet vil sei at det er så stor likskap mellom to eller fleire forklaringsvariablar at det vert vanskeleg å avgjere effekten av kvar av dei. (3) Heteroskedastisitet tyder at variansen på restledda er markert større for nokre verdiar av ein avhengig variabel enn for andre. Dette tyder på at variabelen teiknar eit tendensiøst bilet av røynda. (4) Autokorrelasjon er ofte eit problem i tidsserieanalysar. Det inneber at observasjonane på ulike tidspunkt ikkje er uavhengige av kvarandre. Resultatet blir at "The number of independent observations is in fact smaller than the number of time periods" (Pennings et al., 2006: 158). Gjennom grundige uni- og bivariate granskningar av data vil vi kunne få tidlege peikepinnar på om slike problem er tilstades. Utliggarar og heteroskedastisitet er dessutan problem som "become immediately evident with simple graphic representation" (Cohen, 1990: 1305).

5.1.3 Statistiske mål

Ein modell sin forklarte varians (R^2) er eit mål på kor mykje av spreiinga i avhengig variabel som vert forklart av dei uavhengige variablane. R^2 spenner frå 0 (ingenting) til 1 (alt). Eit problem med dette målet er at verdien alltid vil auke når vi inkluderer fleire variablar, sjølv om desse ikkje er statistisk signifikante. Målet justert forklart varians kompenserer for dette, og er difor det målet eg vil nytte for å vurdere ein modell si forklaringskraft. I dei tilfella det vert synt til endringar i justert forklart varians, som følgje av at variablar er lagt til eller fjerna,

vil eg også gjere ein F-test. Denne måler om ei endring i forklart varians, som følgje av at variablar er lagt til, eller fjerna, er signifikant ulik 0 (Grønmo, 2004; Hair et al., 2006; Midtbø, 2007; Pennings et al., 2006).

Kvar variabel sin signifikans kan undersøkast ved ein t-test, som går ut på å dele variabelens koeffisient med standardavviket. Ein t-verdi har ein tilhøyrande f-verdi, som gir sannsynet for å få ein gitt t-verdi om 0-hypotesen er rett, og det ikkje er nokon samanheng mellom uavhengig og avhengig variabel. Eg vil nytte p-verdien til å vurdere signifikansen, sidan denne er intuitivt lettast å tolke; verdiar ned mot 0 tyder på ein statistisk signifikant samanheng. Det er vanleg og sette ein p-verdi på .05³² som øvre grense for kva som vert rekna som signifikant. I store utval er ein ofte strengare (.01 eller .001), sidan større utval lettare gjev signifikante resultat. Av same grunn vil ein i små utval ofte vere mindre restriktiv enn .05. Utvalet her er på 161 observasjonar, noko som best kan karakteriserast som mellomstort. Eit signifikansnivå på .05 synast derfor å vere høveleg. Der er likevel ikkje sterke argument for kvifor ein endring i signifikansnivået frå .05 til .06 skulle vere svært mykje viktigare enn ei endring frå .04 til .05 (Gelman & Stern, 2006). Eg vil difor handsame alle grensetilfelle individuelt, dersom dei skulle oppstå. Variablane sin substansielle effekt kan tolkast ut frå deira helningskoeffisientar. B-verdien fortel kor stor verknad ein einings endring på forklaringsvariabelen har på den avhengige variabelen, når andre forhold er haldne konstant. Sidan ulike forklaringsvariablar er målt på ulike typar skalaer kan desse koeffisientane ikkje samanliknast. Å samanlikne (effekten av) ei einings endring på korruptionsindeksen med, til dømes, ein prosents endring i eit lands folketal gir ikkje mening. Til å samanlikne effekten av forklaringsvariablane, nyttar eg difor dei standardiserte koeffisientane, beta (Grønmo, 2004; Hair et al., 2006; Midtbø, 2007; Pennings et al., 2006).

5.2 Datakjelder

Sartori tala for eit særlig medvit i arbeidet med talfeste sosiale fenomen, med spissformuleringa "what makes a statistical treatment theoretically significant has nothing to do with statistics" (Sartori, 1970: 1037). I dei neste avsnitta vil eg spesifisere korleis variablane vert målt. Målet er å finne fram til data som er pålitelege, let seg samanlikne og ikkje minst er valide, i den forstand at dei faktisk måler dei fenomena eg ønskjer å undersøke.

³² Vi seier gjerne eit signifikansnivå på 95 prosent, sidan det er 95 prosent sikkert at 0-hypotesen er feil dersom vi møter dette målet.

5.2.1 Å måle fysisk integritet

Å måle respekten for fysisk integritet ligg under den vidare kategorien av datatilfang som på ulike vis måler menneskerettar. Ifølgje Landman baserer slike målingar seg på fire antakingar. Den første seier at summen av internasjonal menneskerettslovgiving dannar ein ideell standard vi kan jamføre med, til tross for "... the absence of strong philosophical foundations for the existence of human rights"³³ (Landman, 2004: 910). Antaking nummer to hevdar at krenkingar har vorte, og blir utført av statlege, og ikkje-statlege aktørar. Den tredje seier at vi kan vite noko om dette sidan offer for krenkingar kan komme med informasjon og vitnemål, samtidig som menneskerettsarbeidarar, NGOar, statlege og internasjonale organisasjonar kan sette opp standardiserte mekanismar for å handtere slik informasjon. Fjerde og siste antaking; mønster i krenkingar betyr at menneskerettar er meir eller mindre beskytta, og at dette "meir eller mindre" kan målast (Landman, 2004: 4-5). Menneskerettar kan slik målast på tre hovudmåtar. Menneskerettar kan målast (1) prinsipielt, slik som lands deltaking i internasjonale menneskerettsregime eller korleis ulike konstitusjonar beskytta menneskerettar. Dei kan også målast (2) i praksis, slik som kvalitative vurderingar, eller kvantitative skalaer over korleis menneskerettar er realisert i ulike land. Menneskerettar kan endeleg målast (3) som resultat av konkret politikk, slik som benkemerking og vurderingar av korleis ein greier å nå konkrete mål (Landman, 2004: 211; sjå også Würth & Seidensticker, 2005). Tabell 3.1 oppsummerar dei ulike måtane, basert på Landman si klassifisering.

Tabell 5.1 Ulike målingar av menneskerettar (MR)

	I prinsippet	I praksis	Som resultat av policy
Måler kva?	1. Målingar av statars tilknyting til regionale og internasjonale instrument. 2. Målingar av nasjonale konstitusjonar og korleis dei beskytta MR	1. Kvalitativ rapportering av krenkingar. 2. Kvantitative teljingar av MR-brot 3. Surveydata om oppfatningane av MR-situasjonen i eit land. 4. Skalaer som bedømmer MR-situasjonen i eit land opp mot normative standardar.	1. Individuelle og aggregerte målingar som kartlegg resultat av konkret politikk.

(Kjelde: Landman, 2004)

³³ Sett i lys av diskusjonen i kapitel 2, kan dette synas tein streng påstand. Det kjem også an på kva som meinast med "sterke". Det vesentlege er i alle høve kva juridiske forordningar gir oss, ikkje kva dei filosofiske ikkje gir.

Kva statar og regime seier og kva dei faktisk gjer treng ikkje vere det same. Her vil eg undersøke statlege aktørars faktiske respekt for borgarane sin fysiske integritet (kva dei gjer), ikkje i kva grad dei lovar å respektere den, gjennom konvensjonar og konstitusjonar (kva dei seier). Det interessante i denne samanhengen er difor menneskerettar i praksis. Innanfor denne gruppa er dei to første såkalla event-baserte data. Det betyr at dei er baserte på beskrivingar eller teljingar av konkrete menneskerettsbrot. Denne typen data har sin styrke ved å rapportere hendingar direkte. Det er ofte NGOar og andre typar organisasjonar som står bak slik dokumentering. Forsythe peikar på at dette kan styrke reliabiliteten til slike data, sidan det er i desse organisasjonane si interesse å skaffe seg eit ry for presis og korrekt rapportering; berre slik vil dei kunne få innverknad hos dei som utformar politikk (Forsythe, 2006: 166-167). Slike data er derimot ikkje så lett samanliknbare på tvers av land med ulik storleik. Surveydata av korleis menneskerettssituasjonen vert oppfatta er meir samanliknbare. Samtidig kan ein stille spørsmål ved validiteten ved slike data, sidan ein ikkje måler fenomenet direkte, men subjektive oppfatningar av fenomenet. Kategori fire av MR-i-praksismålingane kan kallast standardbaserte data. Desse brukar event-baserte data til å bedømme i kva grad eit land lever opp til dei standardane som er gjevne av internasjonale konvensjonar om menneskerettar. Landa får ein karakter, som gjev rom for samanlikning.

5.2.2 Avhengig variabel: CIRI fysisk integritet

Som mål på den avhengige variabelen har eg valt å bruke The Cingranelli-Richards (CIRI) Human Rights Dataset sin indeks for fysisk integritet (Cingranelli & Richards, 2009). Dette er eit standardbasert datasett. Til liks med ei anna mykje brukt datakjelde, The Political Terror Scale (PTS), er datasettet bygd på informasjon frå Amnesty International og det amerikanske utanriksdepartementet sine landrapportar om respekten for menneskerettar. Desse kvalitative beskrivingane av einskilde land er så vurdert opp mot ein standard, slik at ein kan sette ein karakter, og rangere landa (Cingranelli & Richards, 2008c; Gibney et al., 2008).

CIRI sin variabel Fysisk Integritet er ein index sett saman av fire variablar: Den første, forsvinningar, er ”cases in which people have disappeared, political motivations seem likely, and the victims have not been found” (Cingranelli & Richards, 2008c: 3). Den andre, illegale drap (”extrajudicial killing”), er tilfelle av drap utført av statlege aktørar utan nokon rettsprosess og drap utført av sivile aktørar, dersom desse vert etterforska av regjeringa. Dette syner at datasettet fangar opp statens rolle som beskyttar, og ikkje berre som potensiell

grenkar av rettar. Den tredje er politiske fengslingar, medan den siste variabelen er tortur. Alle variablane er koda slik at land med meir enn 50 tilfelle av ei krenking i løp av eit år³⁴ vert koda som "0" ("frequent violations"), mellom 0 og 50 tilfelle vert koda som "1" ("some violations") medan ingen tilfelle vert koda som "2".

Ved å bruke ei Mokken skalaanalyse (MSA) byggjer Cingranelli og Richards ein nippunkts skala for fysisk integritet, der "0" svarer til ingen respekt for dei fire rettane, medan "8" tilsvarer full respekt. Med denne teknikken greier dei å spesifisere ikkje berre det samla nivået, men også sekvensen, sannsynet for at den einskilde retten skal verte krenka, og mønsteret, korleis kombinasjonen av respekt for dei fire rettane vil sjå ut, gitt ein verdi på den samla skalaen. Cingranelli og Richards finn til dømes det mest sannsynlege mønsteret for verdien "3" på fysisk integritetskalaen er full respekt for retten til ikkje å forsvinne ("2" på den variabelen), delvis respekt i høve til illegale drap ("1") og ingen respekt i høve til dei to variablane politisk fengsling og tortur (Cingranelli & Richards, 1999, 2008a, 2008c). På dette området skil CIRI seg frå The Political Terror Scale, som berre gir ein fempunkts skala som ikkje tek omsyn til sekvens og mønster (Cingranelli & Richards, 1999; Gibney et al., 2008). Cingranelli og Richards argumenterer også for at fysisk integritet er eit eindimmensjonalt fenomen ved å vise til ein H-verdi på .59. H-verdien i Mokken skalaanalyse er eit mål på homogeniteten i skalaen. Verdiar mellom 5 og 6 vitnar om eit sterk skala³⁵ (Gillespie et al., 1987; Mokken, 1971). Sidan eg nyttar data frå 2006 er av interesse å kontrollere skalabiliteten på nytt. Eg vil difor gjennomføre ein Mokken skalaanalyse av indeksen fysisk integritet. Medan dei andre analysane er utført i SPSS, gjer programmet for Mokken skala, MSP, det naudsynt å nytte Stata til denne analysen³⁶.

5.2.3 Forklaringsvariabelen korrupsjon

Eg vil bruke Transparency International sin Corruption Perception Index (CPI) som mål på korrupsjon. I høve til klassifiseringa over er dette surveybaserte data. Denne kompositindeksen er sett saman av ulike undersøkingar der ekspertar vurderer eit lands

³⁴ Eininga i datasettet er land-år.

³⁵ Antakinga er at homogenitet mellom bestanddelane ("items") av skalaen tyder på at dei ulike delane representerer det same underliggende fenomenet. MSA gir tre koeffisientar for skalabilitet. Hij står for homogenitet mellom par av bestanddelar, Hi står for homogenitet mellom ein einskild bestanddel og resten av skalaen, medan H representerer homogeniteten i heile skalaen (Gillespie, Tenvergert, & Kingma, 1987: 399; sjå også Kingma & Taerum, 1989; van Schuur, 2003).

³⁶ MSP er ein tilleggsmodul for Stata (Sijtsma, Debets, & Molenaar, 1990; van Abswoude, Vermunt, Hemker, & van der Ark, 2004).

korruptionsnivå. Kva undersøkingar som konstituerer indeksverdien varierer frå land til land, men ein CPI-verdi vert ikkje rekna ut på bakgrunn av færre enn tre kjelder. Felles for desse undersøkingane er at dei alle gir ein ranking av fleire land, og dessutan måler korruptionsnivået, fristilt frå andre fenomen. Alle undersøkingane definerer korruption som missbruk av offentleg makt for privat vinning (Lambsdorff, 2006b). Dette er ein grovkorn definisjon, men utelukkar, til liks med definisjonen i denne oppgåva, korruption innan privat sektor. Skalaen går frå "0" (mest korrupt) til 10 (minst korrupt). Verdiane er oppgitt med ein desimal. Dette er abstrakte mål. Verdien "10" tyder ikkje fri for korruption, samtidig som "0" ikkje seier at eit land er "hundre prosent korrupt".

CPI har som nemnt nokre avgrensingar som gjer tidsserieanalyse vankeleg. Metoden indeksen er sett saman med inneber at eit land sin score for eit år, er basert på verdiar frå tidlegare år. Fram til 2005 synte CPI-scoren eit treårs gjennomsnitt, før metodologien vart endra slik at scoren no byggjer på dei to siste åra (Lambsdorff, 2006b). Dette er eit problem i høve til å gjere ein tidsserieanalyse. Dei årvisse verdiane er slik ikkje uavhengige av kvarandre, dei kan seiast å ha ein innebygd autokorrelasjon. Rose-Ackerman peikar også på problemet med skiftande sub-undersøkingar frå år til år. Dersom vi ikkje gjer den same undersøkinga, og gjer undersøkinga likt frå år til år, kan vi heller ikkje bruke resultata til påvise årlege endringar i røynda (Rose-Ackerman, 2004). Utval er ei tredje hindring. CPI har data tilbake til 1995³⁷. Utvalet det året var imidlertid berre på 41 land, og har auka jamt sidan (Galtung, 2006). Ein tidsserie laut difor ha vore "smalare" enn denne, stikk i strid med mitt mål om å gjere ei så "brei" undersøking som råd, geografisk sett.

Å flytte fokuset frå korruption, til oppfatta korruption skapar eit spenn mellom det vi vil undersøke og det som faktisk vert målt, og reduserer dermed validiteten. Når CPI likevel er brukt her, er det i mangel på noko betre. Målingar av korruption som er basert på direkte observasjonar er "... with the exception of a few case studies [...] still [...] extremely scarce" (Andvig, 2004: 347). Andvig argumenterer i retning av at denne typen undersøkingar ikkje fortel særleg om korruption i det heile, medan Søreide meiner skalaen er meir presis enn det er dekning for, og talar for å fjerne desimalane (Andvig, 2004; Søreide, 2005). Fleire

³⁷ Til samanlikning kan den konkurerande datakjelda frå Verdsbankens Worldwide Governance Indicators tilby data frå annakvart år frå 1996, og kvart år frå 2002, og utgjer slik ikkje noko betre alternativ. Dei to indeksane brukar mange av dei same kjeldene, men noko ulik metode for å konstruere indeksen. Det fins i nokon grad ein debatt om kva for datasett som er best av dei to. Sterke standpunkt for den eine eller andre bør likevel modererast av det faktum at indeksane korrelerer høgt med kvarandre (Andvig, 2004; Andvig et al., 2001; Apaza, 2009; Kaufmann, Kraay, & Mastruzzi, 2008; Søreide, 2005).

kritikarar er opptekne av korleis ekspertar gjer seg opp ei meinings om korrupsjonsnivået. At CPI etter kvart er vorten mykje omtala i media, har reist spørsmålet om det er tidlegare scorar på indeksen som får respondentane til å gjere seg opp si meinings (Andersson & Heywood, 2008). Lambsdorff viser i så måte til ein av sub-undersøkingane (World Economic Forum sin), som testa for denne effekten gjennom å spørje om respondentane sin kjennskap til CPI. Testen synte at slik kjennskap ikkje påverka oppfatninga av korrupsjonsnivå, noko som talar mot ein slik sirkulasjonseffekt (Lambsdorff, 2006b). Dei ulike undersøkingane som CPI er sett saman av korrelerer sterkt, noko som vert sett som ein styrke. Andvig kritiserer også dette synet, og hevdar at undersøkingane vert like automatisk, sidan alle er like avhengige av dei same mediene til å gjere seg opp ei meinings (Andvig, 2004).

Ein annan kritikk byggjer på at korruption er eit lokalt fenomen som därleg let seg fange av undersøkingar som brukar land (land-år) som einingar. Johnston argumenterer for at korruption ikkje er eit "national level property", og dermed ikkje bør studerast på eit nasjonalt nivå. Vi vil få langt meir detaljert og presis kunnskap om vi studere korruption lokalt (Johnston, 2008). Korruption *er* eit lokalt fenomen. Som det går fram i tredje kapittel, er det nok med tre personar i ein korrupt transaksjon; ein bestikkar, ein korrupt agent og ein prinsipal som vert snytt. Det er likevel gode grunnar for å aggregere dette opp til eit statleg nivå. Kanskje den viktigaste er at når det er snakk om offentleg korruption, er den eine parten alltid staten. I så måte representerer kvar stat eit system, sjølv om korruptionsnivå kan variere innan eit system³⁸, vil det ofte vere av interesse å samanlikne det samla omfanget på tvers av fleire system. Dette er særleg interessant når målet er, som her, å samanlikne dei ulike sistema (statane) sin prestasjon i høve til eit anna fenomen, nemleg respekt for fysisk integritet.

"Valid measurement is achieved when scores (...) meaningfully capture the ideas contained in the corresponding concept" (Adcock & Collier, 2001: 530). Kan vi i det heile vite noko om korruption på bakgrunn av denne typen data? Ekspertundersøkingar byggjer på føresetnaden at ekspertar eller personar ein reknar med har særleg innsikt er i stand til å sette ein talverdi på eit abstrakt fenomen, eller eit fenomen som er vanskeleg å telje. Slike undersøkingar er, forutan målingar av korruption, mellom anna brukt til å plassere politiske parti på ein høgre-venstreakse (Steenbergen & Marks, 2007). Kritikken mot validiteten i denne typen

³⁸ Dette er fokuset for Global Corruption Barometer (Transparency International, 2007).

undersøkingar kan todelast. Det første viktige spørsmålet er om ulike ekspertar uttaler seg om det same. Dersom dei ikkje gjer det vil dette gi seg utslag i høg variasjon i svara, dersom då ikkje dei ulike fenomena ekspertane fokuserer på, tilfeldigvis korrelerer sterkt. Vi kan slik rekne det som ei styrke at både CPI³⁹, og ekspertundersøkingar generelt, jamt over synet høg innbyrdes korrelasjon (J. Huber & Inglehart, 1995; Lambsdorff, 2006a, 2006b; O'Malley, 2007; Steenbergen & Marks, 2007). Noko varians bør vi likevel forvente, sidan kvar ekspert ikkje har ser heile biletet. Grendstad hevdar at ”Med mange uavhengige kilder vil intersubjektiviteten over tid trumfe subjektiviteten” (Grendstad & Holgersen, 2009). At CPI er krev minimum tre undersøkingar for kvart land for å ta det med, skapar i så måte meir intersubjektivitet, og bør sjåast som ein klar styrke (Galtung, 2006: 110). Spørsmål to, som Andvig reiser, er om ekspertane veit nok til å gjere seg opp ei forsvarleg mening (2004). Korruption er eit tildekkja fenomen, og ting treng ikkje vere slik dei ser ut, sjølv ikkje for ein ”insider”. At undersøkingane, internt og mellom kvarandre, korrelerer godt, er eit uttrykk for at ulike ekspertar uavhengig av kvarandre gjer seg opp ei relativt lik mening. Ein føresetnad for denne kritikken er at alle tek feil. Andvig argumenterer for at dette godt kan vere mogeleg, sidan alle har dei same kjeldene til å gjere seg opp ei mening om korruption (2004). Dette kan synast som ei djerv formulering sidan ekspertane i CPI varierer frå akademikarar, til forretningsfolk, til politikarar og byråkratar (Lambsdorff, 2006b). Ein annan indikator på at CPI faktisk måler korruptionsnivå er den korrelasjonen den viser med andre indikatorar, slik som berekningar av størrelsen på den svarte økonomien⁴⁰ (Duncan, 2006; Wilhelm, 2002).

Alt i alt reknar eg Transparency International sin Corruption Perception Index for eit så gyldig mål på korruption at det er forsvarleg å gjere samanlikningar på tvers av land, med den.

5.2.4 Demokrati – Freedom House og Polity

Studiet av demokrati er sentralt felt innan statsvitenskap, og det eksisterer fleire kvantitative datakjelder som måler dette fenomenet (Munck & Verkuilen, 2002). Kva måling som er best er gjenstand for debatt. Hadenius og Teorell peikar på at sjølv om ulike mål korrelerer høgt, gjev dei ulike resultat i undersøkingar som studerer samanhengen mellom demokrati og andre fenomen (2005). Ønskje om tilgang til verdsomfattande data for året 2006 avgrensar alternative mål til to av dei mest kjende, Freedom House sin Freedom in the World- indeks og

³⁹ Internt i sub-undersøkingar og mellom dei.

⁴⁰ Argumentet er at korruption og svart økonomi heng saman. Fenomena skulle i teorien korrelere.

Polity IV- indeksen (NSD, 2009). Sidan Freedom House sine data inneheld flest observasjonar for året 2006 (sjå tabell 6.1), vil eg bruke desse data som det primære målet på demokrati. I denne undersøkinga er demokrati både ein vanleg forklaringsvariabel og eit kondisjonalt forhold, i interaksjonsmodellen som skal teste H2. Det siste krev ein dikotom variabel. Det omsynet talar også for å velje Freedom House sin Freedom of the World-indeks. Dette er ein trepunktss indeks som klassifiserer land som (1) frie, (2) delvise frie og (3) ikkje frie land, basert på korleis dei scorar på hovudvariablane sivile fridomar og politiske rettar (FreedomHouse, 2008). Eg vil kode desse om til ein dummy, slik at dei frie landa vert koda som "1" – demokrati, medan dei delvis og ikkje frie vert koda om til "0" – ikkje demokrati. Dette vert slik eit mål som syner om demokratikondisjonen er oppfylt eller ikkje. Denne variabelen vert det primære målet på demokrati, og får namnet **Demokrati FH1**.

Eit moment i debatten kring ulike mål på demokrati er om dikotome og metriske variablar gjev ulike resultat (Hadenius & Teorell, 2005). Polity sin regimevariabel er ein 21-punkts skala. Den går frå verdien "10" – konsolidert demokrati til "-10" – konsolidert autokrati, og er slik ein finkorna metrisk variabel (M. G. Marshall & Jaggers, 2009). I dei første analysane av tidlegare forklaringar (litteraturmodellar) vil eg difor også undersøke skilnaden på ein dikotom demokrativariabel (Freedom House) og ein metrisk (Polity). Eg set då saman ein ny modell der *Demokrati FH1* er bytt ut med variabelen kalla **Regime Polity**.

Eit anna moment gjeld kodinga av den dikotome variabelen. Eg har føresett at såkalla gråsoneland ikkje er demokratiske. Difor har eg koda kategorien "partly free" om til "ikkje demokratisk". Ein kan innvende at desse landa heller ikkje er fult ut autoritære. Eg vil teste effekten av dette valet ved å konstruere ein ny variabel der dei delvis frie landa, saman med dei frie, vert koda som "demokratisk". Dei heilt ufrie vert då koda som "ikkje demokratisk". Denne variabelen får namnet **Demokrati FH2**.

5.2.5 Andre forklaringsvariabler

Etnisk fragmentering er ein indeks, utvikla av James Fearon, som fortel noko om kor etnisk delt eit samfunn er. Fragmenteringsmålet vil auke dersom talet på etniske grupper aukar. Målet vil også vere høgare dess meir jamt befolkninga er distribuert på dei ulike gruppene⁴¹.

⁴¹ Eit land med fire jamstore grupper vil slik framstå som meir fraksjonalisert enn eit land der ei gruppe utgjer 97 prosent, medan tre andre utgjer ein prosent kvar.

Indeksen er ein skala med to desimalar, som går frå null, heilt homogent, til éin, sterkt fragmentert. Data er ikkje nye, somme går så langt tilbake som til 1990. Dette er ikkje noko stort problem, sidan den etniske samansetninga av eit samfunn er eit nokså stabilt fenomen (Fearon et al., 2007; Teorell, Holmberg, & Rothstein., 2008).

Væpna konflikt er ein variabel som tek med inter- og intrastat konfliktar. Variabelen er basert på "The Conflict Barometer". Den er koda som ein dummy, slik at verdien éin, væpna konflikt" er gitt for dei landa som i 2006 opplevde "Violent conflicts of high intensity" (Pfetsch, 2006: 2). Det vil sei krigar eller alvorlege kriser⁴². Dei andre landa har fått verdien null.

Militærregime er ein dikotom variabel for om den øvste leiaren av den utøvande makt er ein offiser i det militære. Eit land vert i så fall gjeve verdien éin. Ein tidlegare offiser, som er er pensjonert, eller på annan måte gått ut or uniforma når vedkommande tek over som leiar, vert koda som null. Det vert også land der den øvste utøvande leiaren er sivil. Data er henta frå Verdsbankens "Database of Political Institutions" (Beck et al., 2001; Keefer, 2007).

Brutto nasjonalprodukt per innbyggjar (GDPpc) er eit mykje brukt mål på eit lands økonomiske utviklingsnivå. GDPpc er målt i dollar. For 2006 var spennet på denne variabelen frå over 80 000 dollar for dei rikaste til ned mot 120 dollar for dei fattigaste landa (IMF, 2009). Variabelen har høge verdiar, stor skilnad mellom maksimum og minimum og følgjeleg eit høgt standardavvik. For å gjere variabelen meir statistisk handterleg konstruerer eg ein ny variabel basert på logaritmen til den opphavlege variabelen. Variabelen som er nytta i oppgåva er kalla **GDPpc Log**. Dette er ein vanleg teknikk, men den har den ulempa at variabelen mistar måleininga. Vi kan slik ikkje lenger på bakgrunn av analysen predikere effekten av ein eller tusen dollars endring i GDPpc. Variabelen har likevel same retning, og forhold mellom verdiane. Vi kan slik framleis på bakgrunn av analysen sei om respekt for menneskerettane er assosiert med rike eller fattige land, eller ingen av delane.

Årleg prosentvis vekst i GDP fortel om den årlege økonomiske veksten i eit land. Til begge desse variablane har eg nytta data frå Det internasjonale pengefondet (IMF, 2009).

⁴² "A conflict is considered to be a severe crisis if violent force is repeatedly used in an organized way" (Pfetsch, 2006: ii).

Befolknings og årleg befolkningsvekst er henta frå UN Statistics Division (UN, 2008). Variabelen befolkning er ein annan variabel med ekstremt høge verdiar, enorm variasjon og høgt standardavvik. Av same grunn som med GDPpc har eg også her konstruert ein ny variabel basert på logaritmen til den opphavlege variabelen. Variabelen som er brukt i analysen er kalla **Befolknings Log**⁴³.

5.3 Utval – 161 land

Eg ønskjer å dra nytte av ein av fordelane med kvantitativ metode, det Landman kallar "the extensive coverage of cases" (Landman, 2002: 897). I tråd med mitt mål om ei breiast mogeleg undersøking, ønskjer eg å ta med alle land, for året 2006. Då unngår vi samtidig utvalstendensar (Pennings et al., 2006). Dersom alle land er med i utvalet, kan det ikkje vere systematiske (eller andre) skilnader mellom utval og populasjon. Utvalet vert likevel avgrensa av tilgangen på data om dei sentrale variablane. Eg undersøkjer landa der det er tilgjengelige data om korruption (CPI) og respekt for fysisk integritet (CIRI) for 2006. Dette avgrensar utvalet til 161 land. Utvalet dekkjer alle deler av verda og er så stort at vi med rette kan hevde at dei fleste land er med. Nokre problem bør likevel drøftast.

For det første gjer denne utvalsmåten at det per definisjon ikkje manglar data på forklaringsvariabelen korruption. Eit slikt omsyn er ikkje teke for dei andre forklaringsvariablane. Sidan manglande data vil redusere signifikansen til ein variabel (Hair et al., 2006), kan dette auke sannsynet for at korruptionsvariabelen syner seg signifikant. Det vert difor særskilt viktig å kontrollere for manglande data på alle forklaringsvariablane. Eit anna mogleg problem er karakteren til dei landa som ikkje er med. Desse kan samlast under kategoriane (1) særleg små land, i hovudsak øystatar i Stillehavet og (2) land der krig eller kriser hindrar datainnsamling, til dømes Afghanistan og Somalia. Nokre av dei første landa er typiske skatteparadis. Dette er land som spelar ei rolle storskala korruption, ved å gje

⁴³ Kapittel 2 antyda at også store inntekter frå naturressursar vil kunne ha ein negativ innverknad på respekten til fysisk integritet. Eg har hatt problem med å finne tilstrekkelege data på dette fenomenet. Med tilstrekkelege meiner eg her data om kor stor del av eit lands inntekter som kjem frå utnytting av naturressursar, for alle land i 2006. Det nærmeste eg har funne er data frå Verdsbanken om kor stor andel av utanlandshandelen som skuldast oljeeksport. Eg reknar dette for å vere for snevert, i høve til heile det fenomenet som er diskutert. Merk at dei andre variablane er relativt vide. Eg nyttar til dømes ein variabel for væpna konflikt, i staden for fleire for ulike typar av konflikt. Dei nemnde Verdsbankdata var også ufullstendige med omsyn til å dekke alle landa. Eit argument for at det ikkje er eit problem å utelate naturressursar frå analysen er at dei årsakssamanhengane teorien stilte opp i høve til fysisk integritet var indirekte, anten via konflikt, autoritarianisme eller korruption. Sidan alle desse variablane er med i datasettet allereie ville det å inkludere naturressursar berre ført til unaudsynte problem med multikollinearitet.

aktørane ein stad å gøyme pengane. Den andre kategorien er land vi kan anta scorar dårlig både på korruption (er korrupte) og fysisk integritet (liten respekt for). Dersom ein tek rimelig høgde for desse momenta er utvalet likevel egna til å generalisere på bakgrunn av.

6 Analyser og resultat

I dette kapittelet vil eg rapportere resultata frå dei empiriske undersøkingane. Kapittelet er tredelt. Første del består av univariate analyser og deskriptiv statistikk. Del to, bivariate analyser, rapporterer korrelasjonar mellom uavhengige variablar, og forklaringsvariablar sin isolerte effekt på fysisk integritet. I tredje del vil eg først undersøke om korruption kan forklare variasjon i fysisk integritet, når vi tek høgd for andre forklaringar, gjennom ulike multiple regresjonsanalysar. Eg vil også undersøke om dette kan vere ein effekt som er regimeavhengig, gjennom å inkludere interaksjonsmodellar.

6.1 Univariate analyser

6.1.1 Deskriptiv gransking av variablar

I denne delen vil eg granske eigenskapane ved variablane. Eg vil undersøke minimums-, maksimums- og gjennomsnittsverdiar, standardavvik og talet på observasjonar.

Tabell 6.1 Deskriptiv statistikk

Variabel	N	Minimum	Maksimum	Gj.snitt	St.avvik
Fysisk integritet	161	0	8	4.69	2.19
Korruption	161	1.8	9.6	4.05	2.13
Regime Polity	149	-10	10	3.8	6.55
Demokrati FH1	161	0	1	0.43	0.50
Demokrati FH2	161	0	1	0.75	0.44
GDPpc Log	161	2.08	4.95	3.53	0.71
GDP, Årleg vekst	148	-6	34	5.64	4.03
Årleg befolkningsvekst	158	-1	5	1.42	1.13
Befolkningsstorleik Log	158	4.86	9.12	6.97	0.74
Militærregime	158	0	1	0.16	0.37
Væpna konflikt	161	0	1	0.12	0.33
Etnisk fraksjonalisering	148	0	1	0.47	0.26

Talet på observasjonar er oppgitt for kvar variabel for å kontrollere om manglande data for enkelte variablar vil kunne påverke analysen. Tabellen syner at manglande data er eit lite problem, ingen variablar har meir enn ti prosent manglande data. I nokon grad kan likevel forklaringsvariablane *demokrati Polity*, *årleg vekst i GDP* og *etnisk fraksjonalisering* verte

påverka av dette, sidan færre observasjonar fører til mindre signifikante resultat (Pennings et al., 2006).

Den avhengige variabelen *fysisk integritet* varierer langs heile skalaen frå 0, ingen respekt, til 8, full respekt. Snittet ligg på 4.69, medan standardavviket er på 2.19. *Korrupsjonsscoren* varierer frå 1,8 til 9,6. Snittet er her på 4.05 og standardavviket på 2.13. Vi kan merke oss at snittet for fysiske integritet ligg over midten av skalaen, medan det for korruption ligg noko under.

Variabelen *regime Polity* utmerkar seg med eit høgt standardavvik. Dette er på 6.55, medan gjennomsnittet er på 3.8. Dette tyder på skeivfordeling. Eit histogram over variabelen (sjå appendiks B) syner at variabelen har to toppar. Den mest forekomne verdien er 10, medan verdiane like under også er høgt representert. Ein mindre topp finn vi i motsett ende, nær -10. Skewness er eit statistisk mål på om ei fordeling er dregen i den ein eller andre retninga (i høve til ei normalfordeling). Skewnessmålet for denne variabelen er på -.763. Ei slik negativ skeivfordeling fortel normalt at halen i fordelinga ligg til venstre. Ein måte å utbetre ei slik fordeling er å gange den med seg sjølv, eventuelt opphøge den i tredje (Hair et al., 2006: 87). I dette tilfelle har dette liten verknad, sidan variabelen har to toppar. Ein annan teknikk er å slå saman verdiar. Ei ulempe ved dette er at informasjon går tapt ved at vi får ein mindre nyansert fordeling. Hovudgrunnen til å inkludere Polity sin regimevariabel var nettopp at den er så nyansert. Eit anna spørsmål er om det for analysens del er naudsynt å utbetre fordelinga. Hair et al. peikar på at for utval under femti, og særleg under tretti, vil avvik frå normalfordelte variablar kunne påverke resultata vesentleg (2006: 80-81). Dette utvalet er på 161 (149 for denne variabelen), noko som talar for at problemet med skeivfordeling ikkje vil ha like stor verknad. Eg vel å bruke variabelen som den er, men vil syne ekstra varsemd i tolkinga av resultata⁴⁴.

⁴⁴ Variabelen GDP, årleg vekst syntetiserte det nest høgaste standardavviket, på 4.03 og eit snitt på 5.64. Ei granskning av standardiserte verdiar syntetiserte ein univariat utliggjar på denne variabelen. Ei grense var her sett på +4, medan Aserbadsjan hadde ein standardverdi på 6.5. Dette skuldast at Aserbadsjan i 2006 hadde ein vekst på over 30 prosent. At enkelt land har høg vekst er eit fenomen som skjer frå tid til annan, og representerer dermed noko sant. Eg har valt å ikkje ekskludere eininga, og slik unngå å ”improving the multivariate analysis but limiting its generalizability” (Hair et al., 2006: 76).

Ingen andre variablar synte vesentlege avvik frå ei normalfordeling. Det vil i alle høve vere naudsynt å granske normalfordelinga for heile modellen. Dersom modellen som heilskap er tilstrekkeleg normalfordelt, vil også kvar einskild variabel vere det⁴⁵ (Hair et al., 2006).

Skilnaden på variablane *Demokrati FH 1* og *Demokrati FH 2* er at i den første er dei Freedom House sine originale kategoriar ”delvis fri” og ”ufri” slått saman til ”ikkje demokratisk”, medan ”fri” er kalla ”demokratisk”. I den andre er kategorien ”delvis fri” flytta over til gruppa med demokrati, medan ”ufri” framleis er kalla ”ikkje demokrati”. Gjennomsnittet for den første *Demokrati FH 1* er på .43 medan det for *Demokrati FH 2* er .75. Dette fortel at ei stor gruppe land har vorte flytta over. Kva variabel som vert brukt, av desse, vil såleis truleg gje vesentlege utslag i resultata.

6.1.2 Fysisk integritet: Kontroll av indeks

Ein føresetnad for å bruke respekt for fysisk integritet som avhengig variabel, er at fenomenet er eindimmensjonalt; at variablene måler eit fenomen, og ikkje fleire. Cingranelli og Richards testar denne føresetnaden gjennom ei Mokken skalaanalyse. Denne synte at dei fire variablane politisk fengsling, drap, forsvinning og tortur kan nyttast til å konstruerer ein indeks for fenomenet respekt for fysisk integritet (Cingranelli & Richards, 1999). Dei nytta data frå 1981 til 1996. Målet her er å repliserer denne testen for 2006-data, som er dei eg nyttar i analysen.

Tabell 6.2 Mokken skalaanalyse av fysisk integritet

Variabel	Underliggende fenomen: Respekt for fysisk integritet		
	Gjennomsnittleg respekt	H-koeffisient (H_i)	
Politisk fengsling	1.14		.53
Drap	1.20		.64
Forsvinning	1.73		.69
Tortur	.63		.64
Skala H-verdi: .62	N: 160		

Analysen støttar Cingranelli og Richards sine funn. Ein H-verdi på .62 og H-koeffisientar (H_i) på over .53 er høgt. Mokken sin tommelfingerregel seier at over .5 for desse verdiane indikerer ein sterk skala (Gillespie et al., 1987; Mokken, 1971). Dette syner at det gjer mening å slå dei fire variablane saman til ein skala. Det støttar også påstanden om at respekt for fysisk integritet er eit eindimmensjonalt fenomen. Gjennomsnittsverdiane syner kor

⁴⁵ Dette treng ikkje verke motsett veg; sjølv om alle variablar kvar for seg er normalfordelte, kan det multivariate estimatet avvike frå normalfordeling (Hair et al., 2006). Dette vil bli granska i del 6.3.3.

sannsynleg det er at kvar rett blir broten. Retten til ikkje å bli utsett for forsvinning er den som minst sannsynleg vert broten, med eit snitt på 1.73⁴⁶. Eit snitt på .63 syner at retten til ikkje å bli torturert er den som mest sannsynleg vert broten. Også desse hovudtrekka er i tråd med tidlegare funn⁴⁷ (for samanlikning sjå Cingranelli & Richards, 1999: 411).

6.1.3 Korruption og fysisk integritet per verdsdel

Før vi held fram med analysane vil eg sette opp ein oversikt over korleis variablane fysisk integritet og korruption fordeler seg i ulike verdsdelar. Dette gir ei betre intuitiv forståing for utbreiinga av dei to fenomena. Tabell 6.3 beskriv dei to sentrale variablane *fysisk integritet* og *korruption* fordelt på verdsdelar. CIRIs indeks for fysisk integritet er ein skala frå 0 til 8, medan CPI sin korruptionsindeks går frå 0 til 10.

Tabell 6.3 Fysisk integritet og korruption per verdsdel

Region		CIRIs indeks for fysisk integritet	CPI korruptionsscore
Afrika	Gj.snitt	3.82	2.84
	N	45	45
	St.avvik	1.723	.8313
Latin-Amerika	Gj.snitt	4.89	3.5
	N	28	28
	St.avvik	1.892	1.3223
Nord-Amerika	Gj.snitt	5.50	7.9
	N	2	2
	St.avvik	2.121	.8485
Europa	Gj.snitt	6.61	5.86
	N	38	38
	St.avvik	1.306	2.4707
Asia	Gj.snitt	3.67	3.71
	N	45	45
	St.avvik	2.326	1.7377
Oseania	Gj.snitt	6.33	6.9
	N	3	3
	St.avvik	1.155	3.9230

⁴⁶ Vi hugsar at ”2” betydde ingen brot, medan ”0” svara til hyppige brot.

⁴⁷ Ein meir vanleg måte å teste om ein indeks er eit eigna mål på eit fenomen, er gjennom faktoreanalyse. Ei faktoreanalyse av dei fire variablane støtta også å konstruere ein indeks (ikkje vist i tabell). Ein Measure of Sampling Adequacy (MSA) på .741 syner at variablane korrelerer høgt, medan dette syntes seg signifikant gjennom Bartlett’s test of sphericity (.000). Analysen konstruerte ein faktor, og alle variablane ladda med over .7 på denne. Indeksene syntes seg reliabel med ein Chronbach’s alpha på .763 (Hair et al., 2006). Gilespie et al. samanliknar bruk av dei to teknikkane Mokken skala og faktoreanalyse (1987).

Talet på land varierer stort, og vi kan berre gjere grove sluttningar basert på denne tabellen. Det vi kan sjå er at dei afrikanske og asiatiske landa er å finne i nedre sjikt på begge variablane. Snittet for Latin-Amerika er også i det nedre sjiktet på korruption, men over verdsgjennomsnittet på respekt for fysisk integritet. Forholdet er det same for Europa, som likevel scorar betre på begge variablane, høgst av alle på respekt for fysisk integritet. Dei to landa i Nord-Amerika og dei tre i Oseania er å finne i øvre sjikt på begge variablar. Oseania syner eit høgt standardavvik på korruptionsvariabelen, noko som kan forklarast av at Australia og New Zealand dreg opp, medan Papua Ny-Guinea dreg snittet i motsett retning.

6.2 Bivariate analyser

6.2.1 Korrelasjon mellom forklaringsvariablar

Høg korrelasjon mellom forklaringsvariablane vil gjere det vanskeleg å skilje effektane dei har på den avhengige variablen. Ein første indikasjon på dette kan vi få gjennom ei korrelasjonsmatrise (sjå appendiks C). To stader finn vi høge Pearson r-verdiar. Regimevariabelen til Polity korrelerer høgt, høvesvis .688 og .733 med dei to regimevariablane frå Freedom House. Dette er ikkje overraskande sidan dei freistar å måle det same fenomenet. Desse variablane vil ikkje verte brukt i same analyse, så dette er ikkje noko problem. Det er derimot den høge korrelasjonen mellom korruption og GDPpc Log, på .801. Sjølv om dette er teoretisk to ulike fenomen, er det godt belagt at det er ein negativ samanheng mellom økonomisk utvikling og korruption (jamfør kapittel 3). Den høge korrelasjonen gjev eit frampeik om at multikollinearitet vil kunne bli eit problem ved den multivariate analysen. Det vil kunne lesast av toleranseverdiane, når vi kjem så langt.

6.2.2 Bivariat regresjonsanalyse

Bivariat regresjonsanalyse analyserer effekten ein forklaringsvariabel har på ein avhengig variabel, utan å ta høgd for verknaden av andre variablar. Målet med denne analysen er å teste kva for effekt dei ulike forklaringsvariablane kvar for seg har på respekt for fysisk integritet.

Tabell 6.4 Bivariate analyser

Forklaringsvariablar	Respekt for fysisk integritet	
	koeffisient	p-verdi
Korrupsjon	.626	.000
Regime Polity	.395	.000
Demokrati FH1	.556	.000
Demokrati FH2	.440	.000
GDPpc (log)	.593	.000
GDP, Årleg vekst	-.175	.033
Årleg befolkningsvekst	-.311	.000
Befolkningsstorleik (log)	-.520	.000
Militærregime	-.296	.000
Væpna konflikt	-.533	.000
Etnisk fraksjonalisering	-.242	.003

N: 161

Vi ser at den einaste variabelen som ikkje er signifikant er økonomisk vekst, målt som årleg vekst i GDP. Variablane med størst substansiell effekt er korruption, demokrati basert på Freedom House (FH1), befolkningsstorleik (log) og væpna konflikt. Korruption⁴⁸, demokrati og økonomisk velstand har positive effektar, medan befolkningsstorleik, befolkningsvekst, militærregime, væpna konflikt og etnisk fraksjonalisering har negative effektar. Alt dette er i samsvar med teorien frå kapittel to og fire.

6.3 Multivariate analyser

Dei multivariate analysane vert lagt opp slik: Modell I, II og III testar effekten av dei variablane vi kjenner frå tidlegare litteratur, med tre ulike mål på demokrati. Modell IV testar verknaden av å inkludere korruption, medan insignifikante variablar er fjerna i modell V. I to interaksjonsmodellar vil eg så teste om verknaden av korruption er avhengig av politisk regime.

6.3.1 Regresjonsmodellar

Første steg er å sette opp ein modell der respekt for fysisk integritet vert forklart av dei variablane vi kjenner frå tidlegare forsking, kontrollvariablane. Som variabel for grad av demokrati vil eg i utgangspunktet bruke den dikotome demokrati FH 1, som er basert på

⁴⁸ Korruption er framleis koda slik at land med lite korruption får høg score. Ein positiv koeffisient er derfor som forventa.

Freedom House data. Eg vil også teste for å måle demokrati som skala, ved å byte denne variabelen ut med Polity sin regimevariabel, i ein ny modell. Gjennom å bruke Freedom House regime 2 i ein tredje modell, vil eg også teste kva som skjer om ein flyttar dei delvis frie landa over i demokratigruppa.

Tabell 6.5 Modell I

	b	standardfeil	beta	p-verdi	toleranse
Konstantledd	11.082	1.633		.000	
Demokrati FH1	1.318	.298	.309	.000	.549
GDPpc (log)	.771	.235	.251	.001	.460
GDP, årleg vekst	-.050	.029	-.093	.085	.934
Årleg befolkingsvekst	-.113	.130	-.060	.385	.573
Befolknings (log)	-1.294	.190	-.375	.000	.880
Militærregime	-.001	.325	.000	.998	.800
Væpna konflikt	-1.657	.359	-.261	.000	.840
Etnisk fraksjonalisering	.053	.494	.007	.915	.722

N: 148 Modell R²: .665 Justert R²: .643 SEE: 1.268

Avhengig variabel: Respekt for fysisk integritet

Modell I inneheld forklaringsvariablar frå tidlegare studiar (jamfør kapittel to). Modellen syner ein justert forklart varians på .643. Dette tyder at modellen forklarer i overkant av 64 prosent av variansen i den avhengige variablen respekt for fysisk integritet. I samfunnsvitskapleg samanheng kan dette karakteriserast som høgt. Går vi inn og studerer kvar variabel ser vi at demokrati, GDPpc, befolkning (log) og væpna konflikt alle er signifikante på .001-nivå. Demokrati og brutto nasjonalprodukt har positive substansielle effektar, medan befolkningsstørrelse (log) og væpna konflikt syner ein negativ effekt på respekten for fysisk integritet. Toleranseverdiane⁴⁹ er eit mål på multikollinearitet. Toleranseverdien for ein variabel fortel kor uavhengig variablene er av dei andre variablane. Verdiar opp mot ein tyder på lite multikollinearitet, verdiar ned mot null tyder til det motsette. Medan nokre forskrarar opererer med .1 som ei nedre grense for toleranseverdiar, argumenterer Hair et al. for at denne grensa ikkje er streng nok (2006: 230). Problemet med multikollinearitet er eit spørsmål om grad, slik toleranseverdiane rapporterer det. Å setje ei absolutt grense for kva som eit problem og kva som er greitt synast difor noko enkelt. Eg vil her handsame verdiar under .3 som mistenkjelege, og reknar det som eit strengt kriterium. I

⁴⁹ Toleranseverdien er beregna ved å rekne ut ein r² for kvar av dei uavhengige variablane. Dette tyder den mengda av ein uavhengig variabel som er forklart av alle dei andre uavhengige variablane. Denne r² vert subtrahert frå talet 1 og vi får toleranseverdien (Hair et al., 2006: 227).

modell I ser dermed ikkje multikollinearitet ut til å vere noko problem, sidan den lågaste toleranseverdien på .46 ligg eit godt stykke unna denne faresona.

Tabell 6.6 Modell II

	b	standardfeil	beta	p-verdi	toleranse
Konstantledd	9.906	1.622		.000	
Regime Polity	.094	.023	.267	.000	.661
GDPpc (log)	1.059	.214	.348	.000	.554
GDP, årleg vekst	-.042	.030	-.078	.166	.883
Årleg befolkingsvekst	-.105	.131	-.056	.423	.571
Befolknings (log)	-1.261	.191	-.369	.000	.880
Militærregime	.211	.342	-.038	.539	.724
Væpna konflikt	-1.870	.357	-.297	.000	.851
Etnisk fraksjonalisering	.110	.499	.014	.826	.720

N: 148 Modell R²: .663 Justert R²: .641 SEE: 1.268

Avhengig variabel: Respekt for fysisk integritet

I Modell II er den dikotome Demokrati FH1 bytt ut med den metriske regimevariabelen fra Polity. Dette påverkar analysen berre i liten grad. Justert forkart varians går ned to promillepoeng til .641. Dette er så godt som uendra. Skifte av variabel får ikkje noko å sei for signifikansen til nokon av variablene. Polity-variabelen syner ein noko lågare substansiell effekt enn den fra Freedom House. Byte av variabel førte også til ein auke i beta-verdien til *GDPpc (log)* og i mindre grad *Væpna konflikt*. Det vil sei at desse to variablene sin relative forklaringskraft er noko høgare når demokrati vert målt med Polity-variabelen.

Tabell 6.7 Modell III

	b	standardfeil	beta	p-verdi	toleranse
Konstantledd	9.260	1.622		.000	
Demokrati FH2	1.167	.023	.233	.000	.832
GDPpc (log)	1.044	.214	.340	.000	.547
GDP, årleg vekst	-.053	.030	-.097	.076	.936
Årleg befolkingsvekst	-.172	.131	-.090	.188	.586
Befolknings (log)	-1.185	.191	-.344	.000	.872
Militærregime	-.003	.342	-.001	.993	.797
Væpna konflikt	-1.818	.357	-.286	.000	.853
Etnisk fraksjonalisering	-.169	.499	-.021	.738	.709

N: 148 Modell R²: .657 Justert R²: .635 SEE: 1.282

Avhengig variabel: Respekt for fysisk integritet

I modell III er demokrati igjen målt på bakgrunn av Freedom House-data. Skilnaden er at variablen *Demokrati FH2* er koda slik at delvis frie land vert kalla demokrati. Igjen er

skilnaden frå dei andre modellane liten. Justert forklart varians fell ytterlegare seks promillepoeng, medan den substansielle effekten av eit demokratisk regime er enda litt lågare.

Neste steg vert å inkludere variabelen korruption. Eg vil i dei vidare analysane bruke variabelen Demokrati FH1 som mål på demokrati. Dette er dels på bakgrunn av resultata over, men mest med omsyn til behovet for ein dikotom variabel som interaksjonsledd. Vi slepp med andre ord å byte demokrativariabel enda ein gang, når vi skal seinare skal inkludere interaksjonsledd. Dette vil gjere samanlikning av modellane lettare.

Tabell 6.8 Modell IV. Korruption er inkludert

	b	standardfeil	beta	p-verdi	toleranse
Konstantledd	11.976	1.595		.000	
Demokrati FH1	1.076	.296	.253	.000	.515
GDPpc (log)	.072	.310	.024	.816	.245
GDP, årleg vekst	-.034	.028	-.062	.241	.904
Årleg befolkingsvekst	-.237	.131	-.125	.072	.526
Befolknig (log)	-1.230	.184	-.357	.000	.870
Militærregime	.048	.313	.009	.878	.798
Væpna konflikt	-1.610	.346	-.253	.000	.839
Etnisk fraksjonalisering	.164	.477	.020	.731	.719
Korruption	.302	.092	.302	.001	.296

N: 148 Modell R²: .692 Justert R²: .669 SEE: 1.221

Avhengig variabel: Respekt for fysisk integritet⁵⁰

Når vi inkluderer korruption i modellen aukar justert forklart varians til .669 som er 2.6 prosentpoeng høgre enn for modell I⁵¹. Dette vitnar om at korruptionsvariabelen styrkar modellens forklaringskraft. Korruptionsvariabelen er også statistisk signifikant, med ein p-verdi på .001.

Ein annan vesentleg endring i modellen er at når vi inkluderer korruption, er ikkje lengre GDPpc (log) statistisk signifikant som forklaring på respekt for fysisk integritet. Dette er eit resultat vi skal handsame med varsemd. Toleranseverdien for GDPpc (log) har gått markert

⁵⁰ Ein del sosiale fenomen varierer artar seg ulikt i ulike delar av verda. For å undersøke om samanhengen mellom korruption og respekt for fysisk integritet har regionspesifikke eigenskapar. Har eg gjort separate regresjonsanalysar for verdsdelane Afrika (N=45), Latin-Amerika (N=28), Asia (N=45) og ei samling av Nord-Amerika, Europa og Oseania (N=43). Ingen av desse gav nokon signifikante resultat (ikkje vist). Ein sannsynleg årsak til dette er at utvala er for små.

⁵¹ Når vi endra rein modell ved å legge til, eller fjerne variablar, vil ein F-test kunne fortelje oss om den medfølgjande endringa i forklart varians er signifikant ulik 0. F-verdien har også ein tilhørande p-verdi, som syner ”sannsynligheten for å få en gitt F-verdi dersom 0-hypotesen er korrekt” (Midtbø, 2007: 109). I dette tilfellet var denne p-verdien på .000 (ikkje vist i tabell), noko som syner at endringa i forklart varians er statistisk signifikant.

ned etter at korruption vart inkludert. Denne er også låg for korruption (høvesvis .245 og .296 for dei to variablane). Hair et al. beskriv .1 som ei mykje brukt nedre grense for kva som er ein akseptabel toleranseverdi. Dei set samtidig spørsmålsteikn ved om denne grensa er restriktiv nok, særleg i små utval (Hair et al., 2006: 230). Sjølv om toleranseverdiane her er godt over denne grensa, er dei innanfor det området eg over har definert som mistenkjeleg (under .3). Multikollinearitet kan vere eit problem. At GDPpc (log) og korruption korrelerer omrent .80 med kvarandre styrker denne mistanken (Appendiks C). Multikollinearitet kan påverke resultat mellom anna ved å få variablar som i utgangspunktet er statistisk signifikante til å framstå som ikkje signifikante (Hair et al., 2006: 228). Alt i alt reiser dette tvil om GDPpc (log) faktisk ikkje har forklaringskraft når vi tek høgde for korruption, eller om det sviktande signifikansnivået skuldast multikollinearitet. Dette vert eit spørsmål for drøftinga seinare i oppgåva. For dei vidare analysane vil eg anta det første, GDPpc (log) mistar forklaringskraft når vi tek høgd for korruption.

King et al. argumentere for eit ei god forklaring ikkje bør innehalde fleire variablar enn det som er naudsynt (King et al., 1994). Med omsyn til å forenkle går enkelte så langt som å hevde at ”A statistical specification with more than three explanatory variables is meaningless” (Achen, 2002: 446). Målet her er ikkje å forenkle for einkvar pris, men å sette opp ein modell for dei variablane som syner seg å ha forklaringskraft. I ein endeleg modell vil eg fjerne variablar som ikkje er statistisk signifikante, GDPpc (log) inkludert.

Tabell 6.9 Modell V. Endeleg regresjonsmodell

	b	standardfeil	beta	p-verdi	toleranse
Konstantledd	9.958	1.020		.000	
Demokrati FH1	1.059	.244	.242	.000	.656
Befolknings (log)	-1.011	.142	-.344	.000	.873
Væpna konflikt	-1.842	.327	-.276	.000	.846
Korruption	.378	.057	.372	.000	.652

N: 158 Modell R²: .688 Justert R²: .680 SEE: 1.230

Avhengig variabel: Respekt for fysisk integritet⁵²

⁵² For å teste om einskildobservasjonar har ein uhøvisk stor innverknad på heile modellen (utliggarar) har eg nytta testen Cook's Distance. Ein tommelfingerregel seier at verdiar over 4/n bør undersøkast som utliggarar. I denne modellen svarar det til ein grenseverdi på (4/161) .025. Eining 73, Israel, hadde ein verdi på .078. Ein ny sjekk av alle observasjonar avslørte ingen tastefeil, utliggaren er slik reell. Å fjerne eininga frå analysen ført ikkje til endringar i resultata. Eg har difor valt å behalde eininga. Dette er likevel med å gjere resultata mindre visse (Eikemo & Clausen, 2007).

Når vi fjernar uavhengige variablar som ikkje var statistisk signifikant, stig modellens justerte forklart varians til .680⁵³. Modellen forklarar dermed drygt ein prosent meir av variasjonen i respekten for fysisk integritet, enn det den førre modellen gjorde. Vi sit no med ein modell med berre statistisk signifikante variablar, og det kan er naturleg å flytte fokuset over til dei substansielle effektane av kvar variabel. I utgangspunktet er desse gitt ved b-koeffisientane. For demokrativariabelen er denne på 1.059. Demokrati FH1 er ein dummy. Koeffisienten tyder derfor at ei endring frå "0" (ikkje-demokrati) til "1" (demokrati) tilsvarer ein auke på litt over "1" på skalaen for den avhengige variabelen, respekt for fysisk integritet. Ei einings auke på befolkningsvariabelen⁵⁴ tilsvarer ein nedgang på noko over ein eining på skalaen for fysisk integritet, medan eksistensen av ein væpna konflikt (frå 0 til 1) tilsvarer ein nedgang på vel 1.8. Endeleg fører ein einings auke på korruptionsindeksen til at respekten for fysisk integritet aukar med .378. Sidan korruption er koda slik at landa får høgare score, dess mindre korruption, tyder dette at mindre korruption fører til meir respekt for fysisk integritet. For alle desse koeffisientane gjeld føresetnaden "alt anna helde konstant".

Sidan variablane ikkje er målt langs dei same skalaane let dei seg ikkje samanlikne⁵⁵. For å avgjere variablane sin relative verknad lyt vi difor studere dei standardiserte betakoeffisientane. Vi ser då at korruption, med ein beta på .372, er den variabelen med den største effekten på respekt for fysisk integritet, samanlikna med dei andre variablane. Dernest kjem befolkning (log) som har ein beta på -.344. den relative effekten av væpna konflikt er på -.276, medan den lågaste demokrati FH1 har den lågaste av betakoeffisienten, på .242. Vi ser at eit demokratisk regime har ein positiv effekt, med ein beta på .242.

For å finne ut meir om det mogelege multikollinearitetsproblemet knytt til variablane korruption og GDPpc (log) sette eg opp ein ny modell, der sistnemnde er inkludert, saman med dei fire signifikante variablane (ikkje vist). I denne modellen har toleranseverdiane for korruption og GDPpc (log) stege til over tre. Dette fortel at noko av multikollineariteten skuldast likskap med dei andre ekskluderte variablane. Den justerte forklarte variansen auka for denne modellen var uendra, i høve til endeleg modell (tabell 6.9). Endeleg vart variabelen GDPpc (log) i denne modellen verande klart ikkje statistisk signifikant, til tross for dei auka

⁵³ Ein F-test med tilhøyrande p-verdi på .000 synte at endringa er statistisk signifikant (ikkje vist i tabell).

⁵⁴ Dette er sjølv sagt intuitivt vanskelegare, sidan variabelen er basert på ei logaritmisk omrekning av eit lands befolkning, i absolutte tal.

⁵⁵ Demokrati FH1 og væpna konflikt er i prinsippet unntak, sidan begge er dummyar, og dermed målt langs den same "skalaen" (0 og 1).

toleranseverdiane. Dette støttar synet at variabelen GDPpc (log) ikkje er statistisk signifikant, fordi den faktisk ikkje har forklaringskraft, når vi tek høgde for korruption.

6.3.2 Interaksjonsmodellar

Hypotesane H2 og H3 er kondisjonelle. Dei føreset at effekten av korruption på respekten for fysisk integritet i sin tur er avhengig av arten til det politiske regime i det einskilde landet. H2 seier skil mellom demokratiske og ikkje demokratiske regime, medan H3 flyttar kuttpunktet, og skil mellom konsoliderte autoritære regime og andre (demokrati og "gråsoneland"). For å teste kondisjonelle hypotesar er interaksjonsmodellar passande (Brambor et al., 2006). Som vist i kapittel 5 er funksjonen for ein interaksjonsmodell:

$$Y = \beta_0 + \beta_1 X + \beta_2 Z + \beta_3 XZ + \epsilon$$

X syner til forklaringsvariabelen, medan Z representerer det kondisjonale forholdet. Produktet av desse, XZ, utgjer interaksjonsleddet. Forklaringa er her korruption, medan det kondisjonale forholdet er regime. I første interaksjonsmodell vil eg nytte variablen demokrati FH1 som kondisjonalt forhold. Denne har verdien "1" for demokratiske land og "0" for dei andre. Interaksjonsleddet vert slik produktet av variablene korruption og demokrati FH1. I andre interaksjonsmodell vil eg bytte ut demokrati FH1 med demokrati FH2. I denne variabelen er "gråsonelanda" flytte over til gruppa med dei demokratiske landa, med verdien "1", medan dei heilt ufrie landa står att i gruppa med verdien "0".

I første interaksjonsmodell vert det testa for effekten av korruption på respekt for fysisk integritet for demokratiske og ikkje demokratiske land.

Tabell 6.10 Interaksjonsmodell I – demokrati eller ikkje

	b	standardfeil	beta	p-verdi	toleranse
Konstantledd	9,797	1,102		,000	
Korruption	,416	,112	,409	,000	,170
Demokrati FH1	1,244	,530	,285	,020	,139
Interaksjonsledd 1	-,051	,129	-,072	,695	,060
Befolknings (log)	-1,004	,144	-,341	,000	,860
Væpna konflikt	-1,838	,328	-,276	,000	,845

N: 158 Modell R²: .688 Justert R²: .678 SEE: 1.234

Avhengig variabel: Respekt for fysisk integritet

Ein første kontroll av modellen syner at i høve til den endelige regresjonsmodellen (tabell 6.9) går ned med to promillepoeng. Modellen forklarer dermed mindre når vi inkluderer interaksjonsleddet, sjølv om endringa er liten. Vi ser vidare at toleranseverdiane for variablane korrupsjon, demokrati FH1 og interaksjonsleddet er svært låge, eit teikn på multikollinearitet. Dette er eit kjent problem med interaksjonsmodellar (Brambor et al., 2006). Ulike tiltak for å motverke dette har vore prøvd. Eit har vore å trekke gjennomsnittet frå kvart av dei konstituerande ledda. Pennings et al. kritiserer denne typen manipulering av data, og hevdar den ikkje løyser problemet (Pennings et al., 2006). Grunnen til dette er at multikollineariteten skuldast at interaksjonsleddet består av produktet av variablane X og Z. Informasjonen X og Z representerer er dermed tilstades på to plassar i analysen. Multikollinearitet er dermed ei naturleg følgje. Eit anna tiltak har vore å utelate eit av dei konstituerande ledda frå analysen. Dette vil bære skeivt av stad. Brambor et al. syner korleis det å utelate ein av dei konstituerande variablane vil gi direkte gale resultat (2006: 66-70). Deira råd er dermed å "include all constitutive terms when specifying multiplicative interaction models except in very rare circumstances" (Brambor et al., 2006: 66). I interaksjonsmodellar er multikollinearitet ikkje til å unngå, og noko vi lyt akseptere.

Vi kan ikkje lese marginaleffektane ut or tabellen over, noko som gjer at SPSS ikkje signifikanstestar sjølve marginaleffektane. I staden må vi rekne dei ut for kvar verdi av Z. Dersom vi set inn verdien "0" for Z og skriv om likninga over får vi effekten av korrupsjon i ikkje-demokratiske land, gitt ved:


$$Y = \beta_0 + \beta_1 X + \varepsilon$$

Om vi i staden set inn verdien "1" for Z får vi effekten for demokratiske land, gitt ved:

$$Y = (\beta_0 + \beta_2) + (\beta_1 + \beta_3)X + \varepsilon$$

Om vi så set inn beta-verdiane frå tabell 6.9 i likningane for vi desse effektane (sjå appendiks F):

Figur 6.1 Interaksjonsmodell I – Demokrati og ikkje-demokrati



Avhengig variabel: Respekt for fysisk integritet

Variablane er koda slik at ein aukande score på X-aksen betyr mindre korruption og på Y-aksen meir respekt for fysisk integritet. Figuren viser dermed at korruption er negativt for fysisk integritet innan begge typar regime. Grafen viser også at effekten er litt sterkare i dei ikkje-demokratiske landa. Skilnaden er likevel svært liten, noko som fortel at korruption har ein omrent like negativ effekt uansett. Saman med den vesle reduksjonen i justert forklart varians talar dette for at det har lite føre seg å inkludere dette interaksjonsleddet.

I neste modell er målet å undersøke skilnaden på konsoliderte autokrati og andre regime, når det kjem til kva effekt korruption har på respekten for fysisk integritet. Som Z i likninga brukar eg derfor variabelen demokrati FH2. Denne gir verdien "1" til demokrati og til "gråsoneland" medan verdien "0" er gitt til dei landa Freedom House klassifiserer som heilt ufrie. Demokrati FH1 er framleis inkludert, som ein av dei signifikante variablane.

Tabell 6.11 Interaksjonsmodell II – Konsolidert autokrati eller ikkje


	b	standardfeil	beta	p-verdi	toleranse
Konstantledd	8.358	1.159		.000	
Korrupsjon	.639	.167	.628	.000	.071
Demokrati FH2	1.600	.570	.321	.006	.147
Interaksjonsledd 2	-.298	.176	-.376	.093	.039
Demokrati FH1	.824	.265	.189	.002	.521
Befolkning (log)	-.947	.140	-.322	.000	.855
Væpna konflikt	-1.842	.319	-.276	.000	.838

N: 161 Modell R²: .709 Justert R²: .698 SEE: 1.195

Avhengig variabel: Respekt for fysisk integritet

I høve til den endelige regresjonsmodellen aukar forklart varians med nesten to prosentpoeng, til .698, når vi inkluderer dette interaksjonsleddet. Også her er toleranseverdiane for interaksjonsleddet og dei konstituerande ledda låge. Marginaleffektane er rekna ut på same vis som for førre modell (sjå appendiks F).

Figur 6.2 Interaksjonsmodell II – Konsolidert autokrati eller ikkje



Avhengig variabel: Respekt for fysisk integritet

Også denne grafen syner at korruption verkar negativt på fysisk integritet uansett regime. Til tross for at denne modellen synte ein liten auke i justert forklart varians, er det svært liten skilnad i effektane for dei to ulike regimetypane.

6.3.3 Føresetnader for regresjonsanalyse

Multipel regresjonsanalyse byggjer på fire antakingar. Desse er at (1) fenomenet er lineært, at vi har (2) konstant variasjon i feiltermene eller homoskedastisitet, at (3) feiltermene er uavhengige og (4) normalfordelte. Den vanlegaste måten å kontrollere desse antakingane er ”Plotting the residuals versus the independent or predicted variables” (Hair et al., 2006: 205). I multivariate modellar brukar ein gjerne den avhengige variabelen, sidan den representerer effekten av heile variatet. Appendiks D og F syner dette plottet før høvesvis den endelege regresjonsmodellen (tabell 6.9) og dei to interaksjonsmodellane. Eit null-plott vil indikere at alle antakingane er møtt (Hair et al., 2006: 205-207). Dei tre plotta er svært like, og liknar alle dette nullplottet. Dei avviker likevel noko, i retning av eit diamantforma plott. Dette tyder på at meir varians er venta i midten av feilermen, og eit brot med homoskedastisitetsantakinga. Avviket frå nullplottet likevel lite. Eg har også lagt ved histogram for dei tre residualane. Desse syner god normalfordeling for alle modellar (Appendiks D og E). Alt i alt reknar eg føresetnadane for multipel regresjonsanalyse for å vere møtt.

6.4 Drøfting av resultat

Desse analysane har undersøkt årsaker til landvis variasjon i respekten for fysisk integritet. Resultata har vist at dei interaksjonsmodellane som er undersøkt over har lite for seg. Dei endelege resultata er difor dei som er rapportert i tabell 6.9. Basert på den, kan funna i denne undersøkinga oppsummerast slik:

Tabell 6.12 Oppsummering av resultat

Variabel	Verknad på respekt for fysisk integritet
Korrupsjon	Meir korruption fører til mindre respekt for retten til fysisk integritet. Effekten er ikkje avhengig av regime.
Demokrati	Dess meir demokratisk regime, dess større respekt for retten til fysisk integritet.
Befolkningsstorleik	Dess større befolkning, dess større sjanse for at retten til fysisk integritet vert krenka.
Væpna konflikt	Væpna konflikt aukar sjansen for at retten til fysisk integritet vert krenka.

Undersøkinga støttar tidlegare funn om at demokrati har ein positiv innverknad på respekten for fysisk integritet. Resultata er også i tråd med tidlegare funn om at større befolkningar og

eksistensen av væpna konfliktar reduserer respekten for fysisk integritet. Variablane etnisk fraksjonalisering, militærregime, årleg befolkningsvekst og årleg vekst i GDP, som tidlegare studiar antyder har forklaringskraft, synte seg ikkje å vere statistisk signifikante i nokon av analysane her. I den endelege modellen var heller ikkje GDPpc (log) statistisk signifikant.

6.4.1 Test av hypotesar

Målet med desse analysane har vore å teste tre hypotesar om forholdet mellom korruption og respekten for fysisk integritet. Desse hypotesane er:

H1: Korruption fører til brot på menneskes rett til fysisk integritet

H2: Korruption vil ha ein positiv eller mindre negativ effekt på respekten for fysisk integritet i statar som ikkje er demokratiske.

H3: Korruption vil ha ein positiv eller mindre negativ effekt på respekten for fysisk integritet i konsoliderte autokrati, enn i andre statar.

Framgangsmåten har vore å teste H1 gjennom regresjonsanalyser av årsakene til variasjon i respekten for fysisk integritet, medan eg gjennom å legge til interaksjonstermar for regime har teste H2 og H3.

Hypotese 1

Analysane gjev støtte til H1. Variabelen korruption synte seg statistisk signifikant både i den bivariate og dei multivariate regresjonsanalysane. Dei multivariate analysane er bygd opp slik at dei tre første modellane testa effekten av variablar som litteraturen om fysisk integritet foreslår. I analysane vart fire av desse variablane funne statistisk signifikant. Eit meir demokratisk regime og høgare GDP per innbyggjar vil verke positivt på respekten for fysisk integritet. Samtidig som større befolkning og det å oppleve ei væpna konflikt vil verke negativt. Dei tre modellane måler demokrati på tre måtar. Analysane syner at både skalavariabelen frå Polity og den dikotome demokrativariabelen, basert på Freedom House, er statistisk signifikant, i høve til å forklare respekt for fysisk integritet. Også ein dummyvariabel som skil ut dei mest autoritære statane (modell III) synte seg signifikant. Sjølv om alle variablane synte at eit meir demokratisk regime verkar positivt, synte den dikotome

variabelen i modell I den største substansielle effekten av dei tre (beta på .309). Variablane for økonomisk vekst, befolningsvekst, militærregime og etnisk fraksjonalisering hadde ingen signifikant effekt i nokon av modellane.

Å inkludere variabelen korruption i modellen, førte til ein auke i justert forklart varians. Variabelen synte seg i tillegg statistisk signifikant. Dette vitnar om at korruption har forklaringskraft i høve til respekt for fysisk integritet. Når ikkje-signifikante variablar vart ekskludert sat vi att med ein endeleg modell beståande av variablane demokrati, væpna konflikt, befolningsstorleik og korruption. Av desse hadde korruption den største substansielle effekten, med ein betaverdi på .372. Igjen er det viktig å peike på at ein positiv koeffisient ikkje tyder at korruption er ein god ting for menneskerettane. Variabelen er koda slik at landa med minst korruption ('best performance') får den høgaste scoren, og *vice versa*. Modellen som heilskap synte ein justert forklart varians på .68. I samfunnsforsking er dette å betrakte som høgt. Når ein også tek med at modellen består av berre fire variablar, står dette fram som ei god forklaring på kvifor respekten for fysisk integritet varierer.

Å inkludere korruption førte ikkje berre til at modellens forklaringskraft auka. Variabelen GDP per innbyggjar var ikkje lenger signifikant. Under normale omstender er dette eit teikn på at denne variabelen ikkje har forklaringskraft, når vi tek høgde for korruption. Her er likevel grunn til varsemd. Dei to variablane synte låge toleranseverdiar, noko som tyder på multikollinearitet. Dei to variablane korrelerte også høgt med kvarandre. Multikollinearitet kan påverke ein variabels signifikansnivå, og slik vere skuld i at variabelen for GDP per innbyggjar ikkje lenger var signifikant, når korruption vart inkludert. Eg undersøkte dette nærmare ved å inkludere variabelen, men ekskludere alle dei andre insignifikante variablane. Denne modellen synte høgare toleranseverdiar, medan variabelen GDPpc (log) framleis ikkje var statistisk signifikant. Alt i alt held eg det for sannsynleg at denne variabelen ikkje har forklaringskraft, når vi tek høgde for korruption.

Hypotese 2

Analysane støtta ikkje H2. Eg ville teste dette ved å inkludere eit interaksjonsledd som skilde mellom demokrati og ikkje demokrati. Dette gjorde ikkje modellen betre, men førte heller til ein svak nedgang i justert forklart varians. Grafane som syner dei utrekna marginaleffektane (figur 6.1) syner heller ikkje nokon særleg skilnad mellom demokrati og ikkje-demokrati når det kjem til kva effekt korruption har på respekten for fysisk integritet. At grafen for ikkje-

demokrati er litt brattare enn den for demokrati tyder på at om det er nokon skilnad så har korruption mest negativ effekt i ikkje-demokrati, stikk i strid med H2. Sidan interaksjonsleddet auka modellens forklaringskraft og SPSS ikkje gjev rom for å signifikansteste marginaleffektar i interaksjonsmodellar, gjev analysen mest støtte til å påstå at der ikkje er skilnad mellom demokrati og ikkje-demokrati i effekten korruption har på respeksen for fysisk integritet.

Hypotese 3

Analysane støtta heller ikkje H3. I interaksjonsmodell II vart kuttpunktet mellom regimetypane flytta, slik at det var dei mest autoritære, konsoliderte autokrati, som vart skilt ut. Dette interaksjonsleddet førte rett nok til ein liten auke i modellens forklaringskraft. Skilnaden i marginaleffektane for dei to regimetypane (gitt ved hellingsvinkelen til dei to grafane i figur 6.2) var likevel så liten at det ikkje gjev rom for å hevde at effekten av korruption i annleis i konsoliderte autokrati, enn i meir demokratiske regimetypar.

7 Avsluttande diskusjon og frampeik

7.1 Konklusjon

Problemstillinga for denne oppgåva er todelt. Første spørsmål er kva for effekt korruption har på ein stats respekt for borgarane sin fysiske integritet. Hypotese 1 hevda at korruption fører til lågare respekt. Andre del spør om denne effekten i så fall er avhengig av arten til det politiske regime i landet. Hypotese 2 hevda at effekten ville vere negativ i demokrati, men positiv eller i det minste mindre negativ i ikkje-demokratiske statar. Hypotese 3 hevda at effekten ville vere negativ i både demokrati og ”gråsoneland”, men at den ville vere positiv eller i det minste mindre negativ innan konsoliderte autokrati. Den empiriske undersøkinga støttar hypotese 1, men avviser hypotese 2 og 3. Resultata er eintydige på at korruption er negativt for respekten for fysisk integritet, og at denne effekten ikkje er avhengig av arten til det politiske regime.

7.2 Samfunnsmessige implikasjonar

Dette har konsekvensar for dei som arbeider med å promotere menneskerettane og å nedkjempe korruption. Organisasjonen International Council on Human Rights Policy starta i 2007 eit prosjekt som søkte å utforske samanhengen mellom korruption og menneskerettar.

Eit formål var:

”... to assist organizations that prosecute or support anti-corruption policies to apply human rights effectively to strengthen their programmes; make human rights bodies and mechanisms more accessible to those who work to end corruption; and make anti-corruption methods and practices more accessible to human rights advocates” (ICHRP, 2009).

Tanken er at ein kan styrke både anti-korruptionsarbeid og menneskerettsarbeid dersom ein finn ut meir om samanhengen mellom dei to fenomena. Dersom det er eit årsaksforhold talar det for at dei to frontane kan gjere felles sak, og dermed stå sterkare. Denne undersøkinga gjev støtte for å hevde at anti-korruptionsarbeid er menneskerettsarbeid og *vice versa*.

7.3 Forskingsmessige implikasjonar

Oppgåva er delvis framstilt som ein kritikk mot to eksisterande forklaringsmodellar for variasjon i respekten for fysisk integritet (Davenport & Armstrong, 2004; Poe, 2004). Desse modellane sitt einsidige fokus på regime som ein einskapleg og rasjonell aktør, har gjort det vanskeleg å inkorporere korruption i forklaringane. Funna i denne undersøkinga talar for at modellane bør omarbeidast, til også å kunne inkludere korruption, som ein forklaringsvariabel. Mitt forslag, som eg argumenterer for i kapittel 4, byggjer på ei reformulering av Davenport og Armstrong sin modell. Den handlar om eit regime sin kapasitet til undertrykking, kva forhold som gjer undertrykking hensiktsmessig, og kva forhold som står i vegen for slik aktivitet. Dersom vi i staden fokuserer på staten som ei mengd agentar, kan vi identifisere dei same variablane for kvar agent. Min påstand, som er konsistent med resultata i denne oppgåva, er at korruption vil (1) gjere det meir lønnsamt og (2) lettare, i form av mindre kontroll, for ein statleg agent med valdskapasitet, å bruke denne kapasiteten til undertrykking. Korruption fører derfor til mindre respekt for retten til fysisk integritet.

Denne undersøkinga er eit lite steg i å kartlegge forholdet mellom korruption og retten til fysisk integritet. Ved å rette undersøkinga inn mot eit brent utval, med så mange land som mogleg, peikar resultata på ei global trend. Likevel står sjølvsagt mykje att å finne ut. Ei første innvending mot desse funna er at dei er basert på data frå eitt år. Med tida går dette an å rette på. Transparency International og Verdsbanken sine indeksar for oppfatta korruption vert meir omfattande for kvart år (Kaufmann et al., 2008; TransparencyInternational, 2008a). Det vil etter kvart gjere det lettare å gjennomføre undersøkingar som testar samanhengen over tid. Dette vil ikkje berre styrke kunnskapen om samanhengen, ved å sjå om effekten varer over tid. Sidan det eingong er slik at årsaker kjem før verknader, vil framtidige tidsserie- og panelundersøkingar gjere oss meir visse på at samanhengen faktisk er ein årsakssamanheng. Tidsseriar har også den fordelen at det aukar talet på observasjonar. Dette vil gjere det lettare å undersøke samanhenger i avgrensa geografiske område.

Ein kritikk mot dei fleste undersøkingar vil vere at ikkje alle moglege forklaringar er tekne med, såkalla 'omitted variable bias'. Denne undersøkinga har relativt få variablar, men syner samtidig relativt høg forklaringskraft. Det kan likevel ikkje utelukkast at nye forklaringsvariablar vil påverke dei resultata som er komne fram her.

Teorien bak denne undersøkinga set opp ein del spesifikke mekanismar, medan den empiriske undersøkinga skjer på eit overordna landnivå. Kausale mekanismar handlar meir om korleis noko verkar, enn kvifor (Elster, 1998). Resultata her gjev god grunn til å undersøke korleis denne samanhengen verkar. Kvifor forklarer til dømes korruption meir av variasjonen i respekt for fysisk integritet, enn variabelen væpna konflikt, gitt alt vi veit om krigens valdelege natur? Det er nærliggjande å tenke seg at fenomena kan verke på ulik måte. Om mekanismane bak verknaden av korruption finns alt ein god del kvalitativ forsking, mellom anna om valdsbruk i politiet og om reine rovdyrstatar (jamfør kapittel 4). Ein veg vidare vil vere å rette slike undersøkingar meir spesifikt inn mot samanhengen mellom korruption og respekt for fysisk integritet. Aktivistar og personar med feltefaring når det gjeld anti-korruption- og menneskerettsarbeid vil vere potensielle informasjonskjelder her.

